

Dei lange linjene i USA sin geo-politikk

Innleiing

For å forstå kva som skjer i verda no må vi i ha grep på nokre vesentlege saker. Vi må ha grep på dei grunnleggande trekka i Kina sin utanrikspolitikk og rolla til den alliansefrie rørsla i verda, om dei lange linjene i USA-England sin utanrikspolitikk og om rolla til det humanitær-industrielle komplekset i verda. Eg har skrive noko om alle desse felta tidlegare, men her skal eg ta for meg dei lange linjene i USAs utanrikspolitikk i noko meir detalj. Eg har skrive ein god del om dette før. Du kan lese om det [her](#) og [her](#).

Dette er ei historie eg har studert i rundt 55 år, først som amatør og etter et tok hovudfag i historie i 1972 (som resulterte i boka [De tjente på krigen](#), 1974), med akademisk stempel. Eg har lese dusinvis av bøker og hundrevis med artiklar om emnet og sjølv skrive ein god del om det tidlegare. Dette er derfor ikkje noko lettbeint produkt.

Historisk er det viktig å hugse på at USA har overtatt etter Spania, Portugal, Holland, Frankrike og England som den store geo-imperialistiske makta i verda. Heile denne tida kan vi kalle den [columbiske epoken](#), eller, som nokre og seier, atlantismen. Columbismen er eit omgrep som blei skapt av den store engelske geo-imperialisten Halford Mackinder som vi skal komme tilbake til. Det har også blitt brukt av Noam Chomsky og Domenico Losurdo med fleire. USA er det siste leiande columbiske (atlantiske) landet og fører vidare heile tradisjonen frå [Columbus steig i land på øya dei kalla Hispaniola i 1492](#), frå oversjøisk imperia vart kriga fram, og fram til i dag der systemet framleis finnast, under leiing av USA. Columbismen er ein tradisjon som går ut på dei «kvite» overklassane i dei transatlantiske landa og deira settlarstatar rundt om i verda skal ha globalt overherredømme og utnytte heile kloden til sitt eige beste med alle dei middel det krev.

Egentleg var det Marx som først skreiv om dette då han omhandla den opphavlege akkumulasjonen som førte til full utvikling av kapitalismen i kapittel 24.6 i først bind av *Kapitalen* som kom ut i 1869. I heile kapittel 24 skriv han om dei to grunnleggande momenta i framveksten av moderne kapitalisme. Det eine var skaping av ein arbeidarklasse ved å ta frå bønder/handverkarar jorda og arbeidsreiskapen, slik at dei måtte begynne så selje arbeidskrafta si for å få tak i livsmiddel. Det andre var dei oversjøiske imperia der det sentrale var å utrydde og/eller ta makta over dei som budde der og så unytte både dei og landet deira til beste for «moderland».

Mitt syn er at dette framleis er grunnleggande trekk ved den moderne kapitalismen, og at dei leiande «moderland», no med USA i spissen slås med alle middel for å halde oppe begge systema – utbyttinga av arbeidarklassen i eigne land og utbytting av verdas undertrykte land og folk. Det systemet som no er under mest press er det moderne kolonisystemet. Dei folka og nasjonane som har vore og er undertrykt og utbytta av dei «kvite» «moderland» er no i kraftig rørsle for å kvitte seg med heile systemet og opprette ei verd med likeverdige statar som kan samarbeide ut frå det verkelege innhaldet i FN-pakta og dei fem prinsippa for fredeleg sameksistens.

Kolonisystemet var det sentrale momentet i epoken etter 1492. Det Marx ikkje kunne vite var at dette systemet heldt seg formelt til rundt 1960 og så gjekk over i ei anna form med det vi kallar nykolonialismen som varer framleis, men som no er under sterkt press. Så denne epoken som representerer tida med dei «kvite» overklassane sine oversjøisk imperia viser nett til denne undertrykkinga og utbyttinga av folk og nasjonar over heile verda til beste for desse overklassane. Og nokre smular har og falle på underklassane, medrekna arbeidarklassen i dei columbiske

«moderlanda». Utvandring og utbytting av dei ikkje-columbiske landa har vore viktige moment for å halde motseilinga mellom borgarskap og arbeidarklasse i «moderlanda» innan ikkje-revolusjonære rammer.

Det viktigaste trekket i columbismen er å få kontroll med land og område utanfor det columbiske kjerneområdet. Det blei skapt oversjøiske imperia i stor målestokk for første gong i verdshistoria og det har prega verda sidan. Vikingane sine avleggarar i Ukraina, England og øyene nord for Storbritannia var ei forsmak på dette. Dei begynte til og med eit forsøk på kolonisering av det amerikanske kontinent. Det er dei som meiner at vikingane sitt ethos prega deler av den engelske måten å vere og handle på, og at dette også var eit moment i aggressiviteten i den engelske imperiebygginga. Dette er ikkje så usannsynleg ut frå at den engelske overklassen faktisk hadde sterke innslag frå Normandie som var vikingane sin del av Frankrike.

Hovudmålet for leiarane i dei columbiske kjernelanda under heile den ettercolumbiske tida har vore å omdanne økonomien der slik at han tener dei columbiske kjernelanda. Metodane er krig, folkemord, rov og utarming, utbytting og fattigdom, undertrykking og umenneskeleggjering.

Den grunnleggande columbiske ideologien er at dei columbiske kjernelanda er overlegen resten av verda og at dei columbiske metodane trengs for å gjere verda betre. Alle som motsett seg dette må finne seg i å bli slått ned. Dei er dei «vonde», «fienden». Difor framstiller dei columbiske leiarane alltid columbismen som noko svært godt, mens han er grunnleggande rasistisk og grueleg under eit ytre bilet av velvilje og humanisme. Dei som ikkje vil finne seg i å bli underlagd det columbiske systemet blir systematisk svartmala, og særleg i tider då dei columbiske maktene planlegg og gjennomfører store angrep på dei. I dag blir dei columbiske ugjerningane gjerne skjult under slagorda «fridom og demokrati» og «fri marknad». Tidlegare har omvending til den vestlege religionen vore sentral og tanken om «den kvite mannen sin byrde».

Columbismen er imperialistisk i si indre kjerne. Han har utvikla seg historisk frå «oppdagings-» og erobringstida, over kolonitida og den moderne imperialismen og nykolonialismen. Dei seinaste leiande columbiske statane har vore England og USA. England hadde oppretta sitt fullstendige verdsherrelde i 1815 etter Napoleonskrigane. På slutten av 1800-talet gjekk Tyskland forbi England i produksjon og teknologi. Då dei greip etter overherredøme i Europa med moglegheit for å ta fleire koloniar førte det til 1. verdskrig. I same periode var det ei stor industriell utvikling i USA som etter kvart blei den dominerande industrimakta i verda. Etter dei store verdskrigane var England sterkt svekka og USA svært styrka og dei tok over hegemoniet, mens England blei ein viktig juniorpartner som hjelpte USA med å utvikle herskarteknikkane og -metodane sine. Det er viktig å vere klar over at England frå først av styrte i settlarlanda USA, Canada, Australia og New Zealand. I alle desse landa vart det utførd folkemord på den opphavlege folkesetnaden og landet deira ble offer for engelsk aggresjon, dvs. fiendtleg og valdeleg inntog på områda til andre land og folk. England begynte alle desse folkemorda som så blei overtatt av den nye engelske overklassen i settlarlanda.

Dei ikkje-columbiske, undertrykte landa og folka har heile tida kjempa mot columbismen, men har stadig blitt slått ned eller blitt overtatt att. Frå 1917 blei det oppretta ein sterk anti-columbisk makt som heldt USA og vasallane i sjakk, Sovjet-Unionen. Denne motstanden styrka seg med Sovjet-Unionen sin siger i 2. verdskriga, opprettninga av Folkerepublikken Kina og det uavhengige Cuba pluss motstand mot columbismen over store delar av verda.

Då Sovjet-Unionen blei oppløyst i 1991 og Kina framleis var svakt steig USA opp som den første makta i verda som verkeleg kunne få fullt verdsherredømme – ei einaste leiande verdsmakt. Men for

å klare det måtte dei ha kontroll med det eurasiske kontinent. Dei utforma derfor ein strategi for å klare dette, og den held dei framleis beinhard fast på sjølv om det økonomisk-politiske grunnlaget for å lukkast ikkje lenger er til stades med framveksten av eit økonomisk mektig Kina og eit Russland som reiv seg ut at av USA sin dominans litt ut på 2000-talet, under leiing av Putin. Frå då av var han og Russland «vond».

I USA trudde dei lenge at dei ville få kontroll med Kina fordi landet opna opp for store investeringar frå dei. Dei tenkte nok at dei kontrollane som Kina hadde med kapitalen ville forsvinne etter kvart. Men då Xi Jinping kom til makta i 2012 blei det etter kvart heilt klart at kontrollen med utanlandske kapital blei skjerpa og Kina lanserte målet med å bli ein velståande, sosialistisk stat innan 2049. Då dei sette dei gang prosjektet med dei nye silkevegane (Belt and Road) og utvida handel og samkvem med mest alle land verda og særleg med statane langs den gamle Silkevegen blei dei ein øydeleggande trussel mot USA sin verdsdominans. USA var då faktisk allereie spelt ut økonomisk for nokre år sidan. Etter kvart blei dei einaste moglegheitene USA hadde for å erobre tilbake verdsherreveldet sitt, undergraving, regimeendringar og krig. For å få til dette prøver dei å få dei andre transatlantiske statane, som dei faktisk ser på som sine vasallar, med på leiken.

Dei krigshandlingane som vi no ser i Ukraina står derfor om mykje større saker en om Ukraina sjølv. Det står nok om USA skal få fortsette løpet sitt for å sikre eit røte verdsherreveldet som etter 2. verdskrigen har ført til ei uendeleg rekke av lidingar for undertrykte land og folk over heile verda, og for USA sine vasallar sjølv. Men ikkje nok med det.

Den kampen vi ser i Ukraina er den columbiske verda sin proxy-krig for å halde på heile det columbiske systemet med «kvite» verdsherskarmakt. Og dei «kvite» columbiske leiarane, saman med andre USA-dominerte statsleiingar, følgjer med og prøver å mobilisere heile den «kvite» verda til innsats mot dei «vonde» anti-columbiarane. Difor er det viktig å tenke seg nøyne om når ein tar stilling her. Vi må gjerne beklage Russland sin aggressjon, slik eit fleirtal av statane i FN gjorde (men likevel statar med berre rundt 46 % av folkesetnaden i verda), men å nekte å sjå heile biletet og den historiske bakgrunnen for det som skjer, gjer gjerne av vi kjem på feil side av hovudmotseiinga i verda, nemleg i kampen mellom den «kvite» columbiske verdsdominansen og dei som vil rive seg ut av denne.

Vi gjer ei underordna motseiing til hovudmotseiinga, slik vi faktisk ofte gjer når noko verkar sterkt kjenslemessig på oss. Så tar vi parti for den eine sida i denne underordna motseiinga utan å tenke på kva side i hovudmotseiinga den sida vi har tatt parti for høyrer til. Ut frå den underordna motseiinga ser det ut som Ukraina, leia av Zelenski, er den som bli angripen og treng støtta vår, men ut frå hovudmotseiinga er Zelenski ein marionett for USA og deltar i USA sitt spel for verdsherredømme, eit spel som krev at dei russisktalande i Ukraina blir forfølgde og kriga mot, og som krev regimeskifte i Russland. Desto meir direkte USA/NATO går inn med våpenstøtte, desto klarare blir dette.

Difor vil ein verkeleg fredspolitikk vere å stanse det aggressive USA sin kamp for verdsherredømme og regimeskifte i Russland, slik dei har klart i Ukraina, og å følgje oppmodinga frå FN om å bruke alle middel for å få stans i krigshandlingane snarast mogleg og få ei rimeleg ordning for dei undertrykte russisktalande serbarane i aust og ei fjerning av den amerikanske trusselen mot Russland og verda elles.

Men la oss sjå på heile den aggressive historia til USA. Den forklarar kvifor USA har gått i spissen for å hindre at Minsk-avtalene blei sett ut i livet og kvifor dei har gått inn for å sende våpen inn i Ukraina for å forlenge krigshandlingane så lenge som mogleg, i staden for å gå for løysingar som låg i Minsk-avtalene. Og det forklarar at dei har lært opp nazibandar i Ukraina til militære einingar, køyrt inn

våpen i store mengder og lært opp ukrainske hæravdelingar til NATO-standard. Det blir ein lengre gjennomgang. Men dei som trur dei kan forstå kva som skjer i verda utan å kjenne historia vil stort seg velje feile løysingar på konfliktane vi ser. Eg har skrive eit [tidlegare notat](#) om dette.

Tidleg historie

Før 1776 var USA ein del av England. Det vil seie at det var engelske undersåttar som gjennomførte den første delen av folkemordet mot indianarane og Parlamentet i England var ansvarleg. Det same gald elles både Australia, New Zealand, Canada og Sør-Afrika.

Sidan «[The Glorious Revolution](#)» i 1688-89 hadde alle engelskmenn, på begge sider av Atlanterhavet, sett på seg som stolte innbyggjarar av eit kongedøme, kanskje det einaste i universet, der fridommen for borgarane var det einaste synspunktet og det endeleg målet for dei grunnleggande lovane. Til og med franskmannen Montesquieu skriv då om England som ein nasjon der det direkte målet for Grunnloven er den politiske fridommen og at England då, utan unnatak, var det friaste landet i verda. Han skriv at England berre har skapt koloniar over alt i verda for å utvikle handel, ikkje dominans. Dei hadde gitt folka i koloniane si eiga regjering og denne regjeringa hadde opparbeida seg stor rikdom og ein kunne sjå korleis eit stort folk blei skapt sjølv i dei skogane der dei slo seg ned. Amerika/seinare USA var tydelegvis det han tenkte på.

Det var med denne ideologien England førte [Sjuårskrigen](#) (1756-1763) der dei kasta Frankrike ut av deira område i Nord-Amerika, blei den leiande stormakta og la grunnlaget for sin dominans i verda. Denne krigen var ein del av det som er blitt kalla Den første verdskrigen og Den andre hundreårskrigen. Han varte meir og mindre aktivt til 1815 då England saman med ein allianse av fleire statar vann over Napoleon. Frå då av var England den uomstridde, dominerande makta i verda, men utan å kunne legge andre stormakter under sin dominans.

Men dette hadde ei stor, svart bakside. Under denne fridomsparaplyen fortsette ikkje berre folkemordet på indianarane, men også slaveriet. Dei leiande kolonistane her var nokre av dei som priste den nemnde fridommen i England (som dei sjølv då var ein del av) og omtala franskmennene som dei slost mot som brutale og despotiske og tilhengrarar av pavekyrkja. Då dei hadde kjempa seg til nasjonal fridom i 1776 førte dei vidare denne ideologien og Erklæringa om uavhengigheit la vekt på politisk fridom for innbyggjarane og demokrati.

Men den svarte undersida følgde med: [folkemord](#) og slaveri. Virginia, som spelte ein hovudrolle i den amerikanske revolusjonen, hadde 40 % av slavane i landet. Og i 32 av dei 36 første åra i den nye staten var det slaveeigarar frå Virginia som var presidentar. Denne slavestaten fostra USA sine beste menn. Vi kan berre nemne George Washington, James Madison og Thomas Jefferson. Alle var slaveeigarar. Sistnemnde skrev Erklæringa om fridom og den føderale grunnloven av 1787. Det svært lukrative slaveriet, som gjorde mogleg den industrielle revolusjonen i England (bomullsproduksjon), varte til 1865 i USA, sjølv om det tok eit år til før det blei avskaffa i «indianarterritoriet», no Oklahoma.ⁱ

Den borgarlege historikaren, Wolfgang Reinhart, skriv også i sitt monumentale verk på 1650 sider frå 2015 *Die Unterwerfung die Welt – Globalgeschichte der Europäischen Expansion 1415-2015 (Underkastinga av verda – verdshistoria om den europeiske ekspansjon 1415-2015)*, at dette demokratiets og denne fridommens imperium leid under eit dobbelt fridomsparadoks. Den grenselause økonomiske fridommen førte til at sterke økonomiske aktørar samla opp fridommen hos seg, mens dei andre deltararane i marknaden fekk fridommen sin avgrensa eller til og med heilt avskaffa. For det andre er det politisk vanlig og, etter det dei seier, unngåeleg å avgrense eller avskaffe den politiske fridommen for å sikre *den frihetlig-demokratiske grunnordenen*.ⁱⁱ

Desse to tendensane har levd både blant leiarane av det engelske imperiet og det amerikanske. Det er ein svært farleg kombinasjon for det gir ei menneskevenleg overbygning over alle dei verste av dei verste brotsverka i verda.

Det er også slik at England, etter at USA overtok verdshegemoniet, har hengt seg på USA for å halde oppå så mykje som mogleg av innflytinga si, og dei to har køyrd eit stor sett felles løp i svært mange saker. Dei har også prøvd å halde gamle dominions, som Canada og Australia med på dette, saman med New Zealand. Dette ein slags angloamerikansk kjerne i columbismen og den moderne imperialismen i dag. Eit av desse felles løpa har vore å svekke og om mogleg kjempe ned alle makter som har utfordra hegemonet deira. Dette viser seg også gjennom at ein av dei store engelske geo-imperialistane, [Halford Mackinder](#), har vore kanskje den viktigaste inspirasjonen for geo-politikken til USA. Det var tilfelle særleg frå tida under 2. verdskrigen då USA la opp sin geo-imperialistiske politikk for etterkrigstida. Det blei forsterka under president Carter og fekk ein stor renessanse då Sovjet-Unionen gjekk i oppløysing, med eit ekstra tilskott i høve terroren mot World Trade Center i 2001. Det har fortsett under Obama og fram til i dag under Biden, men no kan det sjå ut til at dei ikkje lenger klare å fortsette denne geo-imperialismen sin utan å få til fleire krigar og moglegvis ein verdskrig.

Omgrepet aggressjon

Professor i rettsvitenskap, med spesialkompetanse på nasjonal og internasjonal strafferett, Ståle Eskeland har gått nærmere inn på dette omgrepet i den utmerka boka si *De mest alvorlige forbrytelser*, 2011. Der omhandlar han sju artar brotsverk under slekta dei mest alvorlege brotsverk. Det er først aggressjonsbrotsverket som er den mest alvorlege arten av denne familien med brotsverk. Grunnen til at aggressjonsbrotsverket, som består i å starte ein krig, er den mest alvorlege, er fordi dette brotsverket legg grunnlaget for at andre av dei mest alvorlege brotsverk kan bli utført på begge sider. Nürnbergdomstolen karakteriserte aggressjonsbrotsverket Crimes against Peace slik: «*Å begynne en aggressjonskrig ... er ikke bare en internasjonal forbrytelse; det er den ytterste internasjonale forbrytelse ved at den skiller seg fra andre krigsforbrytelser da den inneholder i seg den oppsamlede ondskap av det hele.*»

Aggressjonsbrotsverket er altså at ein stat A treng inn på ein framand stat B sitt territorium med vald utan at stat A har vore angripen først, eller det er rimeleg grunn til å vurdere det slik at stat B er i ferd med å gjere klar til eit nokså snarleg angrep på stat A. (Sjå punkt 51 i FN-pakta.)

USAs historie er ei lang rekke aggressjonsbrotsverk

Det første utgangspunktet for å forstå USA si stilling i verda og synet på andre folk og nasjonar, er at USA er skapt gjennom dette alvorlegaste av alle alvorlege brotsverk: aggressjonen, det vil altså seie fiendtleg inntrenging på andre folk og land sine område. Og vi skal sjå at dette har fortsett fram til i dag. Den aggressjonen vi snakkar om her tok til kort tid etter at dei første engelske settlarane kom til USA. Frå rundt 1650 til 1890 vart landet stort sett rydda for dei folka som budde der før settlarane kom. Ein reknar med at rundt 98 prosent av den opphavlege folkesetnaden blei fjerna. Restane av den opphavlege folkesetnaden blei «konsentrerte» i reservat av inntrengarane. Og der finn vi mange av dei framleis. Som Eskeland seier så opna denne metoden for alle andre alvorleg brotsverk.

Settlarane sin aggressjon tok form av folkemord. Dette brotsverket kjem først på lista over dei mest alvorlege brotsverka, etter aggressjonsbrotsverket. Det neste alvorlege brotsverket i rekka er brotsverk mot menneskeheita. Det er utbreidd eller systematisk angrep på sivile som tener til å fremje ein stats eller ein organisasjons målsetting med å foreta slike angrep. Så kjem det store området krigsbrotsverk. I det vesentlegaste er det handlingar som skadar folk og eigedom meir enn

de som er heilt naudsynt i ein krigssituasjon. Dei er nedfelt i Roma-vedtekten som reknar opp 50 ulike handlingar under krigsbrotsverk. Ei undersøking vil vise at mest alle, om ikkje alle desse blei brote då settlarane erobra landet som blei USA. Så kjem tortur som USA brukte både under innetrenginga si landet til indianarane og videre frametter gjennom andre aggresjonar. Så har vi terror, det vil seie tiltak for å skape frykt i eit folk, til dømes massakrar, bombing av sivile område (terrorbombing), og andre handlingar som skaper frykt. I USA var det mange massakrar på indianarane. Den mest kjende er den ved Wounded Knee i 1890 som var den siste. Til slutt har vi bruk av masseøydeleggingsvåpen. Det finst ei stor mengd prov på at dei fleste av desse alvorlege brotsverka blei utført under krigen mot dei opphavlege folka på området som blei USA.

Det tyder at eit grunnleggande trekk i USA sin politikk då staten blei oppretta er aggresjonsbrotsverk og andre av dei aller alvorlegaste brotsverka.

Så er USA, i ein viktig periode, bygga opp på arbeidet til slavar frå Afrika eller etterkommarane deira. Dette har også prega USA-samfunnet sterkt heilt fram til no. Her kjenner dei fleste til sakene, så eg seier ikkje så mykje om det. Vi må også nemne at det bygga på innvandrande settlarar som altså tok landet frå dei som budde der frå før og på armear av innvandra arbeidarar som blei opplærte til å sjå ned på indianarane og slavane og etterkommarane deira. Ku Klux Klan var ei typisk uttrykk for dette. Noko må vi likevel kommentere. Under den amerikanske frigjeringskampen mot 1776 mot England argumenterte leiarane for denne kampen ut frå at England ville gjere folk i USA til deira slavar fordi Parlamentet i London gjorde vedtak om pålegg av skattar i Amerika utan at amerikanarane hadde noko dei skulle sei. At dei sjølv hadde slavar var ikkje noko å snakke om.

Den djupe rasistiske kulturen i USA som inspirasjon for Hitler

Det tyder at eit grunnleggande trekk i USA er rasisme. Vi skal sjå litt meir på nokre fakta om det, også nokre som ikkje er så godt kjende og som amerikanarane helst vil halde skjult. Slavesystemet i USA varte altså stort sett til etter borgarkrigen 1861 til 1865. Slaveriet var basert på ein svært rasistisk ideologi. Etter krigen kom mange av dei gamle slavehaldarane frå sørstatane inn i Kongressen og Senatet og det blei vedtatt rasediskriminerande lover for heile USA. Det var desse det var opprør mot på 1960-talet. Når det galdt innvandringspolitikken var den prega av rasistiske bestemmingar frå 1924 og fram til 1936. Pådrivaren for denne loven var Madison Grant som i høve loven sa at «I siste liten har vi stengd att for å hindre at vår nordiske folkesetnad blir invadert av dei lågare ståande rasane.ⁱⁱⁱ Han føydde til dette var «eit av dei viktigaste stega i vårt lands historie».

Før 1. verdskrig hadde den tyskfødde antropologen Franz Boas gjort viktige undersøkingar om forskjellar og likskapar mellom dei forskjellige folkesлага som immigrerte til USA. Han hadde, mot si eiga overtyding, funne at det ikkje var noko grunnlag for at dei haldt på dei nasjonale trekka sine når dei kom til USA. Etter kort tid endra alle seg og blei «amerikanarar». Hovudkonklusjonen hans var at «i mangel på homogene 'rasar' som lett kunne skiljast ut, fall heile rasehierarkiet».^{iv} Dette var eit kraftig slag mot rasisme. Boas syn var i ferd med å vinne fram innan vitskapelege krinsar i USA, men så kom verdskrigen og det blei piska opp veldige hatkampanjar mot tyskarar. Boas og hans folk blei sett til side og Madison Grant sine synspunkt sigra.

I dei første tiåra etter 1900 blei det skrive ei uhørveleg mengd bøker om sambandet mellom menneskeleg rasetypar og styrken og dugleiken, overlevingskrafta til verdas mektigaste folk, dei kvite europearane og deira etterkomrarar. Og dette var ikkje nytt. I 1899 vart det i USA laga ei bibliografi over slik bøker som kom opp i over to tusen titlar. Grant samanfatta mykje av dette i boka *The Passing of the Great Race* frå 1916. Her la han fram dei herskande raseteoriane ut frå europeiske tilhøve, men gjekk lenger enn dei fleste. Han meinte for det første at rasane er innbyrdes

heterogene med omsyn på ytre fysisk kjenneteikn. Sjølv bland kvite menneske fans det «underartar». Det var grunnleggande forskjellar mellom rasane og deira undertypar. Så påstod han at desse grunnleggande raseeigenskapane ikkje kunne endrast historisk. Boka blei motteken som ein milepåle i tillempinga av vitskaplege idear på historia og sosialpolitikk.^v

Madison Grant si bok kom ut i tysk utgåve i 1925. Same år skreiv ein «radikal» frå Austerrike, som nett hadde slept ut av fengselet, eit brev til Grant der han hylla boka som «min bibel». Han gav kort etter ut si eiga bok om verdas tilstand der han nett som Grant, sa at problema i Europa var raseproblem. Med tilvising til Grant og den nye immigrasjonslova i USA skreiv Hitler i *Mein Kampf* at «USA viste vegen til ein meir vaken, vitskapleg måte å bygge eit politisk fellesskap på. «Ein stat som i raseforgiftinga sin tidsalder tileignar seg verdas beste raseelement, må ein dag bli jordas herre.»

Den grunnleggande rasismen som har gjennomsyra og som framleis gjennomsyrar det amerikanske samfunnet var ein stor inspirasjon for Hitler og alle hans seinare følgjarar i Europa. For den leiande columbisk-rasistiske delen av det amerikanske samfunnet var det derfor heilt naturleg å ta over leiande nazistar frå Tyskland som dei hadde bruk for etter 2. verdskrig, mellom anna for å fortsette Hitler og Nazi-Tyskland sin kamp mot kommunistane og kommunismen (Hitler sin etterretnings-sjef, Gehlen, er eit eksempel).

Vi må alltid hugse på at jødane i seg sjølv berre var eit mål for Hitler fordi dei var det rasemessige grunnlaget for kommunismen. Jødane i Tyskland var ikkje nokon fare for landet. Men Hitler fann ei svak gruppe (jødane) som syndebukk for å kunne angripe ei sterk gruppe (kommunistane og det kommunist-leia Sovjet-Unionen) på kamuflert vis. Vi må også hugse på at nazistane også såg på slavarane, eller folka i Sovjet og nærleiken var undermenneske. For den leiande columbisk-rasistiske delen av det amerikanske samfunnet har det derfor heller ikkje vore nokon big deal å bygge opp nazistiske organisasjoner i land der det tener amerikanske aggressive interesser, som i Ukraina. Det tok til tidleg og auka på etter kuppet i 2004 og særleg i åra 2014-2022. Men dei må sjølvsagt nekte for det, fordi det set lyset på deira aggressive side som dei vil skjule for alt verda. Berre tenk på Assange.

Ein omfattande valdkultur

Til slutt må eg nemne det valdelege preget frå det som er kalla cowboy-tida, då dei som dreiv med kvegflokkar kom i motseiing til dei som ville dyrke jorda og gjerde ho inn. I mi ungdomstid, på 1950-talet, var bøker frå denne tida noko vi las mange av også i Norge. Eg er sjølv sikker på at eg las fleire hundre av dei frå eg var 13 til 16 år. Dette har ført til ei valdsdyrkning i USA og andre stader der den amerikanske kulturen har vunne fram, og til ei dyrking av eineståande valdelege heltar som etter kvart har spegla seg mykje i populærkulturen, både gjennom bøker og kanskje spesielt filmar. Heile den «kvite» vera blei påverka av dette, og blir det framleis. I alle desse kulturformene var sterkt prega av vonde, gruelege skurkar og gode, snille heltar. Og om heltane var svært brutale, så var dei «gode på botnen». Dette er og eit grunnleggande trekk i heile den amerikanske ideologien og utanrikspolitikken. Det er lett å bli smitta av dette for folk som heile livet har blitt eksponert for denne tenkemåten gjennom store massemedia og filmar som «heile verda» har digga.

Det tyder at eit grunnleggande trekk i USA er valdsdyrkning som har blitt samanfatta i ordtaket «Det enklaste er pistol». Epidemien av «masseskytingar» og andre typar valdelege drap i USA, er eit indre teikn på denne kulturen.

Alt dette står i sterkt motsetnad til den overbygninga som blei skapt då USA reiv seg laus frå det engelske imperiet og skreiv sitt utsegn om alle menneske sine rettar og om demokrati.

Det tyder at eit grunnleggande trekk i USA er ein spagat mellom ideala om fridom, menneskerettar og demokrati og dei gruelege, aggressive realitetane som er undertrykt og aldri tatt opp til skikkeleg vurdering og derfor er eit grunnleggande trekk også ved USA sin utanrikspolitikk.

Geo-imperialismen

Det andre utgangspunktet er at USA frå 1776 har vore i aggressjonskrig med andre statar i alle sine år med unntak for nokre få. England (det er berre 20 statar i verda England ikkje har kriga mot) og USA har vore dei mest aggressive statane i verda, og etter 2. verdskrigen har USA leia an.

Det tredje utgangspunktet er dei geo-politiske teoriane som har summert opp denne aggressive framferda både til USA og England. Det er i hovudsak to teoriar som peikar seg ut. Den eine er knytt til geo-imperialisten, admiral [Alfred Thayer Mahan](#) som gav ut to viktige bøker i 1890 og 1892 som fleire leiande personar i USA fremma på 1880 og 90-talet. Den andre er Halford Mackinder som var britisk geograf og direktør for London School of Economics and Political Science som skreiv ein særskilt viktig artikkel, [The Geographical Pivot of History](#) i 1904. Dessutan må vi ta med ei omforming av Mackinder sine teoriar som blei gjort av geo-imperialisten Nicolas J. Spykmans. Seinare har etterkrigstidas viktigaste geo-imperialist, [Zbigniew Brzezinski](#),^{vi} og andre brukta og tilpassa teoriane til dei som kom før han på «skapande vis».

Historisk bakgrunn for den amerikanske aggressjonens ideologi

Før eg tar til med detaljane her vil eg understreke at dei geo-politiske strategane eg går inn på ikkje tok teoriane sine ned frå himmelen. Dei uttrykte berre dei grunnleggande behova til dei herskande klassane i landa sine. Vi skal også sjå nokre klare teikn på korleis det gjekk for seg. Så skal vi ta eit lite historisk tilbakeblikk.

Under Jacob I (1603-1625) då England hadde begynt på arbeidet med å skape seg eit oversjøisk imperium, skjedde det ei endring i den engelske oppfatninga av si rolle i verda. Då blei det utvikla ein imperie-ideologi og engelskmennene begynt å oppfatte seg som det nye utvalde folket i verda. Dei brukte Bibelen som grunnlag. I Salmenes bok 72.8 fann dei «Og han skal herske fra hav til hav og fra elven inntil jordas ender». Amerika såg dei på som det nye Kanaan og dei fann grunnlaget i Mosebok 1.28 og 3.23. Her heiter det først at «din ætt skal bli som støvet på jorden, og du skal utbrede deg mot vest og mot øst og mot nord og mot syd, og i deg og din ætt skal alle jordens slekter velsignes». Og så heiter det at «når dere kommer inn i et land som jeg vil gi dere og dere høster dets grøde, da skal dere komme til presten med det første kornbånd av høsten deres» og om fasta seier han at «enhver som ikke faster på denne dag skal utryddes av sitt folk». (Sitert frå mi gamle bibelutgåve frå 1947.)^{vii}

I England var det og ei stor religiøs vekking midt på 1700-tallet leia av metodistane John Wesley og George Whitefield som var store folketalarar. Det førde også til noko som er kalla ein eskatologisk-kiliastisk rørsle i New England der Pilgrim Fathers hadde slått seg ned der. Denne rørsla gjekk kort sagt ut på at settlar-amerikanarane hadde ein misjon i verda. Dei skulle skape eit kristent tusenårsrike. Det skulle begynne i USA og til slutt skulle det omfatte heile verda. Desse to ideologiske momenta blei prega inn i amerikanarane frå dei begynte folkemordet på indianarane.

Dette er ei haldning som seinare har prega heile USA sin utanrikspolitikk. Det utvalde landet som skal sørge for at verda blir driven slik USA ønskjer (og tilfeldigvis til beste for USA). Den store aggressoren og slavehaldaren, tredje president i USA, Thomas Jefferson^{viii} skreiv i boka *Empire of Liberty* at USA hadde eit historisk oppdrag, å gjere heile verda *safe for democracy*. Så det

programmet som dei framleis arbeider etter vart skrive alt då. Men skjult under desse fine orda ligg altså heilt frå starten aggressjon, folkemord, utbytting og slaveri.

Jefferson si haldninga er seinare nedfelt i det som er kalla Manifest Destiny (Den klåre lagnaden). Desse tankane blei utvikla frå ein artikkel i bladet *The United States Magazine and Democratic Review* i 1845 og blei definert som at det var USA sin lagnad å overta heile det amerikanske kontinentet og gjere det stadig betre for dei stadig fleire millionar innvandrarar som kom. Seinare har det blitt overført på heile verda. Dette er noko som kan samanfattast som den vestlege verda og USA sin universalisme. Det vil seie at dei har tatt på seg å få heile verda til å underlegge seg deira oppfatningar og ordningar. Sentralt står demokrati og fridom der aggressjon, folkemord, utbytting osb. ligg skjult under.

I boka si *Det internasjonale gjennombruddet* frå 2016 fortel Terje Tvedt om då utanriksminister Børge Brende tala for fullsett frukostsal for Civita den 21. juni 2016. Tvedt merka seg då at Brende sa at dei verdiane som ligg fast og ligg bak Norge sin utanrikspolitikk ikkje var våre vestlege verdiar, men universelle verdiar.^{ix} For Tvedt var det sjølvsagt underleg at ikkje noko av deltakarane der, med mykje erfaring frå arbeid over heile verda, sa Brende imot. Dette hadde vorte eit dogme som ikkje måtte utfordrast.

Kor tok Brende dette frå. Som utanriksminister i USA sin vasallstat Norge, tok han det sjølvsagt frå vasallane sin «konge» eller «keisar», USA. Dette er jo nett ein del det av grunnlaget i den amerikanske «eksepsjonalismen», deira unnataks-stilling i verda, som er at USA står for universelle verdiar som skal spreia til heile verda. Verdiar som skjuler den underliggende aggressjonen og som tilfeldigvis til beste for herskarane i USA sjølve.

Som vi veit er dette den viktigaste ideologiske innpakninga av og reklamen for USA sine aggressjonshandlingar i nyare tid, som også Norge og Børge Brende har vore (og er) ein del av. William Blum har samanfattet det godt i boka si *America's Deadliest Export – Democracy* frå 2014.

Dei store strategane - Admiral Alfred Thayer Mahan

Då landområdet i Nord-Amerika var sikra (i farten kriga USA også til seg meir enn ein tredel av Mexico og kjøpte opp Alaska) førde også herskarane i USA vidare ein annan viktig røynsle frå England. Dei såg på seg som ein sjøstat. Og då kjem vi til den først store geo-politikaren som har prega USA sin utanrikspolitikk fram til i dag.

Den amerikanske admiralen, [Alfred Thayer Mahan](#), var ein av dei fremste forkjemparane for det som vart kalla den «sterke utanrikspolitikken» i USA ut på 1800-talet.

Han arbeidde ut frå herskarklassen i USA sine behov og skreiv at økonomien i USA ikkje ville være i stand til å absorbere dei enorme mengdene industrivarar og kommersielle varer som blei produsert innanlands, og han argumenterte for at USA burde søke nye marknader i utlandet. Då måtte USA garantere tilgang til desse nye internasjonale marknadene. Han studerte korleis England hadde bygd sitt oversjøiske imperium og brukte erfaringane på forholda i USA.

I 1890 gav han ut boka *The Influence of Sea Power upon History 1660-1783*. Her samanfatta han dei prinsippa som blei grunnsteinen i USA sin moderne sjøforsvars-doktrine om overlegenhet på havet. I Naval Act frå 1890 blei det forlangt at USA skulle kunne møte ein mogeleg fiende på alle hav. Mahan definerte sjøkrigsmakt som ein krigsflåte pluss strategiske posisjonar, slik England hadde klart å få til.

Det ville krevje tre ting: ein handelsflåte, som kunne bere amerikanske produkt til nye marknader over den "store motorvegen" på hava ; ein amerikansk slagskipsfåte for å skremme eller øydeleggje

rivaliserande flåtar; og eit nettverk av marinebasar mellom USA og oversjøiske land og på kysten av desse landa, som var i stand til å gi drivstoff og forsyningar til den større marinen, og halde oppe kommunikasjonslinjer mellom USA og dei nye marknadene. I første omgang meinte han at USA måtte skaffe seg posisjonar i det Karibiske hav og i Stillehavet.

Han meinte også at nasjonar som ikkje fortsette den ekspansive misjonen sin ville gå mot undergangen. Dette er både ei fortsetting av metodane brukt under columbismen og ei oppsummering av trangen til den framveksande monopolkapitalen i USA fram mot 1900. Kapitalismen i verda gjekk då over i sin monopolistiske og imperialistiske fase – så og i USA.

På den tida då Mahan gav ut bøkene sine hadde USA allereie sikra seg einerett på aggresjon i Latin-Amerika ut frå den såkalla Monroe-doktrinen frå 1823 som sa at ingen andre nasjonar skulle ha dominans der. Det skulle USA ha aleine. Då indianarane var drepne og drive vekk frå heile USA, og vestkysten var reinska rundt 1850, med unnatak for nokre lommer inne i landet, var det eit sterkt driv for å fortsette ekspansjonen vestetter Stillehavet og Aust-Asia. Den amerikanske krigsflåten gjorde landgang i Japan i 1853. Så blei Midway-øyane, midt ute i Stillehavet, tatt i 1867 og Samoa i 1878. I det fredelege Hawaii blei endeleg tatt i 1898. Guam blei og tatt i 1898, under krigen mot Spania.

[Eksemplet Hawaii](#)

Hawaii er eit typisk eksempel på den amerikanske aggresjonen som vi har sett over alt i verda etterpå. Ukraina er no (15.02.2022) eit nytt eksempel på ein slik metode. Kamehameha I, som herska over den eine øya Hawaii, erobra alle øyene for første gong, og etablerte kongeriket Hawaii i 1795. Kongedømmet var velståande og viktig ut frå landbruket sitt og den strategiske plasseringa i Stillehavet. Amerikanaren sette opp plantasjar for å dyrke sukker. Metodane deira for plantasjedrift kravde mykje arbeidskraft. Bølgjer av innvandrarar, som slo seg ned, kom frå Japan, Kina og Filippinane for å jobbe på plantasjene. Regjeringa i Japan organiserte og ga spesiell beskyttelse til sitt folk, som utgjorde omrent 25 prosent av folka på Hawaii i 1896. Det hawaiiske monarkiet oppmuntra dette multietniske samfunnet, og etablerte først eit konstitusjonelt monarki i 1840 som lova lik stemmerett uavhengig av rase, kjøn eller rikdom.

Amerikanaren i kongedømmet si regjering fekk skrive om grunnloven, og avgrensa makta til kong "David" Kalākaua. Dei tok og frå dei fleste innfødde hawaiiarar og asiatiske borgarar retten til å stemme ved å sett høge krav til eigedom og inntekt. Dette gav ein stor fordel til plantasjeeigarane. Dronning Lili'uokalani forsøkte å ta tilbake den makta kongen hadde hatt i 1893. Men då gjorde forretningsmenn med hjelp frå det amerikanske militærer eit kupp. Dronninga blei sett i husarrest. Mot dronninga sin vilje blei Republikken Hawaii danna. Etter kort tid bestemde så den nye regjeringa at Hawaii skulle slutte seg til USA i 1898 som territoriet Hawaii. I 1959 ble øyene til staten Hawaii. Den amerikanske aggresjonen var fullbyrda.

[Det store spranget ut i verda](#)

Det store spranget ut verda kom med krigen mot Spania frå april til desember i 1898, der USA under påskott av å fri folka i dei spanske koloniane, la desse under seg. Vi har alt nemnd Guam. Mest kjend er underlegginga av Cuba, men verst var [folkemordet på Filippinane](#) då USA erobra den nyleg frie staten etter å ha fått hjelp av fridomskjemparane der til å jage ut spaniarane. Så kom den store underlegginga av landa rundt Det karibiske hav frå 1901 til 1934. I tida mellom 1901 og 1934 la også USA under seg dei karibiske landa oftast med bruk av militær makt. Det er skrive [ei detaljert avhandling om denne tida](#) som mange i Norge ikkje kjenner så mykje til. Av dei mange eksempla på korleis USA opererer for å nå dei ekspansjonistiske måla sine kan eg nemne det hemmelege

samarbeidet med ei gruppe som arbeida for å få provinsen Panama rive laus frå Columbia. Då desse, med amerikansk hjelp hadde klart dette, tok amerikanarane over den reelle makta for å få kontroll over området slik at dei kunne bygge ein kanal mellom hava vest og aust for det amerikanske kontinentet. Dette var viktig både for handel og for å kunne flytte flåtestyrkar raskt mellom Stillehavs-sida og Atlanterhavs-sida. Kuppmakarane blei grundig lurt. Denne taktikken med å få andre til å gjere jobben for seg og sidan lure dei, er eit av dei viktige trekka ved den amerikanske agresjonen.

I det store og heile har USA kjempa for å halde overherredømme over heile Latin-Amerika frå før denne tida og fram til i dag. Kvar gong nokon har klart å rive seg laus og begynt å bygge opp landet ut frå folka der sine behov, har USA kjempa som besett for å kaste dei. Mest kjend er vel det USA-støtte kuppet i Chile i 1973. I dag er det dei daudelege sanksjonane og forsøka på regimeendring i Venezuela som kanskje best viser USA sin agresjon. Men vi så det og i Bolivia for nokre år sidan og i Nicaragua for kort tid sidan. Då landet melde seg ut or den amerikanskdominerte OAS (Organization of American States) hevda USA straks at valet ikkje var gyldig og sette inn sine sanksjonar.

Den groteske okkupasjonen av Haiti ved hjelp av USA sin humanitære organisasjoner som øydelegg landet, er og eit eksempel frå i dag. Vi finn og [fleire opplysningar](#) okkupasjonen og om kampen frå folket på [Haiti](#) for å komme seg ut av denne situasjonen. Eg vil og nemne den dramatiske *Operation Urgent Fury*. Den 25. oktober overfell USA saman med seks små karibiske statar den vesle øya Grenada. Dei brukte ei veke på få øya under kontroll. Den 2. november 1983 fordømde FN si Generalforsamling aksjonen som «eit klart brot på internasjonal lov med 108 mot 9 stemmer. Det kan vere verd å sjå på [FN-vedtaket](#).

Men ut frå trangen til finansoligarkane i USA, slik Mahan samanfatte den, var det også viktig å ha basar på kysten av land på andre sida av dei store hava. Filippinane var den første av desse. Denne trangen har prega USA sin geopolitikk heilt fram til no. Eg skal ikkje dokumentere alt som viser dette. Men det er særskilt godt dokumentert i fleire bøker.^x Mahan si geo-imperialistiske tenking er framleis ein sentral del av USA sitt utanrikspolitiske arsenal. Mackinder er ein annan sentral del.

Halford Mackinder og erobring av verdsøya

[Halford John Mackinder](#), som lanserte den geo-politisk teorien sin i eit innlegg han heldt i Royal Geographical Society i London i 1904, samanfatta forskinga og syna sine i boka *Democratic Ideals and Reality – A Study in the Politics of Reconstruction* i 1919. Det ser ut til at boka ikkje fekk så stor merksemd før Mackinder gav ho ut att i 1942 då interessa for studia hans hadde dukka opp att fordi geo-strategane i USA diskuterte korleis dei skulle utvide området for si innflyting i verda etter 2. verdskrig. Nye utgåver kom i 1962 og 1981. Då Sovjet-Unionen var gått i oppløysing vaks interessa for tankane hans svært mykje og i 1996 gav det amerikanske Institute for National Strategic Studies ut boka att. I forordet seier dei at boka blei merka av at Hitler brukte tankane derifrå for å førebu utvidinga av det tyske territoriet. Men dei tok ho altså fram att i 1942, og dei allierte planleggarane brukte ho i sluttkampen mot Hitler. Og så skriv presidenten i National Defense University, Ervin J. Rokke, i føreordet til 42-utgåva at «Sidan slutten på Den kalde krigen, mens regionalt strategisk hovudbry hadde erstatta problema frå tida med global bipolar konfrontasjon mellom to supermakter, blei relevansen til Mackinders studie tydeleg att.»^{xi}

Mens Mahan var oppteken av korleis sjøstatar skulle sikre interessene sine i verda og meinte at kontroll med hava var nøkkelen til kontroll med verda, var Mackinder av ei anna meinings. Han sa at tida for at hava var viktigast for herredømme i verda var ute og at kontroll med landområda var avgjerande for overherredømme i verda. Han meinte at det fans eit «nav»-område (pivot area) i

verda og dei som hadde herredømme her, ville kunne kontrollere heile verda. Han laga ei skisse som illustrerte teorien. Seinare kalla han pivot area for hjartelandet. Utanfor hjartelandet låg eit område han kalla den indre marginale halvmånen og utanfor der kom den ytre øyrike halvmånen.



Vi ser at nav-området eller hjartelandet var mesteparten av det tidlegare Sovjet-Unionen og området ned i Iran.

Ut frå dette samanfatta han teorien sin i nokre enkle setningar:

Who rules East Europe commands the Heartland;

Den som herskar over Aust-Europa, styrer hjartelandet

who rules the Heartland commands the World-Island;

den som herskar over hjartelandet, styrer Verdsøya (det eurasisk-afrikanske området);

who rules the World-Island commands the world.

den som herskar over Verdsøya, styrer verda.

Dette skreiv han i 1919 då han var travelt opptatt med den engelske intervensjonen i Russland for å slå ned revolusjonen der saman med hærane til dei lokale godseigarhærane og dei 13 andre landa som invaderte landet. Dette har sidan vore ein fast strategi for England og USA heilt fram til i dag.

Nicolas J. Spykman

[Nicolas J. Spykman](#) videreutvikla tankane til Mahan og Mackinder. Spykman er kjend som den åndelege far til den såkalla «Containment doktrinen» som USA følgde i høve Sovjet-Unionen etter 2. verdskrig. Han skreiv ei bok medan han levde, *America's Strategy in World Politics*, 1942 og ei lite svært interessant bok som blei gitt ut etter at Spykman døydde av kreft i 1943, *The Geography of Peace*. Han tok utgangspunkt både i Mahan og Mackinder sine teoriar og utforma ein ny doktrine for USA sin sikkerheit som stat. Han seier at Mackinder ikkje heilt hadde forstått England sin geopolitikk då dei dominerte verda. Denne politikken gjekk nemleg ikkje ut på å erobre hjartelandet, slik Mackinder skildra det, men på å hindre at nokon stat dominerte Eurasia. Derfor hadde England alltid støtta statar i Europa som kjempa mot dei statane som til ei kvar tid såg ut til å kunne vinne hegemoni aleine. Dessutan hadde dei også halde Russland i age ved å hindre dei å komme seg sørover slik at dei fekk tilgang til havet. Så Spykman sa at dei hadde brukta makta si på havet for å ta område i det som Mackinder kalla «den indre halvmånen» (som Spykman kalla «randland») sør for dette området.

Wikipedia har tatt ut nokre sitat som dei meiner er typiske for Spykman si tenking. Her er eit av dei som kan vere verd å studere:

«Det er ikke mange tilfeller i historien som viser store og mektige stater som skaper_allianser og organisasjoner for å begrense sin egen styrke. Stater er alltid engasjert i å dempe kraften i en annen stat. Sannheten i saken er at stater bare er interessert i en balanse som er i deres favør. Ikke en likevekt, men en sjenerøs margin er deres mål. Det er ingen reell sikkerhet i å være like sterkt som en potensiell fiende; det er sikkerhet bare i å være litt sterkere. Det er ingen mulighet for handling hvis ens styrke er fullstendig kontrollert; Det er bare en sjans for en positiv utenrikspolitikk hvis det er en maktmargin som fritt kan brukes. Uansett teori og rasjonalisering er det praktiske målet den konstante forbedringen av statens egen relative maktposisjon. Balansen som ønskes er den som nøytraliserer andre stater, slik at hjemstaten står fritt til å være den avgjørende kraften og den avgjørende stemmen.»

– fra *America's Strategy in World Politics*

Ut frå den ovannemnde analysane erstatta han Mackinder sin formel:

Den som herskar over Aust-Europa, styrer hjartelandet

den som herskar over hjartelandet, styrer Verdsøya (det eurasisk-afrikanske området);

den som herskar over Verdsøya, styrer verda

med:

Den som kontrollerer Randlandet styrer over Eurasia;

Den som styrer Eurasia kontrollerer verdas lagnader.

For ei transatlantiske elitane er USA sitt herreveld over verda det einaste som kan sikre ro og fred som gagnar deira interesser. Viss det amerikanske herreveldet glipp så blir det uro og vanskar. Dei framstiller sjølvsagt dette som noko allment, men det er ut frå interessene til dei leiande finansaristokratane i USA og deira følgjesvenner verda ser slik ut. Derfor meiner dei og at alle som fortel noko anna enn mainstream media, som dei kontrollerer, fortel, fer med konspirasjonsteoriar. Dei er på sitt aller beste når dei klarar å manipulere den offentleg opinionen til også å tru på dette. Men i lengda er det som oftast slik at den sanninga om verda som trass alle forskjellige tolkingar og fortellingar finnast, kjem fram. Då viser det seg ofte at det dei transatlantiske elitane har fortald oss, ikkje er rett, men berre noko som tener deira profittinteresser.

Før vi går vidare passar det med ein liten tur på enno eit viktig sidespor. Trilateralen blei oppretta same år som [Romaklubben](#), som blei starta i 1968 i huset til David Rockefeller i Italia, gav ut si bok *Limits to Growth*, ein forløpar for den miljøpolitikken som storfinansen har ført sidan. Den skal samle alle menneske på tvers av klassegrensene og statsgrensene til felles kamp for ein miljøpolitikk som garanterer storfinansens profittar, og som derfor i det vesentlege er miljøfiendtleg i tillegg til å vere menneskefiendtleg. Samfunnsklasser og nasjonar må underleggast ein verdsfellesskap styrt av finanskapitalens representantar. Under covid-politikken har fått sjå litt av korleis dei har tenkt at dette skal fungere. Politikken er blitt styrt av WHO som Bill Gates i dag har mykje kontroll over. Etter covid kjem nok denne «miljøsaka» tilbake med full tyngd.

Meir om Brzezinski

Så skal vi tilbake til hovudsoporet. Brzezinski sjølv er David Rockefeller sin protesjé (dvs. at han blir verna og beskytta av Rockefeller). Det er først og fremst dette som har gjort at familien Brzezinski har fått stor innflyting. Men i tillegg til dette er det andre saker. Kona Emilie er dotter av den omstridde tsjekkoslovakiske presidenten, Eduard Benes. Emilie og Zbigniew har tre ungar, Ian, Mark og Mika. Sønnen Ian var ein av dei tilsette i Defense for European and NATO affairs under Donald Rumsfeld og støtta John McCain sitt presidentkandidatur. Så blei han stadfortredande statssekretær i Utanriksministeriet der han gjekk inn for at Kosovo skulle skilje seg ut av Jugoslavia, og at NATO skulle utvidast til og med Ukraina, pluss at det skulle utstasjonera atomraketter i Polen.

Sonen Mark gjekk med i Barack Obama sin presidentkampanje og jobba med utanrikspolitiske spørsmål. Som NSC-direktør for Russland og partnar i firmaet McGuire Woods, som er basert i Washington og driv med rådgjeving til regjeringar, steig han, som anerkjend ekspert på Russland og eurasiske saker, opp i det nasjonale Sikkerheitsrådet under president Clinton. Han var i 2004 ein av drivkraftene bak oransje-revolusjonen i Ukraina. Begge presidentkandidatane fekk på denne måte

Brzezinski-sønene som rådgjevarar, med faren i bakgrunnen som sjølv altså var ein heilt avhengig protesjé til David Rockefeller.

Dottera, Mika, blei politisk kommentator i MSNBC, den tredje største kanalen på det amerikanske kabelnettet, lokalisert i Rockefeller Building, der ho sørgde for å bidra til obama-manien ved intervju med Michele Obama under valkampen. Så har vi nevøen Mathew Brzezinski som er venn med representanten for den tsjetsjenske opposisjonen i USA, mens Zbigniew sjølv blei president for «Det USA-tsjetsjenske utval for fred i Tsjetsjenia» i 1999. Det er karakteristisk nok lokalisert i [Freedom-House](#)-anlegget.

President Carter, Brzezinski og Carter-doktrinen

Eg tar no eit sprang litt inn i tida med to supermakter og Den kalde krigen med dei «varme» krigane, Koreakrigen og Vietnamkrigen, som dei viktigaste aggressjonane frå USA. Då Jimmy Carter slo Gerald Ford i presidentvalet i november 1976, og var innsett i embetet i januar året etter, gav han ordre om ei fullstendig endring av den såkalla Single Integrated Operational Plan (SIOP) som er den overordna planen for kjernefysisk krigføring frå USA. Carter ville for det første ha eit alternativ til den politikken som forgjengaren hans hadde utforma og for det andre ville han at sikkerheitsrådgjevaren hans, Brzezinski skulle lage ein systemanalyse som dekka alle politiske felt.


Den leiande militærstrategen i Brzezinskis stab var William E. Odom og han førte studien i pennen. Han skreiv at eit kjernefysisk angrep ville vere over på seks timer. Mellom kommando for å sette i gang angrepet med rakettar frå interkontinentale rakettar frå land og sjø, og til det var ferdig ville det gå tretti minutt. I dei neste fem og ein halv timane kunne USA sine bombefly gjere resten. Dette tydde at Sovjet ikkje hadde nokon reaksjonstid til å svare. Dette blei skrive ned i eit president-direktiv frå Carter.

Men etter strategiske vurderingar, og kunnskap om verknaden av kjernefysiske angrep på dette nivået, kom Brzezinski og Carter til at dette ikkje var vegen å gå. Dei ville i staden jobbe med ein avtale mot bruk av interkontinentale atomrakettar. For å svekke Sovjet-Unionen la dei derfor opp ein strategi for å svekke Sovjetimperiets svake islamske «buk» og oppmunstre og støtte fundamentalistiske muslimske rørsler i og rundt dei sørlege Sovjet-republikkane. Dette var eit trekk som har prega mange av USA sine aggressjonar heilt frå krigen mot Spania i 1898. Det er viktig å få andre til å slås for seg. Som ein del av dette opplegget underteknna Carter den 3. juli 1979 også eit direktiv for å gi hemmeleg støtte til motstandarane mot det sovjet-vennlege regimet i Kabul. Det var medverkande til at leiinga i Afghanistan bad Sovjet greip direkte inn der, rundt eit halvt år seinare, for å hindre at landet kom inn i USA sin interessefære. USA starta då å føre våpen inn til motstandsgruppene der og samarbeidde med sikkerheitstenestene i Pakistan og Afghanistan for å utdanne Taliban-krigarar som skulle kriga i Afghanistan. Osama bin Laden blei brukt og han og hans rørsle blei på mange måtar skapt her.

Like etter, 23. januar 1980 presenterte president Carter ein ny doktrine for Kongressen. «Alle forsøk frå ei framand makt på å ta kontroll over regionen ved Persiabukta vil bli sett på som et angrep på dei livsviktige interessene til USA. Slike angrep ville bli slått tilbake med alle middel, også militære.» Alle dei seinare presidentane brukte denne doktrinen i krigane sine i området. I tillegg til dei tidlegare kommando-områda som USA hadde oppretta, PACOM Stillehavskommandoen oppretta av Truman 1. januar 1947), EUCOM (Europakommandoen oppretta av Truman i mars 1947) og SOUTHCOTM (Sørkommandoen oppretta kort etter Cuba-krisen, i juni 1963) føyde sikkerheitsrådgjevar Brzezinski til ein sentral USA-kommando CENTCOM med stridskrefter som

kunne mobiliserast rask (Rapid Deployment Forces). Denne kommandoen strekte seg frå Kaspihavet over Persiabukta til Afrikas horn og nådde i sør frem til den britiske øya Diego Garcia.

Viss vi tar eit sprang fram til i dag (februar 2022) og ser på innhaldet i den lange [felleserklæringa frå Putin og Jinping](#) som blei offentleggjord etter møtet dei hadde i høve vinter-OL, så forstår vi at USA no har mist heile CENTCOM, førebels med unnatak for Den arabiske halvøya, Jordan, Israel, Libanon. Det tyder at heile strategien som blei lagt opp på 1990- og 2000-talet er mislykka og at planen om å kontrollere Eurasia ikkje kan setjast ut i livet utan at USA får til eit regimeskifte Russland. I Kina er det mykje mindre mogeleg, og Kina er også nyttigare for dei amerikanske oligarkane og forbrukarane. Men det som er nemnd her er det største tilbakeslaget USA nokon gong har opplevd og speglar av kor svekka landet i røynda har blitt når det gjeld økonomisk og politisk innflyting. Det einaste sterke kortet dei har att er våpen. Dei har lenge nytt økonomiske sanksjonar som eit moment i undergravinga av statar som ikkje vil følgje deira verdsorden, men det ser no ut til å slå tilbake på dei sjølve og endå meir på vasallane og heile den alliansefrie rørsla.



Alt i 1968 hadde amerikanarane forpaka Diego Garcia, som var ein naturlig base for flyvåpenet, og deportert innbyggjarane der, nett som dei hadde handsama indianarane tidlegare. Frå denne basen kunne amerikanske bombefly nå alle område innan CENTCOM. USA sine geostrategiske mål blei med dette avslørt for heile verda. Vi ser at det var teoriane til Mahan, Mackinder og Spykman som samanfatta heilskapen i dei amerikanske oligarkane sin politikk, som blei følt opp. Amerikanarane meinte no at det også var klart at Sovjet-Unionen hadde tapt kampen om verdsherreveldet for dei var no stengd inne i det geografiske rommet sitt.

Men Brzezinski og Carter fortsette med det same. 25. juli 1980 underskrev Carter president-direktiv (PD)-59 som lanserte ein ny kjernevåpen-strategi. No var første prioritet å slå ut militære mål, først og fremst sovjetiske kommandosentralar. Dette var først gong at det amerikanske militærapparatet fekk i oppgåve å føre ein lenger atomkrig. Å halde ut hadde no erstatta målet med rask øydelegging. Uthaldingsevne erstatta no minstekravet i staden for øydeleggingsevne som minstekravet for USA sine stridskrefter. Det har vore diskutert om dette direktivet, som blei laga over hovudet på

utanriksdepartementet og CIA, var eit valutspel, eller noko reelt. Men i alle høve var det slik at det hadde opna for verkeleg å føre ein atomkrig i framtida.

Carter-doktrinen angåande Persiabukta leverte det teoretiske grunnlaget for alle dei kommande krigane i området som gav den amerikanske rustningsindustrien svære fortenester. Frå 1983 var det CENTCOM som sto for arbeidet i høve desse krigane.

Obama meinte at den neste presidenten, Ronald Reagan «kanskje var den største politikaren på denne tida»^{xvi}

USA sin bruk av muslimske jihadistar

Reagan var ein kompromisslaus antikommunist. Med dei nye Pershing II og Cruise Missiles håpte han å avgrense ein atomkrig til Europa og å kunne utføre eit effektivt avgjerande slag. Ved sidan av atomvåpen var det andre våpenet hans valdelege islamistar. Gjennom kontakt med Mohammed Zia ul-Haq og Hamid Gul i Pakistan klarte dei å få 100 000 islamistar gjennom Koran-skuler der dei blei opplært til jihad i Afghanistan. Den 27. mars underteikna han National Security Directive Number 16 (NSDD 166.)^{xvii} Det gav ordre til forsterka støtte til Muhjahedin og avdekkja det nye målet med den hemmeleg krigen i Afghanistan.

Ved hjelp av undercover operasjonar skulle dei sovjetiske troppane i Afghanistan bli tvinga til å trekke seg ut av landet. «Denne no mest opne støtte frå imperiet begynte straks med ein drastisk forsyning med militære middel – i 1987 steig det til 65 000 tonn i året saman med ein endelaus straum av spesialistar frå CIA og Pentagon som fór langs hovudvegen ved Rawalpindi i Pakistan reiste til dei hemmelege hovudkvartera til det pakistanske ISI. Der trefte spesialistane frå CIA agentar frå dei pakistanske hemmelege tenestene og hjelpte dei med planlegging av dei afganske opprørane sine operasjonar.»^{xviii}

Amerikanske krigsskip peila inn to iranske passasjerfly med pilegrimar til Mekka og varsla at dei ville skyte den ned. Iran klaga og kalla det eit klårt brot på folkeretten, men eit år seinare, den 3. juli 1988 skaut USA sin kryssar, *USS Vincennes*, ned eit anna iransk passasjerfly med pilegrimar som flaug 10 000 meter over iransk havområde. Alle 275 pilegrimane blei drepne. Kapteinen på *USS Vincennes* fekk Legion-of-Merit-Orden for «ualminneleg pliktoppfyllande innsats» av George W. Bush.

I 1989 trekte dei sovjetiske troppane seg ut av Afghanistan. Men der var det no 100 000 vel utdanna jihadistiske krigarar. Desse brukte USA til undergraving i Afrika, Sør-Aust Asia, Sentral-Asia, i Nære Austen og på to hovudfrontar – på Balkan og i Tsjetsjenia. Mestedelen av Muhjahedin frå Afghanistan saman med leiarar som Schmil Bassayew og Ibn al-Chattab blei opplært i CIA-finansierte treningsleirar i Afghanistan og Pakistan. Dei blei sett inn i Tsjetsjenia for å få kontroll over ei viktig oljeleidning der. Seinare forsøkte England og USA å bruke dei for å få til opprør i Xinjiang og lausriving frå Kina. I april 1992 fekk dei til eit opprør i byen Baren som førte til 22 daude. Opprøret var leia av Free East Turkestan Movement, ein pan-tyrkisk rørsle med opphav i Kirgisistan og Kasakhstan. Medlemene var uigurar og kirgisarar som hadde blitt opplært og fått våpen av Muhjahedin frå Afghanistan.

I desember 1992 heldt National Congress of Turks of East Turkestan (Xinjiang) den først konferansen sin i Istanbul. Leiaren for konferansen var Isa Yusef Alptekin som hadde leia ein blodig uigur-opprør mot kinesarane i 1945, då kinesarane kjempa mot Japan. Alptekin sa til kongress-deltakarane at no når Sovjet-Unionen hadde falle så hadde tida for samanfall og oppløysing av det kinesiske imperiet komme og at dei venta hjelp frå vårt elskende Tyrkia, dei nye republikkane etter Sovjet-Unionen, andre som hadde same religion og menneskeheita generelt, for å stoppa Kina. Det var nye opprør av same

gruppa i 1997 og i 2009 då 10 000 militante jihadistar var jaga frå Pakistan av hæren der. 1000 av desse var uigurar og dei var då kjernen i terror-åtak i Urmqi, hovudstaden i Xingjian Uigur Autonome region der minst 156 menneske blei drepne og over 1000 såra.

Så seint som i 2013-14 var det terror-angrep i Kina. 2014 var dei eit terror-åtak i Kunming i Kina den 1. mars der i underkant av eit dusin terroristar angrep folk på jernbanestasjonen med knivar og machetar og drap 29 menneske og såra meir enn 140. Angrepet blei utført av islamistiske uiguriske krigarar frå al-Qaida sitt terror-nettverk. Mange av dei jihadistiske uigurane som var opplært i Pakistan og Afghanistan deltok også i krigen på Balkan og i krigen mot Assad i Syria. Då dei hadde tapt der kom fleire, som ikkje hadde flykta til Idlib, tilbake til Xinjiang og var ein sikkerheitstrussel der.

Alt dette er ein følgje av Reagan sin Afghanistan-politikk. Saman med resten av AKP var eg ein ivrig støttespelar til krigen mot Sovjet i Afghanistan. Det er ein av dei største tabbane eg har gjort. Men den gongen visste eg ikkje om det hemmelege spelet til USA i området. Det er akkurat som mange venstreorienterte folk har støtta krigen mot Assad i Syria og støttar USA sin marionett Zelenski i Ukraina. Likevel er deira feil større, for i denne krigen har det vore spreidd mykje opplysningar om USA, England og Frankrike sitt spel i her. Men dei som har støtta kampen mot ein Assad eller ein Zelenski har heller trudd på falske nyhende frå USA og England sine NGOar og deira systematisk oppbygde propaganda-grupper i området og elles.^{xx}

Ny geo-strategisk situasjon

Berre nokre år etter at Sovjet-Unionen trekte troppane sine ut av Afghanistan gjekk heile unionen i oppløysing. Det var ei enorm svekking av den anti-columbiske rørsla i verda. Russland og nokre av dei tidlegare sovjetiske republikkane blei då i stor grad tatt over av rådgjevarar frå «Vesten», med sin nyliberale resept. Det førte til at dei som blei oligarkar tok mykje makt. Saman med utlendingane røva dei så landet som i løpet av vel eit tiår nærast blei sett tilbake meir enn eit halvt hundreår. Denne tida har vi ikkje fått vite så mykje som så difor har eg skrive [ein lengre tekst om det](#).

Med dette var den geo-strategiske situasjonen i verda endra på drastisk vis og USA slo til for å utnytte dette på beste vis. Paul Wolfowitz som var stadfortredande forsvarsminister under Donald Rumsfeld, sette då høge mål for landet. 18. februar 1992 sette han i målet i det først utkastet til «Defence Planning Guidance, USA som den einaste supermakta i verda». *New York Times* fekk tak i dokumentet, som var hemmeleg, og offentleggjorde innhaldet den 8. mars 1992 under tittelen «Utdrag frå Pentagons plan: Hindre at ein ny rival kjem fram att». I hovudsak var innhaldet at verdssituasjonen hadde endra seg dramatisk sidan Sovjet-Imperiet hadde falle saman, og med det var kommunismen diskreditert som ein ideologi med verdsinnflyting. USA og dei alliert hadde også sigra over Irak i krigen der. Det viste USA sin styrke. Dessutan hadde det blitt oppretta eit integrert system der Tyskland og Japan var integrert i det amerikansk-leia sikkerheitssystemet og det var skapt ein «Fredssone». Det siste kravde at USA kunne vise til overlegenhet i våpenmakt.

Så var det viktig å sørge for at ingen fiendtleg makt fekk ei dominerande rolle i viktige regionar som Vest-Europa, Aust-Asia, området til det tidlegare Sovjet og Sørvest-Asia. USA måtte sørge for at den vestlege type demokrati og liberalistisk økonomi vann fram. Ein måtte finne fram til mekanismar som kunne skremme makter frå å få ei større regional og global rolle. Dei måtte også passe på at konfliktar blei løyst slik at dei verdiane som USA meinte dei stod for skulle haldast oppe. Alle stader på kloden der USA kunne bli utfordra måtte dei passe på at nøkkelregionar ikkje blei overtatt av ei fiendtleg makt. For å halde oppe sikkerheita i Europa fortsette NATO å vere det viktigaste instrumentet og ein avgjerande kanal for USA si innflyting i området. Så var det avgjerande viktig å

utvide NATO og EU austover. Paul Wolfowitz understreka også at USA kunne bli tvinga til «forkjøpsangrep» for å hindre utvikling av masseøydeleggingsvåpen i fiendtlege statar.^{xx} Her var dei altså tilbake til Truman sin roll back strategi. For det fine arbeidet med dette fekk Wolfowitz seinare posten som president for Verdsbanken.

Eksempelet Balkan

USA starta løynde operasjonar på Balkan seinast i 1994. Dette har dei også prøvd å halde skjult. Men oftest kjem sanninga fram etter kvart. På Balkan var taktikken å skape konflikt mellom dei kristelege serbarane og dei bosniske og albanske muslimane. Difor USA satsa til dømes på å bygge opp islamske brigadar i Bosnia. I 1994 sette president Bill Clinton i gong dei løynde operasjonane i Bosnia på oppmoding frå den utpeikte CIA-sjefen, Anthony Lake, og USA si utsending i Kroatia, Peter Galbraith, spelte, slik *Los Angeles Times* skreiv, «ei sentral rolle i høve den drastiske veksten av iransk innverknad i Bosnia» og at «Også andre muslimske statar var med på dette, saman med radikale muslimgrupper».

I 1997 offentleggjorde Det republikanske parti i Kongressen eit dokument der Clinton-regjeringa fekk framlagt at «dei hadde bidratt til å skape ein basis for militante islamistar i Bosnia». Noko som leidde til rekruttering av tusenvis av Muhjahedin frå den muslimske verda gjennom det såkalla «Militante islamske nettverk». «Mest urovekkande for SFOR-misjonen (Stabiliserings-styrkane) og, det som var viktigare, for tryggleiken til det amerikanske personalet som tente i Bosnia, var det at Clinton-regjeringa hadde vegra seg for å innrømme ovafor Kongressen og det amerikanske folk kva for rolle USA hadde spelt i leveringa av våpen frå Iran til den muslimskdominerte regjeringa i Sarajevo.»

Det vart prova at USA brukte islamske krigarar i Bosnia for sine geopolitiske mål, ved hjelp av humanitære og ikkje-regjerings-organisasjonar (NGOar), noko som i høg grad vart halde skjult for folka i Europa.

Engasjementet til Clinton-regjeringa når det gald å skaffe fram våpen for det islamske nettverket gjekk så langt at USA-tilsette sjølv føretok inspeksjonen av våpenleveringar frå Iran. [The Third World Relief Agency (TWRA), ein halvhumanitær organisasjon i Sudan, hjelpte til med å skaffe våpen til Bosnia. [TWRA skulle ha forbindigar til mesteparten av dei islamittiske terrornettverka, til dømes til sjeik Omar Abdel Rahman (dømd som bakmann i angrepet på World Trade Center i 1993) og Osama bin Laden, ein velhavande saudisk emigrant som skal ha finansiert ei rekke militante grupper.]^{xxi}

Hovudlinjer i USA sin utanrikspolitikk etter 7/11

Det var ikkje tilfeldig at boka til Mackinder vart gitt ut att av forsvaret i USA i 1996. Det hadde då for det første skjedd ei svært stor geo-politisk endring i verda. Sovjet-Unionen gjekk i oppløysing i 1991. Så hadde Kina opna mykje meir for utanlandske investeringar på denne tida. Det gjorde at herskarklassen i USA såg nye sjansar til å få kontroll med heile det eurasisk kontinentet. Vi fekk sjarlatanen Fukyama med sin påstand om at vi no hadde komme inn i ein slags tilstand der historia var slutt og der vi med Hegels ord hadde fått ein varig «universell, permanent kapital».

Det var då Zbigniev Brzezinski arbeidde med si bok, *The Grand Chessboard*, 1997 der han la fram ein strategiplan som USA faktisk har prøvd å følge stort sett fram til i dag, men som altså har fått store tilbakeslag. Han tar då utgangspunkt i Mahan og Mackinder sine teoriar samt utviklinga av desse.

Out-of-area for NATO

Før eg går vidare til Brzezinski skal eg berre kort nemne nokre viktige trekk av USA sin folkerettsstridige utanrikspolitikk under og etter bombinga av Serbia i 1999. Denne bombinga var del av ein større strategi, som eg kjem tilbake til. Men han blei lagt fram fem dagar før bombinga i form av *Lova om Silkevegstrategien* som gjekk ut på at USA skulle ta kontroll over ein brei korridor frå Middelhavet til Sentral-Asia. Dei landa som lova galdt var Armenia, Aserbajdsjan, Georgia, Kasakhstan, Kirgisistan, Tadsjikistan, Turkmenistan og Usbekistan. Det er også verd å merke seg at Xinjiang var eit viktig område på Silkevegen.

Loven blei oppdatert i 2006 og USA har prøvd å følgje han sidan. Alle geostrategiske hendingar frå 1999 og frametter må vi sjå i lys av strategien som styrte den lova og at eit av USA sine mål heile tida har vore å ta hegemoni i heile silkevegområdet. Likevel vart dette ein fiasko. Etter at USA hadde fått oppretta militære basar i fleire av desse landa var dei alle ute att før 2015.

9/11

Så må vi nemne 9/11. Dette førte til ei ny utvikling av USA sin strategi for å herske over verda som den einaste supermakta. USA si rolle blei no å vere klar til innsats over store delar av verda. Under president George W. Bush kom Wolfowitz tilbake i staden for Donald Rumsfeld. Under valkampen i 2000 hadde Wolfowitz fått laga eit nytt strategisk dokument for the New American Century med tittel *Rebuilding America's Defenses. Strategy, Forces and Resources for a New Century*. Robert Kagan frå Carnegie Endowment for International Peace og William Cristol frå *The Weekly Standard* fekk jobben med å utforme ein politikk ut frå at USA skulle vere tydeleg overlegen i høve til alle andre statar.

Det var ikkje så lett å få alle med på dette. Heller ikkje dei europeiske NATO-allierte som då måtte finne seg i at USA blei permanent på Balkan til dømes. Målet til USA-leiarane ville kunne ta lang tid å oppnå. Derfor skreiv dei i dokumentet sitt: «Omformingsprosessen vil sannsynlegvis bli ein langvarig prosess [...] unnateke om vi fekk ei katastrofal, katalyserande hending – som eit nytt Pearl Harbor.»^{xxii}

Same dag som terrorangrepet på World Trade Center i New York og mot Pentagon 11. september 2001 snakka George W. Bush om ein «krig mot Amerika» og forkynnte at regjeringa ikkje ville skilje mellom terroristane og deira hjelparar. Sjølv om terroren føreset ein statleg motstandar for å erklære krig så skreiv Bush, i følgje Washington Post, i dagboka si at no «skjedde det 21. hundreårets Pearl Harbor – vi trur det var Osama bin Laden».

Med oppløysinga av Sovjet-Unionen og den «Pearl Harbor»-liknande hendinga mot World Trade Center hadde USA fått eit påskott til å sette politikken sin for full verdsdominans raskt ut i livet. Frå denne dagen var USA i krig mot terror. Det vil seie at terror som vanlegvis skal handsamast av det nasjonale politiet, blei eit påskott for å kriege mot alle statar der USA fann det passande.

President Obama følgde opp denne linja og skreiv om korleis han ville ordne det i praksis alt under valkampen i boka *Mot til å håpe*. Der gjekk han inn for større krigsbudsjett og styrking av militæret så dei kunne bli sett inn alle stader der terrorismen truga. Historikaren Tony Judt skreiv at denne strategien ikkje ville lukkast fordi det var noko amerikanarane ikkje hadde skjøna – kor provinsielt USA var. Han peika på at USA ikkje visste korleis resten av verda såg på dei. Dette ville føre til at USA forstrekte seg på stadig farlegare vis og dei ville ikkje kunne klare å bygge eit imperium som kunne vare.^{xxiii} I følgje Judt kunne USA berre føre krig eller true med krig, same kven det var mot. Denne avgrensinga kjende korkje der romerske eller britiske imperiet.

Eit tydeleg teikn på at Judt har rett er den enorme militærbasen, Camp Bondsteel, som USA bygga i Kosovo. Under bygginga, den 24. juli 2001 vitja president Bush basen og understreka kor viktig basen var: «Vi strevar etter ei verd med toleranse og friheit. Frå Kosovo til Kashmir, får Midt-Austen til Nord-Irland er friheit det definerte målet for vår verd. Og å tene det setter her eit døme for heile verda.»^{xxiv} [Willy Wimmer](#), forsvarspolitisk talsperson for CDU/CSU frå 1985 til 1992, skrev i eit brev til Kanslar Gerd Schröder i høve [Konferansen i Bratislava 2001](#), som drøfta felles utviding av NATO og EU austetter: «Den amerikanske sida synst, medvite og med vilje, i global samanheng, og for å nå sine mål, å ville oppheve den internasjonale rettsordninga som har blitt utvikla gjennom to krigar i førre hundreåret.»^{xxv}

Arktis

Etter dette følgde den historia som no har enda i Ukraina. Eg skal ikkje gå gjennom det nett her, men trekke fram noko som er interessant for Norge, nemleg USA sine planar for Arktis. USA erklærte seg som «arktisk nasjon» i president Georg W. Bush sitt president-direktiv 66 av 9. januar 2009. Her står det at «USA har store og grunnleggande nasjonale sikkerhetsinteresser i Arktis» og under «implementering» sto det at «for å sikre USAs interesser må USA sørge for en suveren USA-nærvar på sjøen i Arktis.»^{xxvi} Grunnen til dette var klimaendringar som gjorde området meir interessant både som sjøfartslei og som område for å hente ressursar. EU-kommisjonen skreiv også at Arktis, på grunn av dei store olje- og gassressursane kunne betre energisituasjonen i Europa monaleg.^{xxvii} Det kan jo her passe å minne oss på at Russland har meir enn 50 % av landområdet som grensar til Arktis og nett på den sida der sjøfart er mest aktuelt. NATO-militærøvingar nord i Norge, Sverige og Finland er mellom anna innretta på desse måla til USA og EU. Store flyøvingar som kjem berre fem minutt frå St. Petersburg har funne stad. Basar i Norge står klare til å ta imot krigsfly frå NATO. Dei nye basane som USA vil ha i landet går inn i denne aggressive strategien mot Russland. NATO-medlemsskap for Sverige og Finland vil vere ein del av USA sin politikk for å erobre hegemoni også over sjørutene i Arktis

Litt om Obama

Eg skal heller ikkje sei så mykje om tida under president Obama her, men berre slå fast i tillegg til alle krigane han starta og dronedrapa, så bygde USA, under han, opp styrkane sine mykje i Stillehavet etter kvart som Kina utvikla seg til ei økonomisk stormakt. Han lurte også land i den islamske verda opp i stry. Først blei det planlagd regimeendring i Iran, så blei det bestemt at Gadaffi skulle styrtast i ein felles appell frå Obama, David Cameron og Nicolas Sarkozy i *Washington Post, Times* og *Le Figaro*.^{xxviii} I Syria væpna og finansierte CIA og USA-allierte som Qatar og Saudi-Arabia islamistiske ekstremistar som så blei kjende som Daesh (IS) eller Al-Nusra-Fronten. Rundt 40 statar finansierte IS sin terrormilits.^{xxix} Til slutt berre nemner eg førebels det USA-støtta kuppet i Ukraina og samarbeidde med nazistane der for å gjennomføre det og gjere det umogleg for folka aust i landet å vere ein del av Ukraina. Folka på Krim-halvøya ville heller ikkje inn under det nye styret, og valde å slutte seg til Russland. Då kjem eg tilbake den toneangjenvande geo-strategen Brzezinski.

The Grand Chessboard

Vi skal nå gå til *The Grand Chessboard*, 1997, ny utgåve med etterord av Brzezinski i 1916. Den tyske utgåva kom i 1999 med tittelen *Die einzige Weltmacht*. Eg nemner den fordi dei der har ei innleining som samanfatter forfattarens prosjekt.

«I ein strålende strategisk analyse forklarer Brzezinski kvifor amerikansk hegemoni er føresetnaden for fred, velstand og demokrati i verden, og korleis Amerika må oppføre seg for å kunne for å halde oppe posisjonen sin som ei verdsmakt.»

Med dette kan vi med ein gong sjå kvifor alle Brzezinskis analyser må vere feil. Føresetnaden for fred, velstand og demokrati i verda er nemleg avhengig av at USA ikkje dominerer verda. Dette har den alliansefrie rørsla, som no har 120 medlemsstatar og fleire venlege observatørar som Kina, sagt sidan ho blei oppretta i Beograd i 1961. Kva er de Brzezinski har oversett? Jau, det er den mørke undersida av det amerikanske demokratiet. Det dekker jo over en realisme med folkemord, slaveri, rasisme og utbytting.

Likevel er det viktig å sjå på teoriane hans fordi dei på mange måtar samanfattar dei amerikanske herskarane sin politikk. Brzezinski var ein tilhengar av Mackinder sine analyser og teoriar. Han meinte at USA måtte hindre at det utvikla seg i makt på det eurasiske kontinent som kunne USA sin globale maktstilling. Han hadde ein idé om at berre USA kunne hindre at det utvikla seg eit kaos i dette området. Difor såg han på Eurasia som eit sjakkbrett der kampen om den globale kampen om leiinga i verda sto. Det var grunnleggande å halde på Europa som «Amerikas uunnverlege bruhovud på det eurasiske kontinent.»^{xxx}

Det Brzezinski ønska var å få til eit samarbeid mellom Europa, Russland, Kina og gjerne Iran under USA si leiing. For å klare dette måtte ein hindre at det vaks fram statar i Eurasia som kunne true USAs hegemoni der. Då han skreiv boka i 1997 rekna han med at dette kunne gå ganske greitt. Grunnen til det var at Sovjet-Unionen var opplyst og USA hadde hatt begynt å komme seg inn i dei tidlegare sovjetrepublikkane i sør. Samtidig såg det då ut til at Russland ville bruke lang tid på å reise seg som ein stormakt att, om dei nokon gong kom til å klare det. I tillegg meinte han at Russland under Jeltsin ville være open for det nyliberale systemet som USA og andre vestlege land, som USA kontrollerte, jobba med å innføre der. Dessutan var den økonomiske utviklinga i Kina komme ganske kort, USA hadde eit godt forhold til landet, noko Brzezinski hadde jobba for, og landet hadde opna opp for utanlandske investeringar.

I boka slo Brzezinski fast at Vest-Europa og i aukande grad Midt-Europa i høg grad hadde blitt eit amerikansk protektorat der dei allierte statane minner om vasallar og tributpliktige og at Japan var eit amerikansk protektorat. Så skal eg gå inn på nokre detaljar i strategien hans som har fått store følgjer og har det den dag i dag, sjølv om Brzezinski sjølv har kome med andre tankar seinare.

USA – eit hegemoni av ein ny type

I *The Grand Chessboard* begynner Brzezinski med å skissere hovudtrekk i USA sin ekspansive historie og historie fram til USA som den einerådande supermakta frå 1991 då Sovjet-Unionen gjekk i oppløysing. Det gjorde det mogleg å bli eineherskar over eit globalt imperium, det første i historia av denne storleiken til fleire av dei store imperia i verda. Difor går han over til å skissere historia til dei store imperia i verdshistoria. Han skriv at Amerikas globale leiarrolle minner på nokre vis om tidlegare imperia, sjølv om dei ikkje var så store om USA sitt. Desse imperia grunna imperia sine på eit hierarki av vasallar, tributpliktige, protektorat, koloniar, mens dei såg på dei utanfor som barbarar. Så går han nærmare inn på organiseringa av der romerske imperiet. Det blei utvida over 200 år gjennom utviding av territoriet nordetter og så både vestetter og søraust-etter og gjennom effektiv maritim kontroll over hele kystlinja til Middelhavet. Roma sjølv var eit einskapleg politisk område og ein sjølvforsynt økonomi. Imperiemakt blei utøva medvete og målretta gjennom eit komplekst system av veger og sjøleier som gjekk ut får den viktigaste byen, hovudstaden Roma

gjorde det mogleg å omdisponere og konsentrere av dei romerske legionane som var stasjonert i vasall-statane og tributt-provinsane. På si høgd var talet på legionærar stasjonert utanfor landet ikkje meir enn 300 000 mann som var desto meir daudelege ut frå kor overlegen på grunn av taktikken sin og våpenkrafta og senteret si emne til dirigere relativt hurtig omgruppering. Så føyer han til at Roms overherredømme også hadde ei anne kjelde, nemleg ein strategisk realitet *Civis Romanus sum. Eg er ein romersk borgar* var den høgast moglege sjølvdefinisjonen, ei kjelde til byrgskap og noko å strekke seg etter for mange. Det var ein opphøgd status til det romerske imperiet som rettferdigjorde imperiemaktas oppfatning av ein misjon. Det gjorde det lettare for dei rundt ikkje berre å underlegge seg imperiet, men også bli ein del av det.

Denne makta varte i tre hundre år. Så lenge imperiet klarte å halde oppe sin indre livskraft og einskapskunne ikkje verda utanfor konkurrere. Det var tre hovudgrunnar til at imperiet fall saman. For det første blei det for stort til at det kunne bli styrt frå eit senter. For det andre skapte ein lang periode av hybris til ein hedonisme som gradvis saug ut den politiske eliten si vilje til stordom. For det tredje var det og ein varig inflasjon som undergrev systemet sin kapasitet til å hald seg opp utan sosiale offer som borgarane ikkje lenger var villige til å gjere. Som historikar må eg vel seie at det er fleire viktige grunnar til at imperiet fell saman, enn det Brzezinski her regnar opp. Det har først og fremst noko med utviklinga av dei forskjellige klassane i Roma, men nok om det.

Han ser på fleire store riker og ein av observasjonane hans er at mest alle desse store imperia hadde eit særskild syn på seg sjølv som noko spesielt som gjorde de overlegne ovafor dei som var utanfor imperiet. Det undra meg kanskje litt at han ikkje nemnde kong Kyros som skapte det store persiske imperiet på 500-talet før vår tid. Nokon meiner at han vart münsteret for alle seinare imperiebyggjarar og ein sentral side ved imperiet hans var at det var så stort at han ikkje kunne styre det med eigne middel. Difor kjøpte han opp stormenn i forskjellige delar av riket og sette dei som styrarar. Oppgåva deira var å krevje inn skatt og hindre og/eller slå ned opprør.

Columbismen

Så set han eit skilje ved Columbus og seier at frå 1492 klarte folk frå den vesle ytre delen av det eurasiske kontinentet, med eit relativt lågt folketal, å vinne verkeleg global dominans ved hjelp av sjømakt. Her beskriv han starten på det eg har kalla den columbiske epoken, med omgrepene columbismen for ideologiar, metodar og kva helst anna som blei brukt for å vinne og halde på denne globale dominansen. Han gjennomgår så korleis forskjellige statar til forskjellige tider hadde leia arbeidet med å legge under seg stadig større delar av verda. Han meiner at Frankrike var dominerande etter Spania, Portugal. Hadde Napoleon sigra i krigstoga sine kunne Frankrike ha blitt dominerande på kontinentet og dermed kunne denne staten ha vorte ei dominerande global makt. Men han tapte og frå 1815 tok England den rolla fram til 2. verdskriga. Sjølv meiner eg no at dei eigentleg vann han under 7-årskrigen 1756-1763.

Men sjølv ikkje England hadde verkeleg global makt. Dei hadde ikkje hegemoni i Europa, men klarte å halde ein maktbalanse der. Så skriv han at utstrekninga og omfanget og gjennomtrenginga av den amerikanske global makta i 1997 var eineståande. Grunnlaget for dette var det materielle ved at USA sto for 50 % av verdas brutto nasjonalprodukt like etter 2. verdskrig, mens det seinare hadde stabilisert seg på rundt 30 (fram til 1997). Ingen andre statar hadde vore i nærlieken. Og enno viktigare, USA hadde vore i spissen for den vitskaplege utviklinga i verda, noko som han meinte kom til å vare lenge. Kort sagt, skriv han var USA overlegen på dei fire avgjerande områda når det gald global makt: militært, økonomisk, teknologisk og kulturelt.

Ein kommentar kan vere på sin plass her. I 1998 var BNP i USA 9 milliardar dollar. Då var BNP i Kina i nærliken av 1 milliard dollar. I 2020 var BNP i USA rundt 21 milliardar dollar medan BNP i Kina var over 14 milliardar dollar. Det er litt over ei fordobling i USA og ein auke på 14 gongar i Kina. Målt etter kjøpekraft var BNP for USA i 2020 på 15,8 milliard dollar og for Kina på 18,3 milliard dollar. Industriproduksjonen var i USA i 1997 på litt under 1,4 milliardar dollar og i 2019 på 2,3 milliardar. Industriproduksjonens del av BNP var på 16 % i 1997 og på 11 % i 2019. For Kina finn eg først tal frå 2003. Då var industriproduksjonen på 626 millionar dollar. I 2020 var han på 3,9 milliardar dollar. Dette er ein gigantisk auke på svært kort tid – berre 17 år. Industriproduksjonen var då på vel 26 % av BNP. Det tyder at Kina er ein industriell gigant ved sidan av USA. Dette vil sette Brzezinski sine analysar i perspektiv og seier meir om det økonomisk styrkeforholdet i verda enn mykje anna.

Så meinte han at USA si globale makt blir utøva på ein særskild amerikansk måte som er eit spegelbilete av USA sine eigne erfaringar med pluralismen både i samfunnet og det politiske systemet. Her ser vi att korleis han skjuler den mørke aggresjons- og folkemordsida. Det er den grunnleggande veikskapen i analysane hans og i heile den amerikanske utanrikspolitikken. Denne sida må dei halde skjult for at ikkje USA skal bli avslørt som verdas mest aggressive stat. Dei har eit enormt propaganda-apparat som jobbar heiltid med det. Difor er om lag alt som kjem gjennom dette apparatet, villeande.

Management of consent

Det er viktig å omsette denne overskrifta rett. Etter å ha sjekka Oxford Dictionary er det meining 2 som her er aktuell: *The use of contrivance, prudence, ingenuity or (especially) deceit or trickery for effecting some purpose (Bruk av påfunn, klokskap, smartheit eller (spesielt) bedrag eller simple knep for å oppnå eit endemål)*. Eg tenker derfor at ei grei norsk omsetting er *Manipulasjon av samtykke*. Her er det passande å sjå litt på den historiske utviklinga av USA sitt propaganda-apparat.

Det er godt dokumentert korleis dei leiande avisene i USA fremma krigen mot Spania før 1900 med overdrivingar av kor gruelege fienden var, svartmalande historier tatt ut or samanhengen osb. Men her skal eg sjå nøyare på utviklinga av den meir profesjonelle amerikanske propagandaen som no dominerer heile den «kvite», columbiske verda. Det kan passe å starte med 1. verdskrig då USA gjekk med i krigen på England og Frankrike si side. Presidenten Woodrow Wilson hadde då eit problem. Størsteparten av amerikanarane var pasifistisk og nøytral innstilt. I tillegg hadde ein millionar av innvandra tyskarar som sympatiserte med Tyskland og deira allierte. Dessutan var det mange fagorganiserte som såg på krigen om ein kamp mellom dei rike og ikkje ville bli trekt inn i han.

Då oppretta Wilson ein Committee on Public Information (CPI). Dei opna ei heilt ny dør for nye propagandadimensjonar. Berre på nokre månader hadde dei klart virke slik inn på heile folket at dei var blitt begeistra for denne «krigen som skal få slutt på alle krigar», for å «gjere verda sikker for demokrati» i Wilsons berømte ord. Media blei mobilisert for å påverke den offentleg meininga på måtar ein aldri hadde sett før og knapt tenkt var mogleg. Avisene trykte pamflettar som blei spreidd over heile landet. Den nye filmindustrien blei ein kraftig makt i propagandaarbeidet. Radioen spelte enno ikkje så stor rolle, det endra seg først i 20-åra. Over heile landet blei avisene sensurert og fekk propagandamateriell frå CPI. CPI laga kvar veke sine eigen brosjyrar i opplag i hundretusentalet som kom ut i den minste avkrok. I grove tonar malte dei ut kva som trua Amerika om tyskarane skulle erobre landet. Eit av dei store tiltaka var ein pamflett som blei trykt i fem millionar med tittel «How the War Came to America».

Plakatar og posterar hadde gjennomgåande som motiv skumle menn med pikkel-hjelm, væpna med bajonettar og grove eller blodige hender som angrep andre land eller uskyldige, redde kvinner og

barn med eit øydelagd landskap som bakgrunn. Hollywood produserte kortfilmar med kjende skodespelarar, mellom dei Charlie Chaplin. Dei spreidde fiendebiletet skapt i England med hordar av «hunalar» som førestelde tyske soldatar. Svært verksam var dei såkalla «fire-minutt menn», lokale kjendisar som stod opp på kino- og teaterførestillingar og held korte appellar stort sett skriven av CIP. Veke etter veke vart det til saman organisert 175 000 slike førestillingar. CPI utvikla seg til eit veritabelt propagandaministerium til det blei lagd ned i 1919.

Dei som hadde organisert dette hadde ikkje føresett kor enorm verknad det hadde. Det gav uana moglegheiter til å endre folk si oppfatning om verda. Frå folk rundt CIP oppstod i 1921 *Council on Foreign Relations* (CFR) grunnlagd av bankierar, forretningsfolk og juristar med stor innflyting. Dette «rådet» har blitt til ein av dei «tenketankane» med mest innflyting i verda. USA sin vekst til verdsmakt blei følgd og tenkt ut i forkant, også ved hjelp av deira fagtidsskrift *Foreign Relations*.

Ein av grunnleggarane av CPI og CFR var Walter Lippman (1889-1974). Han var ein av dei amerikanske journalisten med mest innflyting i førre hundreår mellom 1930 til ut på 1960-talet. Då publiserte meir enn 200 USA-aviser hans innlegg samstundes og han hadde på toppen av karrieren meir enn ti millionar leesarar. Den personleg innflytinga hans var legendarisk. Han fekk opne dører omtrent over alt. Fleire gongar endra han kva som var viktig å skrive og snakke om i USA. Presidentar, politikarar og den politisk interessert offentlegheita høyarde på han. Han hadde innflyting på Wilsons 14 punkts plan i 1918 som var ei skisse av korleis etterkrigsordninga i Europa skulle vere og ein artikkel som kom etter at Tyskland gjekk til uinnskrenka ubåtkrig i februar 1917 lanserte han tanken om ein atlantisk fellesskap som seinare førte til NATO. Han kom frå ein storborgarleg familie, studerte ved Harvard og ferdast i dei høgste kretsane i samfunnet. Han såg opp til Sigmund Freud som han kjende personleg og drog denne sine teoriar om det undermedvetne inn i politikken.

Den boka hans som fekk størst innflyting kom i 1922 og hadde tittelen *Public Opinion*. Hans oppfatning var at den verda vi lever i var blitt så kompleks at dei fleste menneske, ut frå sine livserfaringar, ikkje kan forstå han. Men menneska dannar seg, på grunnlag sine erfaringar, eit bilet av verda. Den verkelege omverda er for stor og for kompleks og for flyktig til at folk kan fatte han direkte. Menneska orienterer seg difor til ei halvverd av biletet som dei skapar seg sjølv. Ut frå dette blir det skapt ei offentleg mening. Så går han inn på korleis dei som styrer kan virke inn på denne offentleg meininga. Ut frå det han skriv argumenterer han for ei elitestyring der ideelt sett folk med moralsk integritet, kalla ekspertar, skal skape ei biletverd som den breie massen følgjer velvillig og utan motstand. Og media trengs for dette formålet.

Lippman meinte altså at makt og herredøme ikkje kan finne stad utan manipulasjon av «biletverda» ut frå synet til eliten. Samstundes erkjende han faren for at stat og samfunn, dersom dei gav seg ut på dette, kunne leie til ein demagogisk forføring. Han var også ein stor tilhengar av den frie marknaden. I august 1938 vart det halde eit såkalla Walter-Lippmann-kollokvium i Paris organisert av leiande intellektuelle i Europa. Bland desse var Friedrich August von Hayek, den store frimarknadsprofeten. Han uttrykte at Lippmann sine tankar og ei biletverd skapt av Lippmann sin «informasjonselite» var eit ideelt verktøy for innflyting og manipulasjon av den offentlege meining også når det gald økonomi og kunne medverke til ei langsiktig utvikling mot ei usynleg regjering og sann herskarmakt. Dette har også blitt brukt for å fremme ideologien bak de såkalla nyliberalismen der privatisering blei framstilt som noko naudsynt for å få ned kostnader og skape arbeidsplassar, sjølv om det til sosialt elende, meir usikre arbeidstilhøve med løner som ein ikkje kunne leve av osb. Alt for å auke konkurranseskrafta. Walter-Lippmann-kollokviet var den første samlinga av tilhengarar av frimarknads-teorien som vann fram på 1970-talet og sigra i verdsøkonomien på 1980-talet.

Etter 2. verdskrig grunnla Hayek i 1947 Mont Pèlerin Society (MPS)^{xxxii} i Sveits, ei samanslutning av akademikarar, forretningsfolk og journalistar med det målet å overtyde kommande generasjonar om fordelane ved den «frie marknadsøkonomien». Ettersom tendensen til fallande profitrate etter 2. verdskrigen begynte å svi skikkeleg for kapitalen vart det behov for å kvitte seg med den sosialdemokratiske, keynesianske økonomiske politikken og då vann Hayek sine åndeleg-politiske frimarknadsidéar fram som erstattar. Propagandistisk vart dette gjort etter Lippmann si oppskrift. Medlemmer av denne gruppa har klart å få tak i åtte nobelprisar i økonomi, eit slåande prov på deira verksame *networking*.

Manipulasjonen for å få «massane» til å godta og gå inn for nyliberalismen som fører til meir oppvarming av jorda og klimaproblem, børskrasj med følgjene av det, som fører til veksande sosiale forskjellar med nokre svært rike og auke av fattige, geopolitiske endringar, krigar og vald med migrasjonar og flyktningkrisar, blei framstilt på slike måtar at folk rett og slett blei lokka til å gå mot sine eigne grunnleggande interesser.

Som Michael Lüders seier i *Dei scheinheilige Supermacht*, som eg har bruk mykje som referanse her, er ikkje pressa, eller media i det heile, noko upartisk del av samfunnet. Media er framfor alt ein kamplass der talrike aktørar prøver å få innflyting på den offentlege meiningsa. Media er under innflyting av sterke pressgrupper og speglar dei eksisterande makttihøva i verda. Jo færre svært rike personar som eig og kontrollerer media, desto klarare har dei også kontroll på å påverke den offentlege meiningsa. Dei mektigaste si innflyting skjer med subtilt verkande propaganda. Den store teoretikaren (og tidlege praktikaren) i denne verksemda var Edward Bernays.

Edward Bernays og management of consent

Walter Lippman og boka hans *Public Opinion* som kom ut i 1922 fekk svært stor innflyting. Men den som utvikla dette arbeidet mest var Edward Bernays. Han har summert opp hovudtankane sine slik: «Den medvetne og intelligente manipulasjon av dei organiserte vanar og meiningsa til massane er eit viktig element i det demokratiske samfunnet. Den som manipulerer denne usynlege samfunnsmekanismen dannar ei skjult regjering som er den sanne herskarmakta i landet vårt.»^{xxxiii}

Bernays mor var ei syster til Sigmund Freud og Bernays hadde og tatt til seg Freud si «oppdaging» av det undermedvitne. Han hadde Lippmann som eit førebilete, og var også tilhengar av hans økonomiske syn, men Bernays perspektiv var i utgangspunktet utvikling av reklame for å få folk til å kjøpe spesielle varer. Hans nye grep, som vi kjenner svært godt i dag, var å knytte varene til ein livsstil. Men det tok ikkje så lang tid før han gav seg inn på det politiske feltet. Der Lippmann snakka forsiktig om at elitedemokrati snakka Bernays i klartekst. «Ein presidentkandidat kan bli utvald på grunn av at han allment sett er godt likt. Men til sjuande og sist kan eit halvt dusin menn på eit hotellrom bestemme kva som skjer med ham.» «Små grupper er i stand til å treffe avgjerd om korleis resten av oss tenkjer, nett etter som det fell dei inn.» «Når man lukkast med å få innflyting på leiarar, kan man, med eller utan deira medvetne samarbeid, automatisk kontrollere gruppene som dei leier... For mennesket er eit samfunnsvesen, det kjenner seg vel i flokken ...». «Det vi treng er ei leiing som er demokratisk leia av eit mindretal og som veit korleis dei skal bringe og føre massen på linje.»

For Bernays er forskjellen på demokrati og diktatur at berre nokre manipulerte sanningar er tillate i diktaturet, men at folk i demokratiet har høve til å velje mellom fleire manipulerte sanningar.

Bernays leia tidleg den største propagandakampanjen i fredstid mellom 1919 og 1934 då han hjelpte leiarane i Amerikas National Electric Light Association sin kampanje for privatisering. Det lukkast dei

med og det nye firmaet vart kalla General Electric (GE) som i dag er eit av dei største private konsern i verda.

Når vi ser på desse to viktigast idégivarane innan propaganda og offentlegheitsarbeid i førre hundreår var dei naturleg knytt saman med Big Business, marknadsfundamentalisme og meiningsmanipulering.

Eit viktig triks var å knytte varer til livsstilar som folk sette pris på. Dette blei brukt Bernays store kampanje for firmaet Beech-Nut Packing Company, som selde kjøtvarer. Salet gjekk ikkje så godt. Då kom Bernays opp med tanken om at endre frukostvanane til amerikanarane frå toast, appelsinsaft og kaffi, til skinke og kjøt. Han satsa på å vekke nye behov som mediebrukarane villig følgde. I denne som i dei andre verveaksjonane satsa han framfor alt på to yrkesgrupper, legar og skodespelarar som offentlegheita var vande med eller såg som førebilete.

Han lønna ei rekke legar svært godt og dei sto fram i vekerevyane på kino og radioprogram og snakke om kor sundt der var med kjøt og skinke til frukost. Godt løna skodespelarar laga sketsjar der dei hadde frukost i ei venleg familiesetting og la vekt på kor mykje energi dei fekk av ein frukost med kjøt og skinke. Og slik gjekk det til, som Bernays biograf Barry Lye skreiv, at kjøt og skinke blei «for alle tider ... eit fast del av det amerikanske frukostbordet.» For oppdragsgjevarane, som no heiter Beech-Nut Corporation, var det ei sann gullgruve.

Men den mest kjende av Bernays kampanjar var den han førte for American Tobacco Company for flaggskipet deira, Lucky Strike. Det tok til i 1928 og med fantastisk suksess. I tiår blei merket verdsleiane. Her brukte han igjen legar som forklarte for offentlegheita kor sundt der tross alt var å røyke, og skodespelarar fekk i oppdrag å formidle den nye Lucky Strike livsstilen til dei breie massane gjennom å opptre som førebilete. Røyking hindra overvekt og var eit teikn på frigjorte kvinner og ein laid-back livsstil. Kvinneleg skodespelarar blei brukt for dette. Samstundes sørja Bernays for at restaurantar førte sigarettar på dessertmenyen. Sigarettane blei kalla fridomsfaklar. Kvinnene i familien blei oppfordra til å alltid ha eit forråd av Lucky Strike i huset, slik som dei også hadde andre livs- og vaskemiddel. Omsetninga eksploderte. Resten av denne historia er velkjend.

Eit eksempel frå Guatemala

Han førebudde også USA sin militære intervensjon i 1954 i Guatemala. Metodisk gjer det ingen forskjell om ein seljer sigarettar som «fridomsfaklar» eller om ein seljer eit militærkupp som fridomskamp mot kommunismen. Og særleg ikkje når interessene til big business fell saman med hegemonikrava frå Washington. I dette tilfellet blir meiningskapinga ved hjelp av media til ei vare som blir så populær at ho seljer seg sjølv. Tilfellet Guatemala har ei lang historie som det ikkje er mogleg å fortelje her. Men i korte trekk går det ut på at amerikanarane sidan 1980-talet hadde importert store mengder bananar frå Sentral-Amerika. Den største importøren var det amerikanske United Fruit Company (UFC) som med hjelp av ein aggressiv strategi i løpet av nokre få år tileigna seg store landområde frå Sør-Mexico til Columbia og i Karibia. Etter kvart forvandla dei sentralamerikanske statane seg til «bananrepublikkar» der grovt underbetalte lokalarar jobba på store plantasjar. Då dei gjorde opprør i Columbia i 1928 blei militæret sett inn og 2000 arbeidarar blei skotne og dei slaveliknande tilhøva for arbeidarane endra seg ikkje. Det brutale regimet til UFC i Columbia er godt avslørt av Gabriel García Márquez i romanen *Hundre års ensomhet*.

På slutten av 1940-talet var UFC eit av dei største føretaka i USA. For å vekse vidare engasjerte dei Bernays som med sine vanlege ovannemnde metodar overtyda folk i USA om at bananar var sunt og at ikkje nokon hushalding burde vera utan. Så sendte han utvalde journalistar på reportasjeferd til

Sentral-Amerika for å vise kor bra arbeidarane der hadde det. Han oppretta eit nært samarbeid med New York Times der Bernays kone var kusina til utgjevaren av avisa, Arthur Hays Sulzberger.

Avisa offentleggjorde ein rekke artiklar om Guatemala, der UFC sin måte å sjå sakene på, blei framlagt. Guatemala var, som naboane sine, halde godt i grepet til UFC som hadde bygga opp mest heile infrastrukturen i landet ut frå sin behov. Mest alle landarbeidarane arbeidde under elendige tilhøve på bananplantasjane. UFC eigde eller kontrollerte om lag 70 prosent av jorda i landet. I 1944 blei ein av generalane som samarbeida med UFC ikkje attvald som president. Den nye regjeringa, , begynte under leiing av presidenten Jacobo Arbenz Guzman, å gå inn for sosiale reformer til beste for landarbeidarane og andre i landet. Etter nytt val i 1951 som Arbenz vann med 85 prosent av stemmene blei dette arbeidet forsterka. Han innførte ein moderat inntektsskatt og en sosialforsikrings-ordning. Arbeidarane fekk rett til å organisere seg og streike. Det blei bygga mange fleire skular og sjukehus. Vegar og hamner vart modernisert. Så konfiskerte regjeringa Arbenz fleire hundre kvadratkilometer med brakk plantasjeiland og kompenserte eigarane, overklassen i landet, med statsmiddel. Jorda blei delt ut til eigedomslause daglønarar. Men då Arbenz i 1953 eksproprierte brakkjord som UFC eigde hadde han gått over ei raud linje. Sosiale ordningar til kostnad for amerikanske storføretak, i USA sin bakgard – kva om dette blei et førebilete for andre.

Bernays, som framleis jobba for UFC, var svært verksam. Han hadde i mars 1951 advart kompaniet for følgjene av ei eventuell statleg overtaking av oljeindustrien i Iran under Mossadegh. Dei måtte hindre at dette fekk negative verknader for UFC i Latin-Amerika. Han rådde til at det blei tatt tiltak for å beskytte US-amerikanske forretningsinteresser i Latin-Amerika. Konkret rådde han til at ein høgtståande latin-amerikansk politikar skulle fordømme statleg overtaking i Iran. Så skulle ein kjend jurist gi juridiske grunnlag for at statleg overtaking av privat eigedom var illegal. Dernest skulle eit amerikansk eliteuniversitet organisere ein konferanse og der skulle dei diskutere korleis dei best kunne møte slike fiendtlege handlingar. Og til slutt kunne presidenten i USA og utanriksministeren gjere det klart at slike statlege overtakingar sør for Rio Grande var i motstrid med Monroe-doktrinen frå 1823, der Latin-Amerika var gjort til USA si økonomiske innflytings-sfære.

Leia av Bernays medie-kontaktar og drive av hendingane i Iran, offentleggjorde avisene i USA, særleg New York Times, stadig meir alarmerande artiklar om Guatemala, der «sovjetkommunismen» truga Amerika og den amerikanske way of live (levemåten). På kinoane viste vekenyheitene korleis United Fruit Company, saman med dei patriotiske kreftene i Guatemala, jobba i tenesta til menneska sin fridom, demokrati og velstand. Mens kommunistane i Arbenz-regjeringa var gissel og agerte meir og meir som ein femtekolonne for Moskva. Slike oppslag prega i fleire månader det biletet som blei gitt av Guatemala i media og dermed i den USA-amerikanske offentlegheita.

Bernays hadde sett saman ei gruppe på rundt 100 «linjetru» journalistar som reiste mange gonger til Guatemala og Sentral- Amerika, for det meste finansiert av United Fruit Company, og dei forfatta bidrag i storføretakets ånd. Bernays' biograf Larry Tye undra seg «Det er overraskande at eit så stor tal med anerkjende reporterar anten ikkje visste eller ikkje ville vite, at Bernays handla på oppdrag frå eit firma, som det stod store økonomiske interesse på spel for.»

Som venta fenga også framstøyt frå UFC i utanriksministeriet. Det var heller ikkje så vanskeleg fordi utanriksminister, John Foster Dulles, lenge hadde vore advokat tilsett hos United Fruit Company. Broren hans, CIA-sjef, Allen Dulles ,visste også kva han måtte gjere, for forretningsinteressene til UFC og dei geopolitiske interessene til USA utfylte og kryssa kvarandre. I juni 1954 rykka ein spesialtropp på 500 mann, leiar av CIA, under nominell kommando av ein eksilguatemalar, Castillo Armas, inn i hovudstaden. Samstundes gjekk kamp-jetfly utan landskjenneteikn til åtak strategisk viktige mål i

Guatemala, mens USA sin tidlegare utsending i Guatemala City forlangte ovafor det lokale militæret at dei skulle felle Arbenz.

Dermed vart den demokratisk valde Arbenz tvinga til å gå i eksil i Mexico. Det første den nytilsette presidenten, Armas, gjorde var å gi det konfiskerte landområdet tilbake til UFC og å avslutte dei sosiale programma. Så følgde 40 år med borgarkrig med meir enn 200 000 daude. Dette likna på mønsteret frå kuppet i Teheran i 1953. Desse kuppa er mønster for heile den seinare utanrikspolitikken til USA etter 2. verdskriga. Det same er dei propagandametodane som blir følgt for å manipulere folk til å bli samd med måla til nokre få mektige menn (og etter kvart nokre kvinner) og særleg til dei overordna måla i den amerikanske geo-imperialismen.

Livslaupet og virket til Walter Lippman og Eward Bernays, som begge var tidlege representantar for meinings-manipulering i den vestlege (elite)demokratia har vist noko viktig. Den offentlege meinингa kan, med hjelp av massemedia og godt plasserte nettverk, utan vidare bli manipulert, anten det gjeld varekjøp eller politisk innstilling. Når det «onde» er klart vist til, syns sjølv krigar eller militære intervensionar som legitimt forsvar for fridom og demokrati. Om fienden er «hunaren» eller «sovjetkommunismen» eller «mullahane» eller «Russland» er berre eit spørsmål om finjustering. Og om «fienden» er statar som prøver å bygge seg opp demokratisk, utanfor amerikansk kontroll, så er dei diktatur.

Men i dag drivs ikkje dette av enkeltpersonar som Bernays. No drivs meinings-manipulasjonane av «tenketankar», lobbygrupper, reklamebyrå og juridiske samanslutningar bak kulissane.

Den store og grundige avsløringa og beskrivinga av den moderne meiningsmanipuleringa finn vi i boka *Manufacturing Consent* av Edward Herman og Noam Chomsky. Dei skriv altså om produksjon av semje. Bernays sitt system er blitt utvikla og utbreidd på ein slik måte at det no er ei heil industri som produserer semje om dei amerikanske herskarane sine mål, med manipulatoriske metodar. Dette er følgd opp i fleire studiar. Eg nemner her Antonio Demaggio si bok *When Media Goes to War* frå 2009 som i detalj tar for seg USA-leiinga sin enorme manipulering av fakta før og under Irakkriken og politikken ovafor Iran for å få dei til å passe inn i sine geo-politiske mål og for å få oppslutnad om dette i USA og dei delane av verda som høyrer mest på USA sine leiarar. Med dette som bakteppe tar dei opp sjølve det amerikanske systemet for meiningsmanipulering. Den anerkjende amerikanske medie-analytikaren, Robert W. McChesney.^{xxxiii} Det som har ført til ei stadig større einsretting av media i USA i dei siste tiåra er den store monopoliseringa av mediekonserna og avisene under eigarskapet til nokre få svært rike mediemogular som også er svært involvert i utviklinga av USA si makt i verda.

Dei fem mediefiltera

Men la oss sjå på dei viktigaste filtera som Herman og Chomsky fann blir nytta i manipulering i «Vesten». Det første filteret er prisen for å opprette nye store mediekanalar. Det er så dyrt at berre dei med store økonomiske ressursar kan gjere det. Dermed er det slik at alle dei store media-monopola er eigd av den øvste overklassen i verda, dei superrike. Eit par eksempel er at Amazon-grunnleggaren Jeff Bezos som kjøpte Washington Post i 2013, ei avis som ved sidan av New York Times er eit fyrtårn for det nyliberale verdsbiletet. Børs-guruen Warren Buffet eig holdingselskapet Berkshire Hathaway med 21 avisar. Det vidjetne Koch-imperiet, grunnlagd av brørne Charles og David Koch, og som aktivt støtta Tea-Parti rørsla har kjøpt seg inn i Times. Det er rimeleg å tenke at det er for med tida å overta Time-Magazine. Men i staden kom software-milliardæren Marx Benidoff på banen og kjøpte Time Magazine i september 2018. Benidoff var det det som, på det økonomiske forumet i Davos hevda at det ikkje var regjeringane, men føretaksleiarane i verda, som han, som

heltane i kampen mot Coronaen. For føretaka kunne reagere raskt, ikkje for å skape seg meir profitt, men for å redde verda. Denne uttalen blei lett forstått slik at små mannskap av superrike i mellomtida følgde sin eigen transnasjonale agenda, uavhengig av statsleiingane.

Denne oppkjøpinga av media må og sjåast i samanheng med den finansielle støtta frå dei rike til tenketankar og filantropiske organisasjonar som har ein klar bodskap. Den mest aggressive sida, der vi finn brørne Koch, har samla inn 1,5 milliardar dollar for å endre den amerikanske politikken ut frå den nyliberale ideologien til von Hayek.

Denne utviklinga finn vi og i England, Tyskland og andre land. Noko som Lüders går nøyne inn på.^{xxxiv}

Det andre filteret er annonsemakta. Her er det dei rikaste føretaka som har dei største reklameressursane og desse kan dei gi til eller ta frå media ettersom dei er nøgd med deira redaksjonelle linje eller ikkje.

Det tredje filteret er kor media får nyheitene sin frå. På grunn av kostnader, men og fordi dei ofte delar verdsbilete oppstår det ein slags symbiose med mektige informasjonshaldarar. For USA nemner Chomsky særleg pressekonferansar i det Kvite hus, Pentagon, Utanriksdepartementet. Desse produserer ei mengd med informasjon som er samle inn av etterretningsorganisasjonane deira og dei opplysningane som passar med politikken deira, slepp dei vidare til media. Berre Pentagon har ein informasjonsteneste med fleire tusen tilsette med budsjett på fleire hundre millionar dollar i året. Opplysningar herifrå får media gratis. Sjølv inne i USA er det kritikk mot dette. I 2009 uttalte sjefen for telegrambyrået AP i USA at Pentagon hadde bygga seg ut til ei «propagandamaskin som agerte i heile verd». Han fekk under Irak-krigen beskjed frå militære leiatar at dei ville «øydeleggje han og AP om han og byrået vidare heldt fast på journalistiske prinsipp».^{xxxv}

Det fjerde filteret kalla Herman og Chomsky for flak, dvs. vern mot flyåtak. Media vil produsere det som er mest mogleg nyttig for massane. Når dei gjer det så passar dei på å ikkje ta opp tema som kan føre til at dei kjem i sokelyset til samfunnsgrupper eller nokon del av makteliten som ikkje er samde med temavalet eller måten dei fortel det på. Viss media gjer det kan dei bli utsett for «sperreeld» til dømes skriv til Kongressen eller klagar på sjikane. Her er det viktig for media å samarbeide med makthavarane og regjeringsorgana for å halde reide på kor den raude linja går. Det blir då ei kjøplåleng. Politikken steller seg bak media og vernar dei mot «kverulantar». Media betalar tilbake ved at dei ikkje så fort kjem på ideen å uttale seg mot ein Iran-krig, for eksempel. I Tyskland har dei ordna dette meir institusjonelt ved å opprette eit råd som handsamar klager. Elles har vi seinare sett at media sjølv opprettar såkalla «fakta-sjekk» organ for å tvinge alle til å halde seg innan dei rammene som dei store media har frå makthavarar og politiske leiingar.

Det femte feltet er reint propagandistisk. Det er oppdelinga av verda i «gode» og «vonde». Det «gode» er alltid det som dei vestlege overklassane vil ha og det «vonde» er det som gjer motstand mot dette. Det er som å underkaste seg den «dominerande religionen». Dei som vågar i skrive noko som kan tolkast til skade for dei «gode» eller til nytte for dei «vonde» blir hengd ut, kalla for konspirasjonsteoretikarar og alt ille som dei som er innanfor den rådande offentleg «religionen» kan finne på. Og fordi dei er så innprenta med grunnlinjene i si tru blir dei ofte svært oppauste over at nokon kan hevde noko anna enn den offentlege medie-meininga. Med andre ord er det senka ned eit jarnteppe mot fienden som du ikkje skal få gløtte forbi.

Som lærar i ungdomsskulen såg eg kva desse fem filtera blei til i ei lærebok i samfunnskunnskap. Filter 1 var der blitt til det nye, nr. var det uvanlege, nr. 3 det dramatiske, 4 det nære og 5 det emosjonelle. Eg hadde ikkje lese Chomsky då, men la no til annonsemakta og kor lite av det som skjer i verda som kjem i media og at det står interesser bak kva som blir vald ut.

Meir frå «det store sjakkbrettet»

Det USA gjer for å leie verda, skriv Brzezinski, er å kooptere (ta inn i gruppa si) tidlegare rivalar, som Tyskland og Japan etter krigen, og Russland etter 1991. Så har USA stor innflyting på avhengige utanlandske elitar gjennom appellen frå sine demokratiske prinsipp og institusjonar. Same veikskapen finn vi i denne «analysen» og. Så trekk han fram at USA dominerer den globale kommunikasjonen, den folkelege underhaldninga, massekulturen og påverknaden av Amerikas framskridne teknologi og militære rekkevidd. I tillegg nemner han den amerikanske business-modellen som mange meinte var den beste.

Konklusjonen var at Amerika sin dominans kvilte på eit velutvikla system med alliansar og koalisjonar som IMF, Verdsbanken, NATO og samarbeide med Japan (som han også karakteriserer som eit amerikansk protektorat) samt den nye Asia- Pacific Economic Cooperation Forum (APEC), og dessutan USA si deltaking i Europa sine saker. I tillegg er det prosedyrar i verda som tar seg av konsensus når det gjeld bestemminga, men som er dominert av USA.

Han samanfattar det heile med at USA i motsetnad til tidlegare imperia er eit svært og samansett system og ikkje ein hierarkisk pyramide. Makta blir utøvd gjennom forhandling, dialog, spreiing av idear og arbeid for formell semje, sjølv om makta til sjuande og sist spring ut av ei kjelde, nemleg USA. USA sitt overherredømme har skapt **ein ny internasjonal orden**, med sine eigne reglar, som ikkje berre kopierer, men institusjonaliserer utanlands mange av trekka til det amerikanske systemet inne i landet.

Eit grunnleggande standpunkt er at USA må dominere det eurasiske kontinent for å sikre seg sjølv. Det er der maktspelet må spelast og det i samsvar med USA sine eigne reglar.

Det eurasiske sjakkbrettet

I andre kapittel av boka si legg Brzezinski ut det han kallar det eurasiske sjakkbrettet. Kapitelet startar slik: «For Amerika er Eurasia den viktigaste geopolitiske vinninga.» «...Amerikas globale førsteplass avheng direkte av kor lenge og kor effektivt denne forrangon på det eurasiske kontinent kan haldast oppe.» Legg merke til at han bruker omgrepene Amerika om USA, sjølv om Amerika omfattar eit todelt kontinent der USA berre utgjer ein del.


Om USA si eigenforståing av rolla si i verda sluttar Brzezinski seg uttalen frå den politiske vitskapsmannen Samuel P. Huntington frå Harvard universitetet i 1993. «Ei verd utan leiinga frå USA vil vere ei verd med meir vald og uorden og mindre demokrati og økonomisk vekst enn ei verd der USA har meir innflyting enn noko anna land for å innverke på dei globale affærane. Ei varig internasjonal forrang for USA er sentralt for velferda og sikkerheita til amerikanarane og til framtidia for fridom, demokrati og opne økonomiar og internasjonal orden i verda.»^{xxxvi}

I denne samanhengen er det kritisk korleis Amerika «styrer» Eurasia, skriv Brzezinski. For Eurasia er verdas største kontinent og verdas geopolitiske akse. Ei makt som kontrollerer Eurasia ville kontrollere to av verdas tre mest framskridne og økonomisk produktive regionar. Vi treng berre sjå på kartet for å finne at kontroll over Eurasia mest automatisk vil føre med seg Afrika si underordning og gjere den vestlege halvkula og Oseania til geopolitiske utkantar i høve verdas sentrale kontinent.

Han viser så til at Eurasia har om lag 75 % av folka i verda, at mesteparten av den fysiske rikdommen i verda er der og både i føretaka og under jorda. Eurasia står for 60 % av verdas BNP og om lag 3 fjerdedelar av verda sine kjende energiressursar. Etter USA finn vi dei seks nest største økonomiane og dei seks nest største våpenmaktene i Eurasia. Konklusjonen er at alle dei potensielt politiske

og/eller utfordrarane til USA si forrang, er eurasiske. Samla sett er Eurasia si makt svært mykje overlegen den amerikanske, men heldigvis er Eurasia for stort til å bli ein politiske einskap.

Difor er Eurasia det sjakkbrettet der kampen om global forrang fortsett å spele seg ut. Så delar han «sjakkbrettet» i fire område.



Slik er området for spelet om Eurasia, skriv Brzezinski. Så seier han at vilkåra for amerikansk kontroll med heile spelet er fleire. Eit vilkår er at Middle space, det vil stort sett seie Russland, kan bli dradd inn i innflytings-området til det veksande/ekspanderande West der Amerika har ei leiande stilling. Dei andre vilkåra er at South ikkje blir dominert av ein enkelt spelar og at East ikkje blir sameint på ein måte som bidrar til at USA blir kasta ut frå basane sine utanfor kysten. Så lenge situasjonen er slik vil USA vinne fram i spelet. Men, seier han, dersom Middle space støyter frå seg West og blir eit einskapleg område, og anten får kontroll med South eller oppnår ein allianse med ein større austleg aktør, så blir Amerikas leiarstilling i Eurasia dramatisk innskrenka. Til metodane seier han at manøvrering, diplomati, koalisjonsbygging, få statar til å slutte seg til USA-sida og svært overlagd bruk av dei politiske aktiva ein har, har blitt dei viktigaste ingrediensane for å lukkast med å utøve geostrategisk makt på det eurasiske sjakkbrettet.

Så viser han til Harold Mackinders slagord om at dei som herskar over Aust-Europa bestemmer over sentraleuropeiske hjartelandet og dei som herskar over hjartelandet bestemmer over Verdsøya, dvs. seie Eurasia, og den som herskar over Eurasia bestemmer over verda.

For å sikre USA-dominans over verda må altså USA herske over desse delane av Eurasia. Først må dei sikre seg heile vest. Så må dei sikre seg Middle space eller Russland. Dette har vore utgangspunktet for USA sin politikk i dette området i lange tider, og blei særleg aktuell etter at Sovjet-Unionen gjekk i oppløysing. Brzezinski peiker ut to skritt for å hindre at ein rival til Amerika kan vekse fram i dette området.

Først må dei identifisere dei geostrategisk dynamiske eurasiske statane som har makt til så skape ei potensiell endring i den internasjonale maktdistribusjonen og dessutan sette fingeren på dei geopolitisk kritiske eurasiske statane som er plassert slik og har ein slik eksistens at dei har omdannande innverknad på dei meir aktive geostrategiske spelarane eller på regionale forhold.

Så må ein utforme spesifikke politikkar for USA slik at dei kan hindre, få med seg, og/eller kontrollere dei statane som er aktuelle etter det som er sagt ovanfor, for å halde oppe og fremje livsviktige amerikanske interesser og sjå for seg ein meir omfattande geostrategi som dannar eit samspel med dei meir spesifikke politikkane til USA i global skala.

Han samanfattar det heile i det han kallar ein meir brutal terminologi som går tilbake til den meir brutale tida med gamle imperia: «dei tre store krava i imperiet sin geostrategi er å hindre samarbeid og halde oppe sikkerheits-avhengigheit blant vasallane, å halde dei som betalar tributt medgjerlege og sørge for at barbarane ikkje slår seg saman. Vi kan vel seie at det første og andre har dei førebels klart, men det tredje og viktigaste har dei ikkje lukkast med.

Så identifiserer han fem geostrategiske spelarar og fem geopolitiske omdreiingspunkt (der dei to siste kanskje også kvalifiserer som spelarar) på det eurasiske kartet. Spelarane er Frankrike, Tyskland, Russland, Kina og India, mens Storbritannia, Japan og Indonesia som er viktige land, ikkje kvalifiserer. Dei som spelar ei rolle som viktige geopolitiske omdreiingspunkt er Ukraina, Aserbajdsjan, Sør Korea, Tyrkia og Iran der dei sist også er geopolitisk aktive. Av desse er spesielt viktig at USA får kontroll over Ukraina, og Sør Korea er viktig å halde på for USA i aust.

Så vurderer han desse landa kvar for seg. Frankrike og Tyskland er gode spelarar for USA som vil utvide NATO og EU austetter. Russland, som på denne tida framleis eigentleg var innan USA sin interessesfære, var svak og ville kanskje bli det i lang tid, men spørsmålet var om landet ville vere USA sin ven eller fiende. (Noko imellom finnast ikkje i amerikansk geo-imperialisme. T.V.)

Kina ser han og som ein av dei største spelarane og landet vil etter kvart, med aukande økonomisk utvikling, få større geopolitisk innverknad. India er den mektigaste av dei sørasiske statane og ser seg om ein rival til Kina. Men India er ikkje så mykje å bekymre seg om som Kina og Russland.

Ut frå dette stiller han fleire spørsmål som kva slags Europa vil USA ha, kva slags Russland er i Amerikas interesse og kva kan USA gjere med det, kva er prospektet for at det oppstår ei nytt «Balkan» i Sentral-Asia og kva kan USA gjere for å minske risken for det, kva rolle skal USA oppmuntre Kina til å ha og kva vil det medføre for USA og Japan og til slutt kva slags nye eurasiske koalisjonar er mogleg som er farlegast for USA sine interesser og kva må gjerast for å hindre dei.

Svara er at USA vil ha eit Europa som reelt sette er styrt av USA, men finn seg vel til rette med det. USA bør prøve å utvikle forholdet sitt til Russland vidare frå slik det var under Jeltsin, med demokratisering som tillét USA-kapitalen og det amerikanske politiske systemet der. Skal USA hjelpe Russland med å bli sterkt att, eller vil det då også fjerne seg frå USA. Når det gjeld Ukraina og Aserbajdsjan så må Russland få komme seg på beina att for å utvikle eit demokrati av USA-typen, men dersom det fører til at Russland bli for sterkt i seg sjølv (Brzezinski kallar det at dei vinn att det potensialet sitt til å bli eit imperium) er det ikkje bra for USA sin dominans. Han lurer så på om dei kan få Russland inn i NATO. Då vil USA sikre mykje av dominansen sin på heile kontinentet.

Så seier han litt om korleis ein skal hindre Sentral-Eurasia i å bli eit nytt Balkan. Når det gjeld Kina vil det mest gunstige å få landet med i eit demokratisk fritt marknads-system. Men det kan jo hende at dette ikkje skjer og Kina veks seg mektig utan det. Då er det om å gjere å passe på at Kina berre får ei rolle som regional stormakt og ikkje i verdsmakt. Det farlegaste scenario for USA er at Kina, Russland og kanskje Iran finn saman i ein «antihegemonisk» koalisjon. Det vil seie en koalisjon som ikkje er dominert av USA. Det vil krevje mykje dyktig diplomati frå USA for å hindre at dette skjer. Det vil også vere farleg om Russland og Tyskland finn fram til eit samarbeid.

No, i etterkant, (våren 2022) veit vi at Kina, Russland og Iran faktisk har inngått samarbeid. Det er svært øydeleggande for USA sin plan om verdsherredømme. Dermed blir Ukraina ekstra viktig.

Europa si rolle – brufovud for og vasall under USA

I kapittel 3 skriv Brzezinski om USA sitt demokratisk brufovud på det eurasiske kontinent. Forfattaren er nøyne med bruken av ord og omgrep. Brufovud tyder ifølge Oxford Shorter Dictionary omsett til norsk av underteikna: ei første posisjon som er oppretta bortanfor eit naturleg skilje, som ei elv eller eit hav til dømes. Meininga er at brufovudet skal brukast for å samle styrke til å utvide seg og i ta makt over heile området.

Europa kan vi då sjå på (slik som Brzezinski sjølv vurderer det) som USA sitt brufovud på det eurasiske kontinent. Brzezinski skriv at Europa er USA sin naturlege allierte av mange grunnar og det tener også som utgangspunkt for det Brzezinski kallar den stadige utvidinga av demokrati djupare inn i Eurasia. Ei slik utviding av systemet i Frankrike og Tyskland til landa austover vil ha ei magnetisk tiltrekking på land som Ukraina, Kvite-Russland og Russland. Etter kvart kunne ei slik utvikling føre til at Europa blei ein av dei livsviktige pilarane i ein USA-sponsa større europeisk struktur av sikkerheit og samarbeid.

Den brutale sanninga, skriv han, er at Vest-Europa og i veksande grad Sentral-Europa i det store og heile er eit amerikansk protektorat, der dei allierte statane minner om dei gamle vasallane og dei tributt-pliktige. Dette er ikkje sunt korkje for Amerika eller dei europeiske nasjonane. Derfor ønskjer Brzezinski at desse vasallane skal verte meir samarbeidande statar, men framleis under leiing av USA. Vi skjøner jo, med den svarte, skjulte sida av USA sin geo-imperialisme at dette eigentleg ikkje er mogeleg. Difor er situasjonen framleis slik Brzezinski teikna han opp i 1997.

Så tar Brzezinski opp viktiga av at NATO utvider seg austover. Først var det litt vanskeleg å få Frankrike entusiastisk for dette, mens Tyskland var på linje. Etter krigen kunne dei, under paraplyen til USA, ta eit meir open leiarstilling i Sentral-Europa utan å truge naboane sine samstundes. Dette gjorde at Frankrike også etter kvart ville komme på linje. Sambandet med USA var både eit slags sertifikat på god oppførsel og det forsikra naboane i Europa elles at eit nærrare samarbeid med Tyskland var eit nærrare samarbeid med USA. Det gjorde at Tyskland no kunne fremme assimileringa av Sentral-Europa, som før var innan Sovjet-sfæren, inn i dei europeisk (amerikanske) strukturane. Dette ville ikkje vere det gamle Midt-Europa til den tyske imperialismen, men eit meir velmeinande samkvem for økonomisk fornying stimulert av tyske investeringar og handel. Samstundes kunne Tyskland fungere som sponsor for den eventuelle formelle innlemminga av det nye Midt-Europa i EU og NATO. Tyskland blei i røynde ein klar apostel for austleg utviding. Dei foreslo at EU skulle bli utvida innan år 2000 og at femtiårsdagen for dannninga av NATO var passande for å utvide NATO austetter.

Den sentrale saka for USA er å konstruere eit Europa basert på den fransk-tyske kontakten. Eit Europa som kan fungere men blir lenka til USA og det gjer det mogeleg å utvide området for det samarbeidande, demokratiske internasjonale systemet som den effektive utføringa av USA sin fyrsterang er så avhengig av.

Så skriv han om kor avhengige Europa er av USA for ikkje å bli fangar av dei sosiale sidene ved politikken sin. Det at Europa har komme seg på fote att økonomisk har skjult dei meir langsigktige kostnadane med den tilsynelatande suksessen. Desse kostnadane er øydeleggande både økonomisk og politisk. Kva er så problemet? Brzezinski ordlegg seg slik: «Den politiske legitimetskrisen og krisen når det gjelder økonomisk vitalitet som Vest-Europa står overfor i stadig sterkare grad, men ikkje klarer å løyse, ligge djupt rotfesta i den omfattande stats-støtta sosiale strukturen.» Dette er

det sentrale bodskapet hans. Så seier han at dette «fremmar paternalisme, proteksjonisme og sneversyn. Og at «resultatet er ein kulturell tilstand som kombinerer vellystigheit med åndeleg tomheit – ein tilstand som kan bli utnytta av nasjonalistiske ekstremistar eller dogmatiske ideologar»^{xxxvii}. Denne tilstanden kan, viss den vinn fram vise seg å vere daudeleg for demokratiet og ideen om Europa.» Konklusjonen er at problemet berre kan bli løyst på kontinentalt grunnlag. Det er utgangspunktet for USA si støtte til Europa Unionen (EU) der nedbygging av velferd og avvikling av det nasjonale demokratiet, som har gjort dette mogleg, er målet.

Det som må til, og som Brzezinski var ein varm tilhengar av, er det nyliberale systemet for arbeidsliv og sosiale ordningar som vi finn i USA og som landa i Europa stadig meir har hengd seg på. Europaunionen (EU) er eit mektig verktøy for denne utviklinga og, som vi no har sett, for USA sin geo-imperialisme for å dominere heile det eurasiske kontinentet.

Kva tyder dette. Det tyder at dei europeiske sosialstatane som blei bygd opp etter 2. verdskrigen på nasjonalt grunnlag, må demonterast, og at velfungerande statar berre kan utvikle seg i eit eurasisk rom som USA herskar over. Ut frå dette tar han også opp farens for at Tyskland skal begynne å føre sin eigne nasjonale politikk (som mellom anna kan leie til meir samarbeid med Russland), eller at heile EU skal begynne å utvikle seg slik at USA ikkje har herredømmet der, men i staden blir ein rival.

Han konkluderer heile diskusjonen (med seg sjølv) med at det vesentlege punktet når det gjeld NATO-utvidinga er at prosessen er tett knytt saman med utvidinga av Europa sjølv. Viss EU skal bli eit geografisk større samfunn, med ein meir samstempt fransk-tysk kjerne og mindre integrerte ytre lag – og om eit slik Europa vil basere tryggleiken sin på ein fortsett allianse med Amerika, så følgjer det at det mest utsette geopolitiske området, Sentral-Europa, ikkje kan bli demonstrativt utelukka frå å delta i den kjensla av tryggleik som resten av Europa nyter gjennom NATO. Difor må Amerika arbeide særleg nært med Tyskland for å få til ein utviding austetter i Europa. Amerikansk-tysk samarbeid og leiarskap saman er vesentleg når det gjeld dette.^{xxxviii}

Så seier han at denne utvidinga kan finne stad dersom USA og Tyskland saman oppmuntrar dei andre NATO-statane til å ble samde om dette og anten forhandle fram ei semje med Russland eller handle kraftfullt med den korrekte overtydinga at konstruksjonen av Europa ikkje kan bli underordna russiske protestar. Til sjuande og sist er det som står på spel i dette strevet Amerikas langsiktige rolle i Europa. Eit nytt Europa tar form, og viss dette nye Europa skal fortsette å vere ein del av eit «Nord-Atlantisk» rom, er utvidinga av NATO vesentleg. Sant å seie er ein omfattande politikk for heile Eurasia ikkje mogleg viss strevet etter å utvide NATO, som har blitt lansert av USA, stansar opp eller bli svekka.^{xxxix}

Botnlinja som vegleier den stadige utvidinga av Europa må vere det bodet at ikkje nokon stat utanfor det transatlantiske system har rett til å veto deltakinga av ein kvar kvalifisert stat i det europeiske systemet – og dermed det transatlantiske tryggleiksystemet og at ingen europeisk stat kan bli utelukka frå EU eller NATO.


Så set Brzezinski opp ein tidstabell for utvidinga. Innan 1999 vil dei første nye medlemmene ha blitt innlemma i NATO, sjølv om medlemskap i EU vil kome noko seinare.

EU vil i mellomtida ta initiativ ovafor dei baltiske statane og NATO vil samstundes arbeide for å få desse med der pluss Romania. Andre Balkan-statar kan også bli med.

Så kjem turen til Sverige og Finland.

Ein stad mellom 2005 og 2010 bør Ukraina bli klare for alvorlege forhandlingar med både EU og NATO. Som vi ser er Ukraina ei av dei sentrale statane som USA må ha kontroll over fordi det er den austlege delen av den «kritiske demokratiske kjernen for europeisk tryggleik».

THE DEMOCRATIC BRIDGEHEAD 85




Brzezinski skriv at dette har med den europeiske tryggleiken å gjere. Men det er sjølvsagt ein påstand som ikkje heldt vatn. Dersom ikkje USA hadde vore fast bestemd på dei skulle ha makta over Eurasia, så hadde europearane løyst tryggleiksspørsmålet sjølv, nett med meir samarbeid med mellom anna Russland. Noko som Russland har streva med å få til. Det er USA sin geo-imperialistiske politikk som har skapt fiendskapen og tryggleikssituasjonen i Europa. Det er deira kamp for verdsherredømme som krev konfliktar, undergraving, kupp og regimeendringar og krigar på «vårt» eurasiske kontinentet. Det er faktisk ikkje USA sitt kontinent. Dei har sitt eige, men har ein utanrikspolitikk som krev at deira tryggleiksinteresser ikkje går mot Mexico og Canada, men mot land tusenvis av mil vekke, som altså Ukraina og Russland. Og så manipulerer dei den offentlege meinингa til at tru at dette er noko naudsnyt. Men det er berre naudsnyt ut frå USA sine geopolitiske mål, verdsdominans ved å dominere det eurasiske kontinentet.

Alle som har følgt med i utviklinga av historia ser at denne politikken, som dei leiande i USA (og Europa) tok til seg, har blitt sett ut i livet med stor konsekvens. Då Ukraina ikkje hadde kome inn i USA-sfæren under den såkalla kastanje-revolusjonen i 2004, som var sterkt inspirert av amerikansk-leia NGO-ar, fortsette sjølvsagt undergravingsarbeidet i mange år. I 2014 følte USA at dei hadde bygd opp nok støtte i landet til å lansere eit kupp der dei fjerna den lovleg valde presidenten og sette inn sin marionett. Då kunne arbeidet med å sette USA sin langsiktige plan for å legge Ukraina inn i EU og NATO verkeleg begynne. Eit problem med dette statskuppet var at USA hadde alliert seg med krefter som såg på russarar, eller rettare, slavarar, som undermenneske. Dermed var det straks etter kuppet sett i verk kraftig diskriminering av desse. Det førte til at dei begynte å forsøre seg militært. Då dei forsøkte å forsøre den stort sett russisktalande byen Marupol sør i Donets-fylket blei dei nedkjempa av den klart nazistiske Azov-bataljonen^{x1} saman med sterkt høgrenasjonale styrker. Dei

har sidan hatt den viktigaste basen sin her. Det er hovudgrunnen til dei harde kampane nett her etter at Russland rykka inn i Donets i 2022.

Da Zelenski vart vald til president med 73 % av stemmene, på eit program om fredeleg løysing av tilhøvet til dei austlege fylka og Russland, var han i utgangspunktet eit problem for USA. Viss han fekk til dette ville målet til USA med å ta makta over heile Eurasia kunne gleppe. Men dei fekk han snart inn på linja si fordi dei allereie var så tungt inne i heile det ukrainske styringssystemet. Då han så begynte å agere som ein verkeleg marionett for USA med forslag om å melde Ukraina inn i NATO, for at USA skulle få oppfylt sin plan, blei situasjonen for Russland, som visste at dei var neste brikke etter Ukraina som skulle falle i USA sitt eurasiske sjakkspel, ekstremt prekær. Dette kunne dei lese direkte ut av amerikanske militære planar. Alle som vil kan det, men i dag har den offentlege meininga i Vesten blitt så fanga i media sitt femte filter, skapinga av det «vonde» Russland og den «vonde» Putin og den «gode» USA-marionetten, Zelenski, at til å med å ta utgangspunkt i USA sine eigne, skrivne planar, eller å refererer russiske kjelder, i utgangspunktet blir dømd som russisk «propaganda». Det «vonde» skal knusast, det er berre det som driv usann propaganda, same kva som blir sagt derifrå. Dette har blitt nivået på det intellektuelle livet i Norge og innan resten av USA-systemet.

Det går sjølv sagt ikkje an å ta opp innhaldet i heile Brzezinski si bok her. Men eg vi også sjå på det området han kallar det eurasiske Balkan.



Det var for dette området USA vedtok sin lov om Silkevegen i 1999 for å følgje opp Brzezinskis strategi. USA gir altså ekstra-territoriale lover som skal gjelde utanfor USA sjølv. Det kan være verd å lese den. Derfor viser eg til ein kopi.^{xli} Han blei «oppfriska» med ein ny lov i 2006. Loven gir eit opplegg for korleis USA skal få kontroll over denne delen av verda. Det folkerettsstridige angrepet på Serbia og bombinga der i 1999 kom like etter at denne loven var vedtatt, og innleia den epoken i USA sin geo-imperialisme som framleis er rådande. Men med samarbeidet mellom Russland, Kina og Iran og utbygginga av Kinas nye silkeveg-prosjekt er moglegitene til å få alle statane i silkevegbeltet inn i USA sin fold no ikkje mogleg utan at USA først får kontroll over Russland. Det er dette proxy-krigen i Ukraina, no i mai 2022, dreier seg om.


Men la oss sjå på korleis USA sin viktigaste strateg i siste del av 2000-talet og byrjinga av 2100-talet ser på dette området. Først skal vi merke oss kva han seier om ressursane i området. Han tar utgangspunkt i at verdas behov for olje vil vekse kraftig fram mot 2015 og mesteparten av auken vil komme i Det fjerne aust. Og området har reservar av naturgass og olje som langt overgår dei i Kuwait, Mexico-golfen og Nordsjøen.

Etter ein lang diskusjon om historia, den etniske samansetninga og den geopolitisk rolla til dei forskjellige statane kjem Brzezinski fram til at «dei statane som fortener USA sin sterkeste geopolitiske støtte er Aserbajdsjan, Usbekistan, og (utanfor denne regionen) Ukraina fordi alle er definert som strategiske omdreiingspunkt. Det er særleg slik at Kievs rolle styrkar argumentet at Ukraina er den mest kritiske staten, i den grad det dreiar seg om Russlands framtidige utvikling. Samstundes fortener også Kazakhstan, ut frå storleiken, det økonomiske potensial og geografisk viktige plassering, også velovervegd internasjonal støtte og spesielt langvarig økonomisk assistanse.

Med tida kan økonomisk vekst i Kazakhstan hjelpe til med å slå bru over den etniske splittinga som gjer dette sentral-asiatiske «skjoldet» så sårbar for russisk press. Når det gjeld Aserbajdsjan er det sårbart og det har vidare regionale komplikasjonar fordi dette landet også er eit geopolitisk omdreiingspunkt. Vi kan beskrive det som den livsviktig naudsynte «korken» som kontrollerer tilgang til den «flaska» som inneheld rikdommane i området i og rundt Det kaspiske hav og Sentral-Asia. USA si rolle i området, skriv Brzezinski, er å oppnå og konsolidere ein regional balanse mellom russiske, tyrkiske, iranske og kinesiske interesser. Sjølvsagt under leiing av USA.

Viss vi ser på dei siste åras utvikling har USA ikkje klart noko av dette. Derimot ser det ut som om det er Kina som klarer det, saman med Russland og Iran. Dette er eit grueleg tilbakeslag for USA sine overordna geo-strategiske mål som er dominans på det eurasiske kontinent. USA er stort sett spelt ut økonomisk, og har ikkje anna att en regimeendringar som dei har prøvd både i Russland, i Kazakhstan, og (utanfor området Kvite-Russland), eller å få til krigar som gjer Russland veikare slik at dei kan få til regimeendring der.

FORTUNE AUGUST/SEPTEMBER 2021 37




I kapittel 6 tar han for seg «Ankeret i fjern-austen». Her skal eg berre nemne nokre av dei viktige konklusjonane hans. «Oppgåva for amerikansk politikk er å sikre at Japan (som han kallar USA sitt protektorat) får meir mektig internasjonal og global innflyting, lik det Canada har. Ein stat som er respektert for den konstruktive bruken av rikdommen og makta si, men ein som er korkje frykta eller avskydd. Samstundes som vi må sørge for at Japan går i denne retninga må vi og sikre at Kina blir ein regionalt leiande makt, utan å skiple ein stabil triangulær balanse av aust-asiatiske makter. Dei store oppgåvene for USA er å kanalisere Japan sin energi i internasjonal retning og styre kinesisk makt slik at han held seg på eit regionalt nivå.^{xlii} Elles er det viktig å halde på Sør-Korea som er einaste bruhojudet USA har på den austlege delen av det eurasiske kontinent og USA skal krevje at Kina ikkje kan få tilbake Taiwan før dei har innført USA sin type demokrati. Vi må vel no (2022) kunne seie at USA har mislukkast monumental med dei store oppgåvene. Det kjem av ei stor undervurdering av Kina som vi skal sjå litt på. Først skal vi sjå ein illustrasjon av den økonomiske utviklinga i dette landet.

Her ser vi ein oversikt frå forretningsbladet Fortune i 2021 over dei 500 største føretaka i verda. I 1990 hadde Kina eit føretak blant desse. Då Brzezinski skreiv sjakk-boka si i 1997 hadde dei fått nokre få føretak på lista. Men på berre litt over 20 år hadde dei altså 143 (vel eit dusin av desse var lokalisert i Taiwan, men med mange av anlegga sine i fastlands-Kina). USA hadde 167 på lista i 1990, men berre 122 i 2021. Elles ser vi at «taparane» var Japan og Storbritannia.

Når det gjeld nominelt brutto nasjonalprodukt er det framleis større i USA (litt under 23 mrd i 2021) enn i Kina (litt under 17 mrd i 2021), men rekna et kjøpekraftsparitet som det heiter gjekk Kina (ca. 27 mrd i 2021) forbi USA (ca. 23 mrd i 2021) i 2010. India ligg her på tredje plass med vel 10 mrd. På grunn av dei mange folka i Kina er [BNP per innbyggjar](#) litt over 10 000 dollar i året, mens talet i USA er vel 64 000. Norge ligg litt over USA, mens Monaco ligg på topp med vel 163 000 dollar per hovud. Det tyder at Kina framleis faktisk er eit utviklingsland. Det er også gjort undersøkingar som viser at det flyt større verdiar ut frå Kina til USA og andre rikare land, enn det kjem inn til Kina frå desse.

Vel så viktig som å samanlikne BNP er det nok å samanlikne produksjonskapasiteten i Kina og USA. Dette er litt gamle tall, men representative.



Så konklusjonen er at Kina har vakse frå ein økonomisk dverg til ei kjempe på under ein generasjon. Ikkje rart at Brzezinski tok feil her. Tre bøker som fortel meir i detalj om utviklinga verda er Peter Frankopan *New Silk Roads – The Present and Future of the World*, 2018, Prag Khanna *The Future is Asian – Global Order in the Twenty-First Century*, 2019 og Kishore Mahbubani^{xliii} *Le jour où la Chine va gagner – La fin de la suprématie américaine*, 2020. Sistnemnde var mellom anna President i [United Nations Security Council](#) frå januar 2001 til mai 2002. Dei to første forfattarane representer opplyste vestlege synsmåtar, den siste opplyste austlege og vestvennlege synsmåtar. Dette må sjølv sagt prøvast opp mot kinesiske og nyare kjelder.^{xliv} Mykje har skjedd også etter 2020. Eg går ikkje så mykje inn på dette her ettersom hovudformålet er å avdekke USA sine utanrikspolitiske mål.

Brzezinskis konklusjon

I det sjuande og siste kapittelet i boka om det store sjakkbrøttet, Eurasia, samanfattar han heile tankerekka si. «Tida har komme for USA å formulere og sette ut i livet ein samanhengande, omfattande, og langsiktig geostrategi for heile Eurasia. Denne trøngen spring ut av samverknaden mellom to grunnleggande realitetar: Amerika er no dei einaste globale supermakta og Eurasia er

verdas sentrale arena. Derfor vil det som skjer med fordelinga av makt på det eurasiske kontinent være av avgjerande viktigkeit når det gjeld Amerikas forrang og historiske arv.»^{xlv}

Vi skal merke oss ordet «arena». Det tyder kamplass. Så her er det ikkje eigentleg snakk om sjakkspel med en geo-strategisk kamp der dei forskjellige aktørane blir sett på som sjakkbruker i eit spel. Og det er om å gjere å vinne spelet, med minsk mogleg bruk av ressursar, men med alle dei ressursane som til sjuande og sist må til om det ikkje går utan det.

Så tar han opp dei eineståande historiske karakteren som pregar den amerikanske forrangen eller leiarstillinga (primacy) i verda. Dette gjer mellom anna at «ikkje noko større eurasisk problem kan bli løyst utan at Amerika deltar eller om det er mot USA sine interesser». ^{xlvii} «Korleis USA både manipulerer og tar omsyn til dei viktigaste spelarane på det eurasiske sjakkbrøttet og korleis USA styrer Eurasia sine nøkkel-omdreiings-punkt vil være kritisk for kor lenge og stabil USA si leiande rolle vil vare.» Så repeterer han kort dei punkt han har utarbeida tidlegare i boka og går over til ein tidsanalyse.

For det første det usannsynleg at USA rolle som verdas fremste supermakt vil bli utfordra av nokon enkelt utfordrar innan ein generasjon – 1997 til 2027. Ingen stat vil kunne utfordre USA sin kraft på dei militære, økonomiske, teknologiske eller kulturelle felta. Og dei einaste alternativet til Amerikas globale leiarskap innan den framtida vi kan sjå for oss vil vere internasjonalt anarki. Difor har USA blitt verdas «uunnverlege nasjon» som president Clinton formulerte det. Min kommentar er at dette sjølv sagt er den forblinda trua på USA som noko eksepsjonelt i verda. Det er eit columbisk og eigentleg rasistisk haldning som sjølv sagt er øydeleggande på sikt. For det tillèt ikkje at nokon annan nasjon, enn ein sjefsnasjon, kan løyse verda sine problem. Det tillèt ikkje på nokon måte likeverdig samarbeid til felles beste. Samarbeidet må alltid vere basert på at USA har makta. Difor er også USA djupt hata av folka i heile verda.

Det første problemet som USA må løyse, skriv han, er å få assimilert Russland inn i ein større einskap av europeisk samarbeid som også vil gi sjølvgåande uavhengigheit til dei naboane som nett har danna suverene statar. Men korleis Ukraina og Usbekistan vil klare seg (og Kazakhstan) er usikker viss ikkje USA kan halde merksemda si på dei.

Det skulle og vere mogleg å få ei stor rimeleg ordning med Kina, men den kan bli øydelagd av ein krise i høve Taiwan. Då kunne Kina bli ei aggressiv makt som øydelar maktsbalansen i området og ein fare for USA.

Ettersom USAs overmakt vil minke med tida må dei prioritere å leie veksten i den andre regionale maktene på ein slik måte at dei ikkje truer Amerikas globale forrang. Først må USA sørge for at ikkje ein enkelt stat eller statar som slår seg saman kan true forrangen. Så må USA prøve å få til meir samarbeid mellom statane under USA si leiing og skape eit samarbeidande transeurasisk tryggingssystem. Til slutt, på svært lang sikt bør dette samarbeidet leie til eit globalt samarbeid etter same mønster, med USA i leiinga.

I aust må USA i første omgang utøve eit velvillig amerikansk hegemoni som gjer at dei andre ikkje er mota på å utfordre for mykje. Det skal dei gjere ved å sørge for at kostnadene ved noko slikt blir for høge, men også ved å ikkje true dei livsviktige interessene til potensielle regionale aspirantar. Her er det snakk om partnarskap med Kina og dei europeiske statane og eit Russland som han håpar vil vende seg mot Europa.

Eit vidare Europa og større NATO vil tene både USAs kortsiktige og langsiktige interesser. Det er om å gjere å samle all statane vest for Russland for også å få dei inn i folden etter kvart. Eit nytt Europa tar

form og viss dette nye Europa skal bli ein geopolitisk del av det «euro-atlantiske» rom er utvidinga av NATO vesentleg.

Får ikkje USA til dette kan det freiste Russland til å verkeleggjere visse geopolitiske håp i Sentral-Europa. Så går han inn på fleire måtar dei kan bruke for å få Russland inn under varig leiing av USA. På denne tida var det jo den USA-frelste Jeltsin som styrte i landet, så Brzezinski såg store moglegheiter her. Han strekar under at for det enormt store Russland vil eit desentralisert politisk system, basert på den frie marknaden, vere det som best kan sleppe laus det store kreative potensial som ligger både i det russiske folket og landets enorme ressursar.

Men den USA-leia nyliberale øydelegginga av den russiske økonomien på denne tida, og kva det tydde for russarane sitt syn på USA har ikkje noko merksemد på. Men vi kan jo vite kva den frie marknaden i Russland verkeleg førte til mellom 1991 og 2003. Økonomen Stephen Shenfield (som er ganske kritisk til Russland) blei sitert i Business Week International, 5. oktober 1998. Han skreiv då bok om Russland si framtid. På grunnlag av studiar av russiske statistikkar kom han fram til at brutto nasjonalprodukt hadde falle med 45 % frå 1989 til 1997. Investering i realkapital fall med 92 % i same periode og netto produktiv investering var blitt negativ. Produksjonen av olje hadde minka med 50 %. All infrastruktur i landet, frå elektrisitetsverk over jernbanar til kloakksystem fortsette å forfalle. De skjedde samstundes som to tredelar av budsjettet måtte brukast for å betale ned gjeld. Reallønna fall med 78 % frå 1989 til 1997 og to tredelar av dei som formelt sett var i jobb ikkje fekk full betaling, eller betalinga var mange månader forseinka. Ut frå fleire undersøkingar konkluderte han med at 40 % av folkesetnaden var i alvorleg naud og leid av kronisk underernærjing. 40 % av ungane var kronisk sjuke og 60 % leid av vitaminmangel. Talet på offisielt registrert tuberkuløse var nær 100 000 og omtrent 2 millionar var smitta. Taler på registrerte syfilistilfelle hadde eksploderte frå 8000 i 1990 til 450 000 i 1997. Forventa levealder for vaksne menn hadde falle til under det som han var for 100 år sidan (57 år) og talet på barn født kvart år hadde falle med 50 % frå midt på 80-talet.

Min kommentar er at dette var det russiske folket sitt møte med den kapitalistiske frikonkurransen og dei amerikanske rådgjevarane til USA-venen Jeltsin som let alt dette skje. Og det er ikkje meir enn 20 år sidan russarane opplevde dette og så opplevde at landet klarte å reise seg att då Putin tok makta i år 2000, sette dei griske oligarkane på plass og fekk i gang ein imponerande snuoperasjon.

Shenfield såg denne tida som ein økonomisk katastrofe for Russland som berre kunne samanliknast med 2. verdskrigsen. Han samanliknar også perioden med det folk i USA gjekk gjennom under det store depresjonen etter børskrakket i 1929. Viss vi vurderer dette no, så var det verre enn 2. verdskrigsen, for då vart det også bygga opp mykje nytt bortanfor Uralfjella og folket sigra i den store fedrelandskrigsen. Dei hadde en stat som sto klar til å bygge lande opp att osb. No var dei mest sett tilbake til tsartida mange stader. Og dei tala vi ser ovanfor overgår reell statikk frå den store depresjonen, der det trass alt blei sett i verk New Deal og andre tiltak.

Brzezinski vil også at USA ikkje opptrer for trugande ovafor Russland, og ikkje militariserer nye NATO-land. For å hjelpe Russland vidare på denne vegen vil det vere viktig at USA også hjelper dei tidlegare sovjet-republikkane til å komme inn i det amerikanske systemet.

Så understrekar han at konsolideringa av eit uavhengig Ukraina som definerer seg om til ein sentral-europeisk stat og går i gang med ein tettare integrering med Sentral-Europa, er ein kritisk viktig komponent i Russlands-politikken. Det er det også å bringe fram nærmare forhold til slike strategisk viktige omdreiingsstatar som Aserbajdsjan og Usbekistan i tillegg til opne opp Sentral-Asia (til tross for russiske hinder) mot den globale økonomien. Tyrkia må dei halde seg inne med og dei må prøve

å få til ei forståing med Iran. I denne delen snakkar han om oljeressursar og oljeleidningar. India må dei og prøve å komme på betre fot med for å halde Kina meir under kontroll.

Så seier han noko viktig, nemleg at geopolitisk pluralisme (under amerikansk leiing) ikkje vil vere mogleg utan ei djupare strategisk forståing mellom USA og Kina. Derfor må dei jobbe myke med det og ikkje la Taiwan-saka hindre dette. Det han er redd for, er som tidlegare nemnd ein slags allianse mellom Kina, Russland og Iran, men han har ikkje nokon tru på at det kan skje.

Han meiner at det vil ta svært lang tid for Kina å bli ei global makt og ser for seg at Kina vil bli integrert i USA sitt verdssystem. Vurderinga er at Kina ikkje vil vere i stand til å trekke til seg massive utanlandske investeringar som var heilt naudsynt for veksten der slik at det kunne få ei leiande regional rolle. Utan strategisk forståing mellom USA og Kina som dei austre ankeret i USA innblanding i Eurasia, ville ikkje USA ha ein geo-strategi inne på sjølve Asia. Min kommentar var det denne strategiske vurderinga var ein hovudgrunn til at amerikanske føretak kunne gå så massivt inn med investeringar i Kina og skape grunnlaget for den utrulege veksten der. Ein av grunnene til å halde seg inne med Kina var sjølv sagt at USA ikkje hadde noko bruhovud i aust, slik dei hadde (og har) med Europa i vest.

Han ser også for seg at USA i eit lengre perspektiv ikkje vil kunne vere den einaste supermakta og landet då kanskje må finne seg i ei multipolar verd på lang sikt. Men innan eit rimeleg tidsspenn må USA gjere alt dei kan for bli leiande. Så seier han noko svært viktig. «Demokratisering er skadeleg for mobilisering for eit imperium.» Dette har blitt særleg tydeleg i USA sin bruk av jihadistar i fleire land, og til og med nazistar i Ukraina. Og vi ser det i den store svekkinga av demokratiet i landa i Europa som kom med bygginga av EU og alt som har skjedd vidare fram til no. Han klagar også på at mange i USA er isolasjonistar og vil ha fred og at det vil bli vanskeleg å mobilisere dei til fordel for ein politikk for å skape eit verdsimperium. Mens berre 13 prosent av amerikanarane ønskte at USA skulle vere den einaste supermakta og leie verda i å løyse problema, ville 74 prosent at USA tok sin rettferdige del i forsøka på å løyse internasjonale problem saman med andre land. Det einaste som kunne endre dette var at dei fekk eit verkeleg massivt ytre trugsmål som blei oppfatta slik av svært mange.

Brzezinskis sluttord

Det er passande å avslutte den første delen av dette essayet med ei omsetting av den siste sida i boka hans.

«Kort sagt, USAs politikk må, utan unnskyldning, vere tosidig: å fortsette Amerikas eigen dominerande stilling i minst ein generasjon og helst lenger; og å skape eit geopolitisk rammeverk som kan motstå dei unngåelege sjokka og den slitasjen frå sosialpolitisk endring når vi utviklar oss til den geopolitiske kjernen av delt ansvar for fredelig global leiing. Ein forlenga fase med gradvis utvida samarbeid med dei viktige eurasiske partnarane, som både er stimulert og mekla av Amerika kan også hjelpe fram føresetnader for ein eventuell oppgradering av den eksisterande og stadig meir avleggse FN-strukturen. Ein ny fordeling av ansvar og privilegia kan då bygge på dei endra realitetane i utviklinga av den globale makta, som er så drastisk forskjellig frå 1945.

Dette strevet vil ha den historiske tilleggsfordelen at den kan nyte godt av eit nytt nett av globale lenker som veks eksponentielt utanfor det meir tradisjonelle nasjonalstat systemet. Det nettet – som er vevd av multinasjonale føretak, NGOar (ikkje statlege organisasjonar der mange har transnasjonal karakter) og vitskapelege samfunn og som er forsterka av internett – skapar alt eit uformelt globalt system og er indre positiv til meir institusionalisert og inkluderande globalt samarbeid.

I løpet av dei neste tiåra kan derfor ein fungerande struktur av globalt samarbeid, grunnlagt på geopolitiske realitetar stige fram og gradvis ta på seg kappen til verdas dåverande «regent» som for tida har tatt på seg byrden av ansvar for verdens stabilitet og fred. Geostrategisk suksess med å oppnå dette kunne representere ein passande arv frå Amerikas rolle som den første og einaste verkeleg globale supermakt.»

Her har det leiande finansoligarkiet i USA, som driv ei oppkjøpt regjering der, lansert sine viktigaste planar for framtida. Dei skal styrke USA si rolle som herre over heile verda for etter kvart å bygge eit overstatleg globalt organ som er bygga på samarbeid mellom «multinasjonale føretak, NGOar (ikkje statlege organisasjonar der mange har transnasjonal karakter) og vitskapelege samfunn og som er forsterka av internett» og «oppgradering av den eksisterande og stadig meir avleggse FN-strukturen» som skal kunne overta for «det meir tradisjonelle nasjonalstat systemet».

Det vi har sett i perioden frå 1997 til i dag er at USA ikkje har fått til det overherredømmet over Eurasia som dei har jobba for på meir fredeleg vis. Dei har derfor måtte forsøke det med undergraving av statar der dei ikkje har kontroll, regimeendringar, kupp og krigar der dei også har vore flinke til å få andre til å slås for seg, og det ser vi det siste utslaget av i Ukraina no (våren 2022.)

Men samstundes har dei arbeidd intenst også på den andre fronten, nemleg å skape globale organ, som er dominert av finanseliten, og som set nasjonalstatane på sidelinja. Det første store eksempelet har vi fått med WHO, som nett er dominert av desse kreftene, og den verdsomspennande covid-politikken som overstyrte dei nasjonale planane for å handsame pandemiar. WHO er no svært nært knytt til medisinmonopola og dette har blitt skjerpa etter at Bill Gates har kjøpt seg solid inn i organisasjonen.

Det andre store eksempelet er den forserte oppbygginga av NGOar under leiing av USA og deira finansoligarkar. Mest kjend er vel Soros sitt store framstøyt for å skape slike organisasjonar nokre år etter at Brzezinski gav ut boka si. Desse var særleg aktive i USA sitt undergravingsarbeid i Ukraina. Viss ikkje Putin hadde vist slike organisasjonar ut av Russland, så hadde vi kanskje hatt same utviklinga der. Og så har vi Avaaz^{xlvii} si store rolle for å få til angrepet på Libya. Det er ikkje rart at dei vil kalle dei som avslører desse heilt opne planane til finanseliten i USA og deira følgjarar, som konspirasjonsteoretikarar. Desse sistnemnde driv faktisk ikkje avsløring av konspirasjonar i det heile, dei avslører klart offentleg formulert planar som blir forsøkt sett ut i livet, mens innbyggjarane i den columbiske verda får instruksjon om ikkje sjå, ikkje høyre, ikkje vite, ikkje protestere, berre gå inn i den nye verdsordninga styrt av finanseliten over hovudet på nasjonane. Derfor – inn i EU og inn i NATO og gud nåde den som seier noko sant om covid-politikken.

Vesten si «mjuke makt»

Alt frå 2012 vart det gjennomførd grundige undersøkingar som viste at dei fleste såkalla humanitære organisasjonane i dag er reiskap for «Vesten» si mjuke makt. Det vil først og fremst seie reiskap for USA og oligarkane der. Eg skal her vise til tre slike undersøkingar. Dei to første er utført av den uavhengige undersøkande journalisten Cory Morningstar og den siste av Patrick Henningsen.

Cory Morningstar utførde to undersøkingar, ei i 2012-13 og ei i 2017.^{xlviii} Patrick Henningsen si undersøking vart publisert 15. mars 2016.^{xlix} For heile verda, med dei alliansefrie statane i spissen, er det kjende saker. I Haiti er det ein grueleg realitet. Det er berre i land som held seg til det USA-leia mediebiletet dette er ukjend. Det gjer sjølvsagt at vi heile tida får presentert USA sin propaganda gjennom desse humanitære organisasjonane som ikkje lenger er ikkje-statlege.

I dag veit vi at Human Right Watch, saman med Avaaz, Amnesty International, Otpor og hundrevis av andre slike organisasjonar har vorte finansiert av USA gjennom USAID^l, CIA sin underavdelingar, Carnegie, Soros, Bill Gates og USA sine vasallstatar i Europa, og at dei blir brukt systematisk i USA sitt arbeid for å halde på verdsherreveldet sitt. Ein artikkel av Ana Otasevic i Le monde diplomatique si desemberutgåve 2019 viser og mange detaljar om korleis regimeendringar blir leia.ⁱⁱ

Eit tidleg eksempel – Haiti

USA-imperialismen si gruelege framferd i Latin-Amerika er det mange som kjenner litt til. Ein meir ukjend del er den første erobringa av landa rundt Det karibisk havⁱⁱⁱ. Eg skal først sjå på ei utvikling i Haiti som eg har skrive meir om andre stader^{iv}, og som er typisk. Aristides var ein religiøs nasjonal politikar som prøvde å få Haiti ut av USA sitt grep. Han fekk svi for det. Vi begynner med då Aristides i 1994 kom tilbake til Haiti etter eit besøk i Washington.

Då blei han tvinga til å signere ein avtale kalla Governor's Island Accord som tillèt internasjonale institusjonar å drive Haiti og tillèt NGOar full opning i eit land der dei demokratiske institusjonane var blitt systematisk underminert. Då han fekk makta tilbake i 1994 var det under dei mest gagnlege vilkåra som var sett fast av Clinton i Det kvite huset og Wall Street. Dei ville at Haiti skulle bli ein maquiladora – eit skattefritt område som skulle tene dei multinasjonale korporasjonane. Fordi Haiti ikkje klarte å betale avdrag på gjelda si i 1998 gjekk dei til det internasjonale pengefondet (IMF) som kravde innsparingspolitikk. Aristides klarte ikkje å møte krava til IMF og det fekk IMF til å fryse fond som skulle til regjeringa. NGOane fekk ikkje nokon frys, så pengar flaut inn til dei. USA sitt Agency for International Development (USAID), som blei skapt i 1961, er finansiert av den amerikanske regjeringa og finansierer – i sin tur – NGOar.

Grupper som blei finansiert av USAID opplevde stadig auke i budsjetta sine etter 1998 (i 1995 tvinga Kongressen i USA USAID til å stanse finansiering av regjeringa i Haiti og bestemde at dei berre skulle finansiere NGOar). I 1995 fortalte Clinton sin viseutanriksminister til Senatet i USA at «sjølv etter vi gjekk ut i februar 1996» – han viste då til ein planlagt uttrekking av amerikanske militære styrker – «vil vi fortsette å ha makta ved hjelp av USAID og den private sektor». USAID finansierte tusenvis av NGOar, som fremma USAID sin agenda i landet. USAID arbeidde for å forme om jordbruket på Haiti til ei eksportretta dyrking, dei jobba for å hindre lover om minimumsløn (som då Aristides prøvde å få opp minimumsløna frå 33 cent per time til 50 cent per time), og dei arbeidde for å få inn mathjelp som dumpa «fri» ris som blei dyrka av amerikanske bønder (og kjøpt av fonds frå USAID) og øydela Haiti sin eigen risproduksjon. USAID støtta private skular og undergrov offentlege skular og program for å lære vaksne å lese og skrive. Dei avskaffa importtoll på mat slik at kyllingfarmar i USA kunne dumpe dei delane av kyllingen som dei ikkje ville ha på Haiti og dermed øydela dei Haiti sin eigne fjørfeproduksjon.

Her ser vi noko av systemet når folk og land kjem inn under USA sitt verdsherrevelde.

Morningstar si samanfatning om det humanitær-industrielle kompleks

Morningstar samanfattar hovudresultatet av den første undersøkinga av NGOane slik:

«Denne undersøkande rapporten granskar dei viktigaste grunnleggarane av Avaaz, så vel som andre viktige søsterorganisasjonar tilknytt Avaaz som, hand i hand med Rockefellers, George Soros, Bill Gates og andre mektige elitar, formar det globale samfunnet omhyggeleg ved å utnytte og bygge videre på strategisk psykologisk marknadsføring, mjuk makt, teknologi og sosiale media – og formar offentleg konsensus, og dermed aksept, for illusorisk «grøn økonomi» og den nye utgåva av kolonialismen frå 2000-tallet. Ettersom vi nå lever i ei verd som er bortanfor det som er farleg, må samfunnet vere klar over, vere i stand til kritisk å analysere og til slutt avvise det nye angrepet av

nøyre orkestrert avpolitisering, temjing av befolkning, av propaganda og feilinformasjon som blir skapt og ført vidare av føretakseliten og dei noverande maktstrukturane som støttar agendaen deira. Det humanitær-industrielle komplekset må vi forstå som ei drivkraft og eit makinstrument, sjølve støtta og grunnlaget for imperiet sin dominans.»

Hennings si samanfatning om det humanitær-industrielle kompleks

I starten av Hennings si undersøking kan vi lese hans konklusjon:

Tross alt så 1900-tallet ei rekke tiltak frå ulike regjeringar for å dempe og stoppe nokre av dei mest forferdelege framvisingane av folkemord og brotsverk mot menneskeheita. Døra har blitt opna for at mange hjelpeorganisasjonar og menneskerettsorganisasjonar kan spele ei større rolle i å moderere internasjonale saker. Men ved nøyare ettersyn finn vi ein av de mest uheldige realitetane i geopolitikken frå 2000-tallet. Sjølv om mange hjelpeorganisasjonar som arbeider for menneskerettar fortsett å marknadsføre seg sjølv som «nøytrale» og «ikkje-partiske», er røynda noko heilt anna. Med offentleg skepsis på eit all-time high er faren klar: Viss interessekonfliktar ikkje blir adressert på ein seriøs måte truar dei med å undergrave truverdet til heile den ikkje-statlege organisasjonssektoren (NGO) internasjonalt.

Eit vanskeleg aspekt ved å analysere denne kampen for «oppfatnings-styring» er at dei fleste menneskeretts- og hjelpeorganisasjonar er bemanna og drive av gode, hardtarbeidande og ekstremt velutdanna individ, mange av dei utfører rollene sine med eit altruistisk hjarte og med dei beste intensjonar. For det meste er mange uvitande eller uinteresserte i kven som faktisk finansierer organisasjonane deira og kva desse økonomiske strengane betyr når det gjeld kva ein gitt organisasjon si haldning vil vere til et eit kvart spekter av geopolitiske spørsmål eller militære konfliktar. Det er absolutt sant at oppriktige og dedikerte kampanjar frå organisasjonar opp gjennom åra har bidratt til å frigjere personar som er urettmessig fengsl, og det er oppnådd på grunn av ein prosess for å skaffe rettferd for dei det gjeld. Det er også sant at mange av dei same organisasjonane har bidratt til å auke medvitet om mange viktige sosiale og miljømessige spørsmål.

På grunn av auka finansiering frå føretaksinteresser og direkte koplingar til statlege og politiske tenketankar dei siste åra, har desse organisasjonane blitt stadig meir politisert, og tettare knytt til vestlege «innflytings-agentar». Som et resultat kan vi argumentere for at desse «menneskerettsorganisasjonane» på mange nivå kan bidra til sjølve problemet dei hevder å jobbe med løyse – at dei er årsak til meir liding, daud og ustabilitet over hele verda gjennom deira marknadsføring av dei utanrikspolitiske måla til Washington, London, Paris og Brussel.

Problemet er både systemisk og institusjonelt. Som eit resultat har mange av den vestlege verdas leiande menneskerettsorganisasjonar med base i Nord-Amerika og Europa blitt spegelbiletet av ein vestleg utanrikspolitisk agenda og blitt verkelege mellommenn^{liv} for propagandaen for intervensjonar.»

Som Morningstar påviser er nett Human Rights Watch ein av dei første av dei humanitære organisasjonane som var med i dette spelet. Systemet var oppe og gjekk tidlegare, men det var med data-alderen og under Barak Obama at det verkeleg eksploderte. Det ville jo eg vere naivt å tru at verdas einast supermakt ikkje ville bruke dei nye dataverktøya i arbeidet for å halde på og sikre verdsherreveldet sitt.

Morningstar viser også korleis nettsamfunnet Avaaz var svært viktig for å få sett i gang USA og andre (medrekna Norge) sitt angrep på Libya, samstundes som ho nøstar opp kven som driv denne og mange andre slike organisasjonar.^{lv}

Taber si innleiing til Morningstar sine undersøkingar

Innleiing til Cory Morningstar sin undersøking av NGOane av Jay Taber i [Intercontinental Cry](#):

I den nyskapande studien sin, Science of Coercion (Vitskapen om tvang) observerte Christopher Simpson [\[vi\]](#) at vi kan forstå kommunikasjon både som ein kanal for og sjølve stoffet i menneskeleg kultur og medvit. Som Simpson merka seg, er psykologisk krigføring bruken av massekommunikasjon i moderne sosiale konfliktar.

I USA sitt Army War College manual om psykologisk krigføring, er det uttalte målet å øydeleggje fienden sin vilje og evne til å kjempe ved å ta frå dei støtte frå allierte og nøytrale. Nokre av metodane som blir brukt i handboka er å så usemje, mistillit, frykt og håpløyse.

I tiåra sidan desse publikasjonane først blei publisert, har ei ny form for psywar dukka opp i form av falskt håp. Med uavgrensa finansiering og organisatorisk støtte frå stiftelsar som Ford, Rockefeller, Gates og Soros, har USA no, for regjeringspropagandaen sin, ein enorm ny hær av ideelle organisasjoner som, saman med føretaksmedia og den akademiske verda, fungerer både som ein tredje fløy av masse-medvit og ein femtekolonne for destabiliserings-kampanjar over heile verda. (Vi kan no føye til okkupasjonar. (Merknad frå T.V.)

Når Cory Morningstar fangar [Simulacrum](#)[\[vii\]](#) i sin fleirdelte serie om det humanitær-industrielle komplekset, er temjinga av befolkninga gjort, og det einaste spørsmålet som står att er kva som vil skje viss og når denne kapitalistiske aktivismen blir sett som det han er. Ved å følgje pengane frå aristokratiske avleggarar til dei blir brukt for å skape falsk håp gjennom NGOane Avaaz, MoveOn og Change, går Morningstar [gjennom glaset](#) for å avsløre korleis frivillige organisasjonar har blitt eit viktig verktøy for global dominans ved å bruke sosiale media som eit middel for sosial manipulasjon.

Når røyken som er skapt av falske progressive blir rydda, er alt som er att ei industriell øydemark av falsk håp og reelle truslar. Når forræderia til dei frivillige organisasjonane som Amnesty International og Human Rights Watch er kjend, kan vi endeleg begynne å utøve ansvaret vårt. Fram til då fortsett program som Democracy Now å vere lite meir enn vaksne versjonar av Sesame Street leikar for[\[viii\]](#) Che brigadar.[\[ix\]](#)

Ukraina som eksempel

«Det er ikkje den som først grip til våpen,

som får i stand ulukka,

men den som tvingar ho fram.»

(Nicolo Machiavelli.)

De Babylon system is the vampire, falling empire, Babylonsystemet er vampyren, fallande imperiet,

Suckin' the blood of the sufferer, Syg blod av offeret,

Building church and university, Byggar skule og universitet,

Deceiving the people continually. Narrar folket ustanseleg.

(Bob Marley, Babylon System.)

Innleiing

Det er ganske få som kjenner dei viktigaste trekka i den historia som har ført til Russland sin invasjon i landet. Men det er viktig å ha denne bakgrunnskunnen. For å sjå heile samanhengen treng du eigenleg og ein gjennomgang av [heile historia bak USA sin geopolitikk](#) som historia rundt Ukraina berre er eitt av mange eksempel på.

Eg skal i det følgjande samanfatte forskinga om forhistoria til Ukraina-krigen til professor doktor Herman Mückler^{lvi} og Wolfgang Effenberger frå boka deira *Schwarzbuch EU & NATO – Warum der Welt keinen Frieden findet*, 2020. Mückler er født i 1964 i Wien og studerte etnologi, politikkvitenskap og journalistikk ved universitetet der med hovudvekt på Oceania. Sidan 1994 er han tilsett ved Institutt für Kultur- und Sozialanthropologie og etter 2001 som professor. I 2012 blei han president for det Antropologiske selskap i Wien og i 2016 blei han president for PaN (Partner aller Nationen), ein paraplyorganisasjon som jobba for mellomfolkeleg forståing og omfatta alle østerriks-utanlandske selskap med 127 bilaterale vennskapsforeiningar. Hans vitskaplege arbeid omfattar talrike bøker og langt over 300 artiklar. Effenberger er født i 1944. Då han var 18 tok han til med offisersutdanning i Bundeswehr. Så studerte han til byggingeniør og som kaptein i ingeniørgreina i forsvaret fekk han djupare innsikt i det «kjernefysiske slagfeltet» i Europa som USA førebudde. Etter 12 år i tenesta studerte han politikkvitenskap og høgare utdanning i bygg og matematikk i München og underviste til år 2000 i fagskulen for byggteknikk. Sidan då har han publisert bøker og artiklar om yngre tysk historie og USA sin geopolitikk. På zeitgeist forlagt her han gjeve ut *Deutsche und Juden vor 1939, Wiederkehr der Hasardeure* og trilogien *Europas Verhängnis 14/18 (Europas lagnad 14/18)*. At dei har skreve svarteboka er (eg hadde nærast sagt) sjølv sagt ikkje nemnde i wikipedia.

Men her er altså ei samanfatning, med merknader frå underteikna, av deira forsking om innleiinga til Ukrainakrigen og då meinte dei ikkje den noverande, men den som tok til i 2014 mot Donbas og Luhansk.

Som vi veit er det ikkje alltid at den som går til vald, har skulda for dette. Vi som har undervist i skulen i rundt 40 år kjenner godt til det. Nokre elevar slår seg saman og plagar ein av dei andre. Til slutt sprekk det for vedkommande og han forsvarar seg med vald. Dei smartaste plageåndene kan også halde seg meir i bakrunnen og få andre til å gjere «grovarbeidet» slik dei får svi når det smell. Dette gjeld ikkje berre på det personlege planet. Ein som godt kjende maktstriden mellom bystatane i det seinare Italia og seinare har tent som læremeister for mange «fyrstar» skreiv til dømes «Ikkje den som først grip til våpen er opphav til ulukka, men den som gjer det naudsynt». Det var Machiavelli.

I sjakkboka si skreiv Brzezinski at «Ukraina er ei ny og viktig rute på det eurasiske sjakkrettet, det er eit geopolitisk omdreiings- og midtpunkt fordi den blotte eksistensen til dette landet som uavhengig stat bidreg til Russlands omskaping. Utan Ukraina er Russland ikkje eit eurasisk rike meir.» Konklusjonen er sjølv sagt at Ukraina ikkje må vere ein uavhengig stat. Dette er sjølve det grunnleggande punktet i USA sin langvarige politikk for å ta frå Ukraina landet sitt reelle sjølvstende.

Ein start på historia


Alt i Storbritannia sin geopolitikk før 1. verdskrig nett som for amerikanarane etter 2. verdskrig og særleg etter oppløysinga av Sovjet-Unionen har Ukraina spelt ein nøkkelrolle. Det er det nest største landet i Europa etter Russland og det grenser mot svært mange land: Polen, Ungarn, Slovakia, Kvite-Russland og Russland. I sør grenser det til Svartehavet. Den lange austlege grensa mot Russland spelar ei avgjerande rolle i krig om aust-Ukraina.

Landet er på mange måtar delt mellom vest og aust. I vest har det vore påverka av habsburgarane, jordbruk og katolisisme og dei snakkar ukrainsk. I aust har det vore påverka av tsar-styret, ortodoks kyrkje, tungindustri og dei snakkar russisk. I tillegg er Odessa eit område der dei russisktalande er i fleirtal. Desse historiske forskjellane og nærleiken dei russisktalande har til Russland og familieband mellom landa, har gjort det vanskeleg for strategane i Det kvite hus å føre Ukraina inn under deira leiing.

Målet til USA har heile tida vore å gjere Ukraina til ein vasall på linje med dei andre statane dei kontrollerer i Vest-Europa, medrekna Norge (slik Brzezinski heilt korrekt slår fast i sjakkboka si). Men Ukraina har dei bygga opp til ein heilt spesiell type vasall, ein som kan vere i fronten i arbeidet for å svekke Russland og førebu regimeendring der. Så er spørsmålet – kva er det overordna motivet? Heilt frå 1871 var hovudfaren for England at det oppstod eit sameina og oppetterstrevande Tyskland og dei brukte alle middel for å hindre dette. Midla kjener vi godt. Det var økonomiske krigar og handelskrigar, intrigar og målretta destabiliserings-tiltak. Bismarck sjølv uttrykte det klart «Englands interesse er at Det tyske riket har eit dårleg tilhøve til Russland, vår interesse er at vi står oss så godt med dei, som omstenda gjer mogleg».

Meir enn hundre år seinare blei dette følgd opp av George Friedman, leiar av den amerikanske tenketanken Stratfor då ha gjorde det tydeleg at USA ikkje hadde noko forhold til Europa, dei hadde forhold til enkeltstatar. Så kom han til det viktige punktet: «Altså, den urgamle, urglobale interessa til USA, som vi har ført krigar for å fleire hundreår – den 1. og 2. verdskrigen og en kalde krigen – var tilhøvet mellom Tyskland og Russland. Viss dei finn saman er dei den einaste makta som kan truge oss, og derfor var det i vår interesse å sørge for at det ikkje skjedde.»^{vi} Ut frå dette må USA hindre at Tyskland og Russland finn saman, difor må dei få konfrontasjonen med Russland til å fortsette. Friedman samanlikna USA med Romerriket som ikkje sendte eigne soldatar utanfor grenseområda mot fiendane sine, men sette inn sine hjelparar der som tok dei krigane som måtte til. Dei imperia som sendte sine eigne soldatar ut i krigar i desse områda gjekk til grunne, til dømes Hitlers Tredje Rike. Difor måtte man gå fram med list. Og det gjorde USA. Gjennom fargerevolusjonar opna dei slusene for krigen. Heilt etter dreieboka slik ho var samanfatta i det offisielle amerikanske forsvarsdokumentet Tradoc 525-5 frå 1994. TRADOC United States Army si «Training and Doctrine Command» er ei av dei viktigaste retningslinjene for den amerikanske hærleiinga.

Ukraine: Rammbock gegen Russland



Her er tanken at ein i tida mellom 1990 og 2010 gjennom ein periode der USA sørga for uro og opprør, med krise, konflikt og krig skulle komme seg over til eit hundreår med delt forståing mellom verdas statar, gjennom informasjonsteknologi – og få ein ny periode med relativ fred, alt sjølvtsagt under leiing av USA. Dette er nett slik også Brzezinski legg det fram, men ifølge boka meiner han at dei har ein sjanse til å gjøre dette utan at det kjem til krig. Då skal vi hugse på at boka, som også er meint for allmenta, skjuler den mørke sida under USA si demokratiske og frie overflate som kjem fram i dei verkelege militære planane som er hemmelegstempla når dei kjem ut.

Når vi kjenner regelen uro, opprør, krise, konflikt og krig forstår vi meir av USA sin politikk etter den Kalde krigen. I Ukraina er det særleg tydeleg: Opprør (Maidan), krise (Sloviansk), konflikt (Krim) og endeleg krig, som først var avgrensa til Øst-Ukraina.

Dette er understreka av den såkalla Wolfowitz-doktrinen alt året etter at Sovjet-Unionen gjekk i oppløysing:


For å verne Washingtons unike status som einaste supermakt etter Sovjetunionens samanbrot, skrev Paul Wolfowitz, i 1992, det som er kjent som Wolfowitz-doktrinen. Denne doktrinen er grunnlaget for Washingtons utanrikspolitikk. Læra seier:

"Vårt første mål er å forhindre at ein en ny rival kjem att, anten på territoriet til det tidlegare Sovjetunionen eller andre stader, som utgjer en trussel av storleiken på det som Sovjetunionen tidlegare sto for. Dette er ei dominerande vurdering som ligg til grunn for den nye regionale forsvarsstrategien, og krev at vi forsøker å forhindre at ein kvar fiendtleg makt dominerer ein region som har nok ressursar under konsolidert kontroll som er tilstrekkeleg til å generere global makt.»

Dette blir følgd opp av nyare dokument.

Først kan vi sjå på «TRADOC 525-3-1: Win in a Complex World 2020-2040 frå 2014. Dette dokumentet har blitt kalla blåbok for den tredje verdskrig frå USAs hær. Den viktigaste trusselen mot USA sin sikkerheit blei i dette dokumentet karakterisert som Russland og Kina, så kom Nord-Korea og

Iran og først på tredje plass kom faren for terror. Ein skulle ikkje legge opp til direkte erobring av desse landa, men føre ein dobbeltstrategi med destabilisering og bygging av innflyting gjennom NGOar (Ikkje statlege humanitære organisasjonar). Vi ser her opplegg som kan forklare uroa i Hong Kong, forsøka på destabilisering av Russland (Navalny), Kasakhstan og Kvite-Russland (Svetlana Tikhanovskaja) og Xinjiang. Her er ei bilesamling frå dokumentet slik det er gjeve at av Effenberger.^{viii} Vi kan legge merke til biletet nedst til venstre der krigsområda er teikna opp.



Vi kan her sjå at det meste av dei svarte felta, som USA ville kontrollere, no er utanfor deira kontroll. Det er eit stort tilbakeslag for deira mål om verdsherrelde.

Så kan vi nemne Pentagons eigen tenketank [RAND Corporation](#) sitt strategi-dokument frå 2019 [Extending Russia – Competing from Advantageous Ground](#). Her er oversikt over Kap. 4 i dokumentet:

CHAPTER FOUR	
Geopolitical Measures	95
Measure 1: Provide Lethal Aid to Ukraine	96
Measure 2: Increase Support to the Syrian Rebels	103
Measure 3: Promote Regime Change in Belarus	109
Measure 4: Exploit Tensions in the South Caucasus	115
Measure 5: Reduce Russian Influence in Central Asia	121
Measure 6: Challenge Russian Presence in Moldova	130
Recommendations	135

Som vi ser er det det her lagt opp til å gi daudeleg hjelp til Ukraina. USA si rolle i Syria blir og avslørt og arbeidet for regimeendring i Kvite-Russland.

Men USA sin interesse for Ukraina går, etter at dei tok til seg teorien til Mackinder om «hjertelandet», mykje lengre tilbake enn dette. Frigjevne [CIA-dokument](#) viser til dømes at dei har jobba med ukrainske nasjonalistar heilt sidan 1946. MI6, Storbritannia si utanlands-etterretning, har det same. Noko av dette blir også tatt opp i [Oliver Stones film om Ukraina](#), som du gjerne kan sjå.

USA sin økonomiske stønad til Ukraina

Her kan vi også sjå på USA sin økonomiske støtte til Ukraina. Dei har brukte enorme pengesummar i Ukraina, og spesielt med løyvingar til og opprusting av det ukrainske militæret. I tida 1991-2014 brukte USA ifølge U.S. Congressional Research Service ca. [4-5 milliardar dollar](#) på militær-assistanse til Ukraina.

Sidan 2014 har USA brukta enda meir pengar i Ukraina – i perioden 2014-2021 brukte de [2,5 milliarder dollar](#), og med siste årets løyvingar på omlag 1 milliard dollar samt amerikansk UD:s vedtak i februar 2022 om ytterlegare 350 millioner dollar blir totalsummen sidan 2014 omlag 3,8 milliardar dollar. Oppå dette har Ukraina fått meir enn 1 milliard dollar frå NATO Trust Fund der mellom anna Italia er med. Dei store summane frå USA, NATO og fleire til Ukraina førte til at Ukrainas militærbudsjett gjekk frå 3 % av GDP i 2014 til 6 % i 2022, tilsvarende meir enn 11 milliardar dollar.

Til samanlikning har Russland eit budsjett på vel 60 milliardar dollar og USA på rundt 520 milliardar, og det skal opp til 800 milliardar i 2023. Kina sitt forsvarsbudsjett er på 145 milliardar.

Victoria Nuland, den gang visestatsminister, erkjente opent ved fleire høve dei store pengesummane til Ukraina, mellom anna dei [5 milliardane dollar](#), med grunngjevinga «...for å fremme demokrati». Her er ein 8 minuttars [pressebriefing](#) der ho, med mange fydord, fortel om USAs innsats for å «...bygge demokratiske ferdigheiter og institusjonar i Ukraina».

Oransjerevolusjonen og følgjene

Så skal vi sjå nærmare på Oransjerevolusjonen. Det som utløyste den såkalla «oransjerevolusjonen» var presidentvalet i Ukraina i 2004. På den eine sida hadde vi den Russlands-vennlege Victor Janukovski, på den andre sida Victor A. Justsjenko som var Vesten sitt val. Han hadde lovd at han skulle rive i stykker ein plan for eit euro-asiatisk økonomisk rom. Trass vestleg støtte vann ikkje Justsjenko fram. I andre valomgang vann Janukovski. Både tilhengarane av Justsjenko og OSSE hevda at det hadde skjedd valfusc og meir enn 100 000 personar strøynde til Maidan-plassen og protesterte. Protesten spreidde seg raskt til byane i vest. Etter at Janukovski sin valsiger var offisiell organiserte Justsjenko-fraksjonen generalstreik og sittande blokadar for å hindre regjeringa å komme i arbeid.

Avisa *The Guardian* sin korrespondent, Ian Traynors, som hadde jobba mange år i Russland, skreiv i 2014 at det blei utvikla ein metode i Jugoslavia for å styre Slobodan Milosevic som og blei brukt i «Roserevolusjonen» i Georgia.^{lix} I Ukraina var studentrørsla Pora engasjert – lik den serbiske regimeendringsrørsla Otpor som fekk den provestlege Vojislav Kostunica til makta. Den samsvarande rørsla i Georgi kalla seg Kmara, i Kvite-Russland Subr. I alle tilfelle vart desse rørslene opplært, finansiert og leia av profesjonelle «rådgjevarar» som det stod vestlege regjeringar, agentur og organisasjonar bak. Vi kan nemne Konrad Adenauers stifting, Utanriksdepartementet i USA og USAID i samarbeid med National Democratic Institute, International Republican Institute, organisasjonen Freedom House og George Soros' Open Society Institute.

I *Le Monde diplomatique* har også Ana Otašević skrive om dette i to artiklar. Den eine har overskrifta [Nøkkelferdige regimeendringar](#) og den andre [En prototype for oransjerevolusjon i Ukraina](#). Her viser ho korleis USA finansierer grupper som jobbar profesjonelt med regimeendringar, og slikt skjer berre der USA treng det. Dei to artiklane er særlig relevante i høve den 8 år lange krigen i Ukraina der Russland no har gripe direkte inn etter at USA har jobbe målmedvete i fleire år for å væpne regimet der til kamp mot aust.

Dei samordna aksjonane var i første omgang vellukka. Ved det neste valet i desember 2004 fekk dei Justsjeko innsett og i april 2005 skrev han og NATOs sekretær Jaap de Hoop Scheffer under på ein avtale om førebuing til å ta opp Ukraina i NATO. Det var ikkje lenger snakk om å halde fast på fyndordet om landet som var nøytralt. Ein av dei som hadde jobba for Oransjerevolusjonen, Oleksander Schnirkov som var medarbeidar i institutt for internasjonale saker i Kiev uttalt då «Denne samlinga hadde revolusjonær karakter ... For først gong har ein anerkjend (at) Ukraina vil og kan vere atlantisk».

Ein annan følgje av oransjerevolusjonen var at nazismen blei framelska att i Ukraina. Ein [artikkelfrå Le Monde diplomatique frå 2007](#) fortel om at den ukrainske nazismen og høgrenasjonalismen ble slept laus så tidleg som i 2007, etter den fargerevolusjonen i 2004 som var organisert av profesjonelle oppviglarar finansiert av USA og andre vestlege land. Etter dette har disse politiske retningane som har blitt oppmuntra av de ukrainske leiarane, stadig vokse i omfang og innflyting. Det har gjort Ukraina til det mest nazifiserte land i verden sidan Tyskland og Østerrike før 2. Verdskrig. Akkurat som den gong har inspirasjonen komme frå USA. USA var det stor føregangslandet i raseforsking. Ein bibliografi over emnet som blei utarbeidd før 1900 kunne vise til over 2000 titlar. Den store amerikanske rasist-ideologen Madison Grant, som fekk innført den rasistiske, amerikanske immigrasjonsloven som fungerte mellom 1924 og 1965, skreiv i 1916 boka *The great race*. Den blei omsett til tysk i 1925 og blei ein viktig inspirasjon for Hitler som skreiv til Grant og sa at han hylla boka som «min bibel». Kort etter gav han ut sitt eige hovudverk *Mein Kampf*. Dette er nøyne omhandla i 6. kapittel i *Gods of the Upper Air* som kom ut i 2019 og er omsett til svensk med tittelen *Den Övre Luftens Gudar* i 2022.

I Ukraina var det den amerikanskfinansiert regimeendringa i 2004 som opna slusene for den nye framveksten av nazismen i Ukraina som ble slept laus i 2007, nettopp den 9. mai, på denne frigjerdingsdag frå nazismen. Ei retning som var forbode då Ukraina var ein del av Sovjetunionen.

Men det var ikkje sikkert at det ukrainske folket ville dette. Tyngdepunktet for denne haldninga låg i den vestlege delen. Regjeringa batt seg til WTO (Verdas handelsorganisasjon) og dermed opna dei dørene for vestleg kapital som kunne tene pengar der – utan overgangsfrist eller særtiltak. Kredittar frå Det internasjonale pengefondet bringa alt i 2014 Ukraina i avhengigheit av vestleg kapital. Kredittvilkåra inneholdt privatisering av bustadar, stigning i skatt på folket og fjerning av alle sosiale stønadstiltak: den vanlege liberaløkonomiske sjokkterapi. Det vestlege draumeparet Jusjtsjenko og ministerpresidenten, Timotsjenko dreiv ein Russlands-fiendtleg kurs og reviderte dei russiske fordelane ved gaskjøp. Frå januar 2009 var nye gassleveransar kopla til verdsprisen. No måtte EU halde den nasjonalistiske og nyliberale regjeringa under armane.

Den nyliberale politikken var ei total ulukke og det prega valkampen som tok til i 2010. Victor Janukovski stilte til val på eit program om eit blokkfritt Ukraina og signaliserte dermed at han ville gå tilbake til politikken under Kutsjma som saman med gunstige kredittvilkår i 1990-åra – hadde ført til den lengste fasen med økonomisk oppsving i Ukraina. I 2010 fekk Ukraina den kreditten som Justsjenko og Timosjenko hadde forhandla fram. Eit sentralt vilkår var «reform» i trygdesystemet. Ein slik politikk ville har ført til massiv senking i trygder gjennom privatisering og inntrenging av

utanlandsk kapital. Dessutan dikterte Det internasjonale pengefondet at løner og pensjonar skulle frysast og at dei skulle senke støtta til drivstoff og varme. Den nye regjeringa under Mykola Asarov innstilte derfor på våren 2011 samarbeidet med pengefondet og ei tredje utbetaling av dei 15 milliard dollar med kredit blei ikkje betalt ut. Den einsidige bindinga til Vesten blei stadig meir lukka att då Vesten fekk vist det sanne andletet sitt. Ukraina begynte å stå fram som ein sjølvstendig stat.

I september 2010 fekk Ukraina ein 4-millionar dollars kredit frå Folkerepublikken Kina for å bygge infrastruktur. I juli følgde ein kredit på samla over 4,5 milliardar dollar til utvikling av Ukrainas jordbruk. Dessutan kunne dei få til ei massiv utviding av eksporten av jordbruksprodukt til Kina. I 2013 omfatta det eit eksportvolum på over 4,5 millionar tonn korn. I tillegg til dei økonomiske komponentane kom også nokre militære. Alt i 1999 hadde Kina kjøpt eit hangarskip frå Ukraina. Det hadde, etter overhaling, den første prøveturen sin i 2011. Dessutan var det kjøp av kampjetfly. Og gassturbinar til Kina sin mest moderne destroyarar blei importert frå Ukraina alt frå 1990.

På denne tida opna Ukraina seg også mot dei alliansefrie landa, frå Sør-Amerika til Kina. Chavez og Janukovski (i sitt første år i stillinga) avtalte at dei venezuelanske oljefelta skulle opnast for ukrainske investeringar. Dei blei og samde om at dei skulle sørge for at Kvite-Russland fekk olje i transitt via Ukraina og dei skulle få kunne kjøpt Antonov fly gjennom Venezuela. Ved statsvitjinga i India i desember 2012 bygde Ukraina ut dei økonomiske forholda sine med ei rekke avtalar. I fokus for interessa sto, slik som når det gald Kina, samarbeidet med rustningsforetaka øst i Ukraina.

I innlandspolitikken og i den økonomiske politikken satsa regjeringa under Janukovski på å styrke middelklassen og forbetre tilhøva for arbeidarane. Det var heilt motsett den nyliberale politikken til den førre regjeringa og deira einsidige tilknyting til EU og NATO. For Janukovski førte heller ikkje ein einsidig politikk i tilhøvet til aust og vest. I november 2013 underteikna han til dømes ein avtale med det amerikanske energi-konsernet Chevron om kjøp av skifergass. Fracking-metoden skulle utnyttast for at Ukraina skulle bli uavhengig av gass frå Russland innan 2020. Som vi ser er det her ikkje snakk om å legge seg inn under Russland, men å gjere det som tener folket i Ukraina best.

Tospannet Janukovski/Asarov favoriserte ei tilnærming til den Eurasiske Union der statane Armenia, Kvite-Russland, Kasakhstan og Russland var med i 2013. Frå EU kom det ein brysk beskjed om at dei ikkje ville kunne komme inn i EU om dei følgde dette sporet. Det var ikkje mange som forstod at denne kompromisslause haldninga kunne føre Ukraina i armane på Russland.

Så avslutta Janukovski 21. november alle prosessar som hadde med medlemskap i EU å gjere. Hovudgrunnen var at EU hadde kopla politikken sin til Det internasjonale pengefondet og i samband med det kravde dei ein massiv devaluering av pengevesenet i Ukraina saman med frysing av løner, pensjonar og sosialutgifter. Vidare såg EU for seg at Ukraina einsidig skulle knyte seg til EU-marknaden. Med den førebels stansen bad Janukovski om finansiell hjelp frå EU og IMF for å redde den svekka staten i Ukraina. Han fekk avslag og vende seg til Russland. Med ei erklæring at han ikkje ville gjere ein avtale med EU senka Russland prisen på råolje med ein tredel og sa at dei ville kjøpe 15 milliardar i ukrainske statspapir. Tre milliardar hadde komme til Ukraina før Janukovski blei styrt gjennom eit statskupp. Alle desse hendingane var heilt imot USA sine geopolitiske interesser. Eit alliansefritt Ukraina som fekk utvikle seg på eigne vilkår kunne dei sjølv sagt ikkje tolle, nett på same måte som andre land i verda som har prøvd dette utan at dei har hatt kraft til motstå aggressjonen frå USA.

Statskuppet i 2014


Etter at Janukovski hadde stansa arbeidet med medlemskap i EU vart det demonstrasjonar på Maidanplassen i Kiev frå forskjellige opposisjonsgrupper. Der blei dei møtte med en brutal

politiinnsats og fleire fekk sympati med dei. Frå vest i Ukraina reiste mange til Kiev for å delta i demonstrasjonane.

Like etter 21. november reiste Janukovski til Kina for å bringa vidare dei ukrainsk-kinesiske forretningane. Den 5. desember blei langsgiktige kontraktar underteikna angåande økonomi og politikk. Bygging av ei djuphavn nær byen Jevpatorija på Krim skulle finansierast med mange milliardar dollar. I tillegg kom investeringar og oppdrag for rundt 8 milliardar. Kreditten frå Folkerepublikken Kina til Ukraina frå 2009 til 2013 var til saman på rundt 16,5 milliardar US-dollar.

Det som hadde skjedd var at Ukraina var i ferd med å vike av frå USA/EU sine planar om å få landet inn under sitt herredømme. Regjeringa i Ukraina sikta seg inn på ei meir uavhengig stilling der dei hadde opna kanalar til både Vesten og Austen. Dette hadde vore den ideelle løysinga for å ta vare på freden i Europa.

Men demonstrasjonane på Maidan fortsette, vestlege politikarar sverma til Ukraina for å støtte og fremme uroa, nett etter oppskrifta frå Tradoc 525-5. Den tyske utanriksministeren fekk løyve av regjeringa i Kiev til å opptre på plassen. Det var som om den tyske regjeringa hadde gjeve den russiske utanriksministeren, Lavrov, løyve til å komme til Berlin og tale der for å styre ho. Den amerikanske «hauken» John MacCain talte og strålte på Euro-Maidan.



Ein strahlender John McCain auf dem Euro-maidan, nur wenige Wochen nach dem Putsch in der Ukraine

Den norske utenriksministeren, Børge Brende, var fleire gongar i Ukraina. Victoria Nuland frå det amerikanske utenriksdepartementet delte ut kakar til demonstrantane.

Men det fortsette ikkje med kakar. Maidan-rørsla vart i stadig større grad væpna og her spelte høgreorienterte og nazistiske grupper og Høgre Sektor ei stor rolle. I dei vestlege media vart dette bagatellisert eller avvist som russisk propaganda. Men den leiande EU-byråkraten Günther Verheugen^{lx} fann tydelege ord: «Heimesida til Svoboda er ein sann funnstad for «folkeleg» ideologi slik han tidlegare hadde vist seg i Nazi-Tyskland.^{lxii} Ho er gjennomsyra av jøde-hat og Polen-hat. Det er den reine nasjonalisme, svært overdriven nasjonalisme. Dei roper på atomvåpen for Ukraina.»^{lxiii} Det kan vere verd å lese heile intervjuet med han som du finn i ovannemnde note.

Nuland gjekk ikkje inn i historia fordi ho røpte at USA hadde gitt 5 milliardar i regimeendringsstønad, men på grunn av at ho uttalte «fuck EU» i ein samtale med USAs utsending Geoffrey Pyatt, som blei avlytta av dei russiske hemmeleg tenestene, der ho også sa at «Jaz is our man» Jazenjuk er vår mann. Angela Merkel hadde nemleg eit anna forslag, boksaren Vitali Klitschko som ministerpresident i Ukraina. Det blei Arsenij Jazenjuk. Han stifta i 2007 Open Ukraine Fundation som var finansiert av amerikanske, engelske og andre partnarar, mellom anna USAs Ukraine Fundation (USUF), utanriksdepartementet i USA, NATO, Chatham House, Swedbank, Black Sea Trust for Regional Cooperation, gjennom eit prosjekt av det tyske Marshall-fondet og National Endowment for

Democracy (NED), saman med den ukrainske Victor-Pinchuk-stiftinga.^{lxiii} Nulands verksemd i vekene før kuppet viste klart korleis USA leia førebuingane til regimeendringa i Ukraina.

Den 20. februar blei det opptrapping på Maidan med samanstøytar mellom væpne opprørarar, særleg frå Høgre Sektor og politiet. I ein dokumentasjon i ARD-magasinet Monitor frå 10. april vart det vist at det blei skote i ryggen på demonstrantar frå hotell Ukraina som var okkupert av opposisjonen. Kva som eigentleg skjedde der blei aldri oppklart. I stillinga som statsadvokat sette dei inn ein av leiarane i Svoboda.

Den 21./22. februar blei parlamentet okkupert under leiing av Høgre sektoren. Presidenten flykta for livet i retning Russland. Det vart gjennomført eit val for å avsette han, men det fekk ikkje det naudsynte tre fjerdedels fleirtal som grunnlova krev. Men grunnlova vart sett ut or spel og dei sette inn ein ny president, som planlagd. President Obama erklærte tilfreds at «Vi, USA, har formidla ein avtale til maktovergang». ^{lxiv} Maktovergang er sjølv sagt det vi kallar regimeskifte.

Krim og starten på Ukraina-krigen

Den russisktalande folkesetnaden i aust reagerte raskt då opprørsaktivistar overtok offentlege bygnader. Dei anerkjende ikkje det ulovlege regimeskiftet og det nye styret som til dels bestod av russarhatande høgrenasjonalistar. Den 16. mars 2014 gjennomførte dei ansvarlege på Krim ei folkeavstemming der det store fleirtalet stemte for ei tilslutning til Russland og Russland tok ei opp i seg. Mens politikarar og media i Vesten har, som eit bønnnehjul, stadig teke opp att at Krim blei folkeretsstridig «annektert» hadde Reinhard Merkel, professor emeritus i strafferett og rettsfilosofi ved Universitetet i Hamburg, ei anna oppfatning. Same kor oppkava vi er over det Russland har gjort kan vi ikkje ærleg tvile på at folkeavstemminga representerte viljen til det overveldigande fleirtalet av dei som budde der. Dermed har vi ikkje nokon annekasjon, for det føreset at det går føre seg ei valdeleg tileigning mot folkets vilje. Vi har snarare et åtskiljing. Det er ikkje tvil om at folkeavstemminga var forbode etter ukrainsk grunnlov,^{lxv} men var ikkje grunnloven gjennom eit fascistisk kupp og grunnlovsstridig avsetting av den rettmessige presidenten allereie for lenge sidan vorte sett ut or kraft?

Forhistoria her er slikt at Krustsjov i 1954 gav Krim til Sovjetrepublikken Ukraina som eit eksempel på det gode tilhøvet mellom Unionen og republikken. Sidan alt var innan Sovjet-Unionen spelte det liten rolle då. Men då Sovjet-Unionen gjekk mot oppløysing erklærte Krim seg kort tid før som ein autonom republikk innan den ukrainske sovjet-republikk. Kort etter blei Sovjet-Unionen oppløyst og Krim vart innlemma i Ukraina. I 1994 erklærte Russland i si Budapest-uttale at Ukrainas grenser skulle vere ukrenkelege i motyting mot at Ukraina gav det gamle Sovjet-Unionen sine atomvåpen i Ukraina frå seg. Men for Russland er Krim med hamna i Sevastopol eit geostrategisk nøkkelområde. Det er berre frå her at Russland kan operere marineoperasjonar i Middelhavet. I 1997 kom landa til ei forståing om å dele flåten mellom landa og at Russlands marine skulle få bli på Krim til 2017. I 2010 forlenga president Janukovski dette til 2042 mot å få billigare gass frå Russland.

Samarbeidet mellom den nye ukrainske regjeringa som USA hadde sett inn og USA sin militæransvarlege gjekk svært godt. I september 2013 hadde USA-marinen sin infrastrukturstab i sikte ei ombygging av ein stor skulebygnad i Sevastopol, like ved den russiske marinebasen. Eit dokument på om lag hundre sider inneholdt alle detaljar, frå tekniske til økonomiske og ned til den minste detalj. Prisen var mellom 250 000 og 500 000 dollar og den som tok oppdraget skulle utføre arbeidet på 330 dagar. Kva var dette for noko? Ville USA bygge opp starten på ein base der og starte ein strid med Russland om dette? Etter folkeavstemminga forsvann denne moglegheita. Ikkje rart at Vesten bestemte seg for å ikkje å definere det som skjedde som ei åtskiljing, men som ein annekasjon

og dermed kunne dei aktivisere eit varsel om krig, nemleg sanksjonar. Som Friedman hadde sagt: Vi vil ikkje øydeleggje den russiske føderasjonen, men berre såre han ved til dømes å tilføre han skade.»^{lxvi}

I mellomtida hadde det skjedd noko anna viktig på den geopolitiske fronten. Etter opplysinga av Sovjet-Unionen i 1991 gjekk USA inn ei rekke av dei tidlegare sovjetiske republikkane og oppretta nokre militærbasar der. Men i 2014 var dei ute av alle desse. Forsøket på regimeendring Kasakhstan var eit mislukka forsøk på å snu denne utviklinga, saman med forsøket på det same i Kvite-Russland. No var Ukraina den einaste staten att som USA kunne bruke for å destabilisere Russland. Det viste og kor svak USA si politiske og diplomatiske stilling hadde blitt i regionen. Men dei gav seg sjølv sagt ikkje.

I juli 2014 vart John F. Tefft, Amerikas representant i Moskva. Han hadde tidlegare fått seg eit namn i Ukraina, Georgia og Latvia som uroskapar og regime-endrar-ekspert. No skulle han vel gjere same jobben i Russland og vigle folk opp mot president Putin. Den 4. desember 2014 vedtok Kongressen i USA med overveldande fleirtal resolusjon 758: På slutten av eit langt synderegister til den Russiske føderasjonen som bestod av halvsannheiter og frekke løgner følgde 22 krav som tvinga Kongressen og presidenten til fiendtlege handlingar. Alt neste dag kalla Ron Paul, frå grunnfjellet i Kongressen og to gonger presidentkandidat for Demokratane, at resolusjonen var ei uaktsam krigserklæring mot Russland. Dokumenter var «16 sider krigspropaganda, som hadde fått sjølv neokons til å raudne av skam, viss dei var i stand til det». ^{lxvii} Presidenten fekk i oppdrag å sjekke innsatsberedskapen til dei eigne stridskreftene og til den andre NATO-statane og ta forpliktinga til kollektiv forsvar som ligg i bistandsklausulen alvorleg. I januar 2015 vedtok Europaunionen ein liknande resolusjon. Med det var EU med i USA sitt krigsteam, noko som ikkje var noko tema for hovudstraumsmedia. Denne uvanlege vasall-truskapen viser kor sterkt den transatlantiske lenka ligg om Europa.

Den såkalla «Krim-agresjonen» var nå eit velkomme påskott som dei kunne henge sanksjonar på; sjølv i 2020 tente denne som grunn for ein eksemellaus NATO-oppmarsj på Russlands grense mot avtaleane frå 1990. Vi kan heller ikkje sjå bort frå at regimeendringa i Kiev også hadde som mål at ein skulle komme i konfrontasjon med Russland. Under eit besøk i Russland den 10. mai 2015 for å minnast sigeren over Nazi-Tyskland snakka ikkje Angela Merkel om det, men om den «kriminelle og folkeretsstridige agresjonen»^{lxviii} – ikkje til Nazi-Tyskland, men til Russland.

Men den verkelege terroren var det Ukraina som stod for då den nyvalde presidenten Porosjenko i mai 2014 sett inn hæren mot borgarane i områda rundt Donets og Slavjansk under mottoet «Krig mot terror». Dei hadde som svar på Maidan-kuppet oppretta ein såkalla folkerepublikk i aust-Ukraina. IMF trykte på: Utan at regjeringa hadde herredømme over det økonomisk sterke utvikla aust-Ukraina ville dei ikkje få utbetalt pengar.

Då starta Ukraina-krigen, som no har vart i 8 år og i det siste har blitt utvida ved at Russland har gripe inn. 14 000 hadde blitt drepne før dette siste skjedde. Samstundes som denne krigen tok til i 2014 opptrappa dei vestlege statane, leia av regjeringar, dei hemmelege tenestene, mediekonserna, ein kamp om den offentlege meininga med målet om å skape ei massiv negativ stemning mot Russland. Dette begynte før og har nærmast eksplodert under den vestleg krigspropagandaen etter at Russland greip inn. Det er ikkje tvil om at Moskva også følgde sin interessepolitikk i Ukraina. Men var det Kreml som stod for kuppet i 2014? Kva for rolle spelte USA/NATO sine geopolitiske ambisjonar?

Den tidlegare CIA-offiseren, Raymond McGovern var i tretti år, fram til 1990, ansvarleg for dei daglege briefingane i Det kvite hus. Men på grunn av regjeringa sitt misbruk og manipulasjon av informasjon for å rettferdiggjere ein agresjonskrig mot Irak avslutta han engasjementet sitt i 2002.

Og så slutta han og fleire tidlegare CIA-medarbeidrarar seg i 2003 saman i Organisation Veteran Intelligence Professionals for Sanity (VIPS) for å levere alternative analyser av dei geopolitiske konfliktane. Den gongen, som no fanst det folk i regjeringa og i media, han nemner særleg New York Times, som nørte opp til krig.^{lxix}

McGovern meiner at Russland ikkje hadde planar om å ta inn att Krim i Russland før det vestleg sponsa statskuppet mot ei regjeringa i Kiev som var vald slik forfatninga bestemmer. Han hadde og forståing for at Russland, med sine 25 millionar daude i 2. verdskrig, meinte at sikkerheitsinteressene deira var rørt gjennom det som skjedde i Ukraina. Dessutan vekte det svært dårlege minner frå då den ukrainske nasjonalistleieren Stephan Bandera samarbeidde med nazistane under 2. verdskrig. I dag driv høgrenasjonalistiske kreftene sitt uvesen i Ukraina, mens dei svingar NS-faner. McGovern nemner folk rundt Svoboda og Asov-regimentet, ein tungt væpna høgrenasjonalistisk militærorganisasjon. Sjølv om FN reknar desse gruppene som høggreekstreme, får vi i Vesten ikkje vite så mykje om dette, for det passar ikkje inn i det svart-kvitt biletet som blir skapt av det gode Ukraina og det vonde Russland.

Då det før NATO-toppmøtet i Wales i begynninga av september 2014 då dukka opp satellitt-bilete frå USA som skulle vise russiske tropperørsler aust i Ukraina, skreiv McGovern eit ope brev til Angela Merkel der han advarte henne mot falske prov mot Russland. Sjølv om krigen fortsette forsvann dette mest heilt frå dei vestlege media og offentlegheita. Den 5. september 2014 var det oppnådd ein våpenstillstand formidla av OSSE kalla Minsk I. Men den vart broten. Så klarte regjeringssjefane i Tyskland, Russland og Frankrike med deltaking av dei stridande partane å komme fram til Minsk II avtalen den 12. februar 2015. Men USA var ikkje med på dette.

I skuggen av krisen kunne USA, EU og NATO sørge for at regjeringa i Kiev høyerte på Washington og Brüssel. Det var tospannet Porosjenko/Jazenjuk som styrte. Stort sett nemnde ikkje media at Porosjenko mellom anna eigde eit rustningskonsern, ein fjernsynssendar, eit sjokoladekonsern og at Jazenjuk opphavleg var bankier med fleire opphold i USA. Mot denne bakgrunnen var det ikkje rart at den amerikanske investmentbankieren og tidlegare tilsett i USA sitt utanriksdepartement, Natalja Jaresko, blei ny fiansminister den 2. desember 2014, at georgaren Alexander Kvitasjili, med erfaring frå privatiseringa av helsesektoren i Georgia, blei helseminister og at investmentbankieren Aivaras Abromavicius, frå Litauen, blei finansminister.

I 2015 kom den ettersøkte, tidlegare georgiske politikaren, Micheil Saakashvili, til Ukraina der han blei tilsett som guvernør i det russiskspråkelege Odessa og å hjelpe til med å beleire Transnistria og blokkere dei frå Svartehavet. Han blei seinare dømd in absentia i Georgia til seks års fengsel.

Oppfølging av kuppet

Den permanente påverknaden på Ukraina frå Vesten etter at Sovjet-Unionen blei oppløyst, som toppa seg med støtta til Maidan-kuppet, speler ikkje nokon rolle i vestlege media, korkje når det gjeld utviklinga i tid og årsaksforbindinga med hendingane eller sjølvbestemmingsretten til Krim-innbyggjarane. Tvert imot blir det i Vesten stadig gjenteke einsidige argument, mens motargument blir tidd i hel gjennom ein meiningsmanipulasjon og hjernevask som er typisk for særleg USAs og Englands psykologisk operasjonar (PSYOP). Dei nye NATO-medlemmene Estland, Lettland, Litauen og Polen spelte ei drivande rolle i NATO si opptrapping. Elitane der går ut frå at dei er trua av Russland og blir lett eit nytt verktøy som NATO bruker for å få basar og troppar tettare opp til russarane si grense. Noko som får den sida må virke svært trugande når dei kjenner USA sin overordna strategi om erobring av «hjertelandet» og oppretting av fullstendig verdsdominans.

Høsten 2015 gjennomførte USA for først gong sidan Irak-krigen i 2003 ein stor militærmanøver, Trident Juncture, som varte i tre veker med 36 000 soldatar frå alle medlemsstatar i NATO. I sentrum stod Innsatsgruppe NATO Response Force (NRF) i et multinasjonalt, strategisk, operativt og taktisk rom som skulle prove styrken til militæralliansen. Offisielt sto ikkje øvinga i nokon samanheng med spenninga mellom Vesten og Russland. Øvinga skulle vise NATO sine evner til å føre ein rask krig til lands, i vatnet og lufta. Og den tyske generalen Richard Rossmanith sa at bodskapen var at «Alle bør tenke godt etter korleis dei omgåast med oss.» Dei tyske forfattarane av Svarteboka meiner at USA/NATO med denne øvinga openbart hadde begynt å sette verda i ein varig verdsomspennande krigstilstand, og at tyskarane sto i giv akt.

Opptrappinga frå USA/NATO-sida fortsette umerkeleg. I januar 2015 fortalte NATOs forsvarsminister om kjernevåpenstrategien og berre 14 dagar seinare, for første gong sidan Den kalde krigen, heldt så NATOs kjernevåpen plangruppe eit møte som fastla kjernefysiske målpunkt. USA skaffa pengar og den 22. september fortalte *Frontal 21* at nye amerikanske atombomber var plassert på det tyske forsvarets flyplass Fliegerhorst Büchel i Rheinland Pfalz.

Nå skulle dei ikkje lenge unngå NATO-øvingar langt aust i Europa, nær Russland. Frå 7. til 17. juni 2016 gjekk det for seg ei stor øving nord i Polen, med er skremmelege namnet «Anakonda». Under den amerikanske borgarkrigen hadde nordstatsgeneral Sherman ført sin krig i sørstatane under dette slagordet. No samla «Anakonda» seg nord i Polen med over 31 000 soldatar frå Polen, Estland, Storbritannia, Canada, Litauen, Tsjekkia, Nederland, Ungarn og USA samt panserstyrkar frå Tyskland. Det blei øvd på forsvar mot angrep på eit land i Norden.

I 2016 hadde NATO begynt å forsterke seg nær den russiske grensa. Etter Krim blei det forlagd ein bataljon i Polen, i Litauen, Lettland og Estland. I Litauen overtok det tyske forsvaret leiinga i «forsterkinga av austflanken». For at det ikkje skal sjå ut som faste basar, skifter dei folk kva sjette månad. For Polen var det ikkje nok og dei bad om Trump å få ein panserdivisjon frå USA på den nybygga basen «Fort Trump». Polen ville betale to milliardar dollar for det. I Washington har dei ikkje gløymt kor entusiastisk Polen i januar 2017 hadde helsa velkommen bodskapen om at ein av dei amerikanske panserbrigadane på rundt 3500 amerikanske soldatar samt tilsvarande utrusting kom frå Colorado til slesisk Zagan i nord-Tyskland, berre ti mil frå grensa til Polen. Personalet der blir skifta ut kvar 9 månad. Som regjeringa i USA og organisasjonar som EU og NATO deler Polen si haldning til Russland, derfor fekk dei den bilaterale militær-handelen i hamn.

Her er ein [illustasjon av USA sin aggressive plassering av militære styrker](#) stadig nærmere grensa til Russland fram til og med 2017. Men det har fortsett etter det.

I 2018 øvde NATO i Polen og Baltikum på forsvar mot russiske stridskrefter i den årlege NATO-manøveren med det fredelege namnet Saber Strike (Sabelhogg). Der deltok rundt 18 000 soldatar frå 19 NATO-statar. Denne øvinga høyrer til ei rekke regelmessige øvingar i regionen. I tillegg har vi øvingane Noble Jump, Flaming Thunder, Iron Wolf. Midtpunktet for desse øvingane er regionen ved Kaliningrad. Denne russiske enklaven som grensar til Litauen er base for russiske rakettar av typen Iskander og knytt saman med Russlands allierte, Kvite-Russland, med ein korridor som berre er 10 mil brei, Suvalki-Korridoren. Etter det dei seier kan NATO berre halde Baltikum om denne korridoren er open, ifølge ein studie frå den amerikanske militære tenketanken RAND.^{lxix}

Men den svære NATO-øvinga Defender i 2020 ville NATO-strategane stille alt anna i skuggen. Det skulle vere den største øvinga på 25 år i Tyskland, Polen, Litauen, Lettland, Estland og Georgia for å øve på den hurtige overføringa av 37 000 soldatar frå Polen og inn i Baltikum. I sentrum for dette sto

Tyskland på grunn av den geografiske plasseringa. Forsvarsminister Annegret Kramp-Karrenbauer sa då at dei skulle vise «det spekteret av evner som vi har kan stille til disposisjon». ^{lxvi}

No blei denne øvinga avlyst på grunn av covid-19, men i 2021 blei ho tatt opp att og fortsett i 2022. Dette kan alle lese om ved å søke på nettet. Forsvaret i USA sitt faktaark for øvinga i 2021 er instruktivt. ^{lxvii} Ein reklamevideo viser kva dei øver på. ^{lxviii} Europe Reloaded fortel oss om øvinga i 2022 og her viser dei til at Polen seriøst vurderer å invadere den vestlege delen av Ukraina for å ta att territorium dei har mist tidlegare. ^{lxix} Så Polen har sine eigne ekspansive interesser som dei fremmar innanfor NATO. I Litauen finnast det også dei som ser på det gamle Stor-Litauen som noko å streve etter. På slutten av 1300-talet hadde nemleg Litauen utvida territoriet sitt slik at det etter erobrengja av Kvite-Russland og Ukraina gjekk frå Austersjøen til Svartehavet.

I mellomtida har USA, etter at Biden blei president, lagt opp til ei ny rekke med USA-basar langs grensa til Russland. Dei fire basane som Regjeringa i Norge skal ta stilling til ingår i denne aggressive manøveren. Det same gjer den store opprustinga og nye medlemskap i NATO, pluss at USA sin president, Biden, pressar på for å få Proxy-krigen sin i Ukraina til å vare så lenge som mogleg og spanderer ufattelege summar på dette, mens infrastrukturen i hans eige land forfall og ein stadig større del av folket fell ned i fattigdom og svelt og vasallane i Europa tar byrdene for å støtte USA sitt verdsherrelende mot sine eigen nasjonale interesser.

Her er ei synleggjering frå ein kar i Donets (frå 2017) av [Russland sine militærbasar rundt USA](#) dersom dei hadde skapt den same situasjonen for USA som USA har sett Russland i. Korleis hadde USA då reagert ut frå sine sikkerhetsinteresser? Teksten er på fransk, men han viser altså til tenkte russiske militære installasjonar nær USA.

Etter dette er det klart at USA har strevd etter å legge Ukraina inn under sitt verdsherredømme i lang tid for å svekke Russland og førebu eit regimeskifte også der. Før den siste utvidinga av Ukraina-krigen såg vi også arbeid for og forsök på regimeskifte både i Russland sjølv (Navalny) i Kvite-Russland og i Kasakhstan. Alle desse stadene var det mislukka. Då Zelenski så gjekk inn for ei rask innmelding i NATO og erklærte at han skulle ta att Krim og dertil samla store troppestyrkar aust i landet gjekk den store alarmen i Kreml. Då dei ukrainske styrkane så intensiverte den pågåande krigen med dei russisktalande i Donbass-området, var alle raude linjer for Russlands sikkerheit, trakka over.

Då lanserte han etter eigne ord, ein avgrensa militær operasjon inn i dei nyopprette Donbass-republikkane og vidare i Ukraina for å, som han erklærte, demilitarisere og denazifisere landet. Han var svært tydeleg på at det ikkje var snakk om nokon okkupasjon eller overtaking av styringa i Ukraina slik USA i røynda hadde gjort. For Russland er eit nøytralt Ukraina ope både mot aust og vest det beste. Men for USA, med sin politikk for verdsdominans, er ikkje dette aktuelt. Viss vi ser på heile Ukraina med sine store landområde med over 450 byar, er det ikkje store prosenten som har vore i nokon krigssone. Sjølv i Kiev var krigssona stort sett nordvest i forstadane der Russland på førehand hadde erklært at det var eit område med væpna nazistar. Byen Mariupol, som ligg Donets, var eit hovudkvarter for den nazistiske og høggreekstreme Azov-brigaden. Og noko liknande galtd dei ukrainske troppane som beleira dei nye republikkane i aust. I desse troppane var og prosenten av nazistar og ultrahøgre stor. Dette har vore dei område der det meste av krigshandlingane har gått føre seg. Og dei russisktalande i desse områda ser på det som ei frigjering frå angrepa til dei ukrainske troppane.

Men i dei vestlege media som skal forme den offentlege opinionen der etter USA sine geostrategisk mål, er det sjølv sagt at det måtte skapast ein annan historie for det som skjedde. Ein krig er alltid

grueleg og medfører lidinga og daud, det er ein måte å løyse konfliktar på som menneska må få slutt på. Men krigar skjer og då blir det skapt forskjellige historier om krigane. I dei delane av verda som er med på USA sine sanksjonar mot Russland (og rundt 40 andre land), og som har om lag 13 prosent av folka på kloden, er historia om utviklinga i verda og krigane der fortald ut frå behova til dei rikaste menneska og dei mest imperialistiske statane som også eig alle dei store media. Difor var det ikkje noko særleg oppstuss då USA dreiv sin stadfortredar-krig i Syria, med kanskje ein million drepne og rundt ti millionar flyktningar. Og det har ikkje vore noko oppstuss om ein halv million drepne i Jemen, svært mange av dei born. Dette skulle ikkje sette kjenslene våre i sving, for det passa ikkje USA. Så mykje oppstuss rundt Israel sine brutale åtak på Gaza har vi heller ikkje sett. Kort sagt, dei som får ros og støtte i «våre» massemedia er dei som gagnar USA sin kamp for verdsherrelde, mens media går til angrep på dei som yter motstand mot dette og vil utvikle sjølvstendige statar som kan ha fordelaktige kontaktar både aust og vest, nord og sør.

Det vi får høre og sjå i våre media om Ukraina viser nokre av dei lidingane som folk blir utsett for no, men det viste ikkje kva folk i Donets og Luhansk var utsett for i de 8 år lange krigen som gjekk for dette og ikkje noko om bakgrunn og årsaker til det som no skjer. Vi reagerer alle på desse lidingane. Men opp i medynken og raseriet mot den som har bestemt Russland sin innmarsj i Ukraina, må vi og bruke fornufta og finne bakgrunn og historiske samanhengar. Då må vi verkeleg ha i minne Machiavelli si erfaring: «Ikkje den som først grip til våpen er opphav til ulukka, men den som gjer det naudsynt». Og vi må skjønne erfaringa til Bob Marley som gjorde at han laga *Babylon system*.

Eg har vore initiativtakar til Antikrigs Initiativet i Norge. Utgangspunktet for det er at vi må finne andre løysingar enn krig på konfliktar i verda. Desse løysingane ligg i FN-pakta og dei fem prinsippa for fredeleg sameksistens mellom statar. Dei ligg ikkje i USA sin regelbestemte orden. Det er ein orden der USA herskar over verda og bestemmer kva reglar som skal følgjast. Dette gjennomsyrer alle dei historiene som vi får servert frå kjelder som er eigmund av dei superrike oligarkane i USA og USA sine såkalla «allierte» i NATO og EU som deira eigne fremste strategar ser på som «vasallar» (Brzezinski). Men sanninga er det ikkje. Det som har utløyst denne krigen og som held liv i han no er USA som bruker alle dei kan i kampen for sitt verdsherrelde. Som FN si generalforsamling gjorde, er det på sin plass å beklage djupt den russiske aggresjonen, og vi må arbeide for å få slutt på han så snart som mogeleg, men vi må også forstå han og kvifor han skjedde, og vi må ikkje slutte oss til USA sine geostrategiske mål med å ofre Ukraina for svekke og få til regimeendring i Russland.

For få heile biletet må du også vite korleis resten av verda organiserer seg mot USA sitt negative verdsherredømme. Det finn du noko om [her](#) og [her](#).

Terje Valen, mandag 23. mai 2022.

ⁱ Her har eg støtta meg mykje på Domenico Losurdo *Contre-historie du Liberalisme*, italiensk utgåve 2006, engelsk i 2011 og fransk i 2013 og 2014

ⁱⁱ Nemnde verk, side 700.

ⁱⁱⁱ Sjå Charles King *Den övre luftens gudar – Hur en grupp nytänkande antropologar förändrade vår syn på ras och kön*, 2022 på Daidalos forlag, side 146. Amerikansk utgåve 2019 med tittelen *Gods of the Upper Air: How a Circle of Renegade Anthropologists Reinvented Race, Sex and Gender in the Twentieth Century*.

^{iv} Same verk, side 131.

^v Same verk, side 119-120.

^{vi} For Brzezinski sjå også Justin Vaïsse *Zbigniew Brzezinski – Stratège de l'empire*, 2016, ein omfattande (og mest rosande) biografi på 420 sider. Her er og fleire bilete av Brzezinski med kjende personar frå heile verda, Kissinger, Lyndon Baines Johnson, Hubert Humphrey, president Carter, Menahem Begin (dei spelar sjakk saman) Deng Xiaoping, pave Jean-Paul II, Ronald Reagan, Georg H. W. Bush, Lech Walesa og Barak Obama (under eit møte i Situation Room i Det kvite hus der dei diskuterte situasjonen i Midt-Austen. Men den viktigaste personen i livet hans, som var den som fekk han fram i verda var David Rockefeller. Rockefeller skjønte at finansaristokratiet i USA her hadde ein utmerka talsperson. Elles er det eit bilet av at familien Brzezinske går delar av ruta til den kinesiske 8. rute armé sin lange marsj. I de heile var Brzezinski heile livet prega av ei svært fiendtleg haldning til Sovjet og Russland og ei mykje venlegare haldning til Kina. Det speglar instillinga til finansoligarkiet i USA fram til for ikkje så mange år siden, og kanskje litt enno.

^{vii} Opplysningane her er frå professor emeritus i nyare historie ved Universitetet i Freiburg, Wolfgang Reinhard si bok *Die Unterwerfung der Welt – Globalgeschichte der Europäischen Expansion 1415 – 2015*, 2016 – nytt utvida opplag 2018, fjerde opplag, side 505. Side 501 til side 545 handlar om britane si erobring av Nord-Amerika.

^{viii} https://en.wikipedia.org/wiki/Thomas_Jefferson

^{ix} Terje Tvedt *Det internasjonale gjennombruddet*, 2018, side 83-85.

^x David Horowitz *Free World Colossus*, 1964 – omsett til norsk i to bøker *Den kalde krigen*, 1964 og *USA og den tredje verden*, 1965. Horowitz har seinare blitt ein forsvarar for USA, men boka hans står seg ut frå kjeldene har hatt. Michael Clare, *War Without End – American Planning for the Next Vietnams*, 1970. Fleire bøker av Leon Blum der den grundigaste er *Killing Hope: U.S. Military and CIA Interventions Since World War II*, 1995 som er omsett til svensk med tittel *CIA & USA:a verklige utrikspolitik*, 1998. Her trekk Blum fram 54 aggressjonar frå USA i heile verda sidan 1945. Ei nyare bok er Vijay Prashad *Washington Bullets – A History of the CIA, Coups, And Assassinations*, 2020.

^{xi} Halford Mackinder *Democratic Ideals and Reality – A Study in the Politics of Reconstruction*, 1996, side xv.

^{xii} Sjå Michael Lüders *Die scheinheilige Supermacht – Warum wir aus dem Schatten der USA heraustreten müssen*, 2021, sidene 227-231.

^{xiii} Stephen Gill *American Hegemony and the Trilateral Comission*, Cambrigde 1992, side 1.

^{xiv} Sitert etter https://www.deutschlandfunk.de/re-feudalisierung-und-privatisierung-der-macht.724.de.html?dram:article_id99848 (sletta lenke)

^{xv} Uwe Krüger *Mainstream. Warum wir den Medien nicht mehr trauen*. München 2016, side 102.

^{xvi} Barack Obama *The Audacity of Hope – Thoughts on Reclaiming the American Dream*, 2006, side 369. Norsk utgave *Mot til å håpe – Tanker om å gjenerobre den amerikanske drømmen*, 2009, side 292 «Størst av alle (presidentane på den tida) fortonet kanskje Ronald Reagan seg.» Eg studerte nøye denne boka då ho kom ut under Obama sin først valkamp. Det var mange svært gode saker han reiste i boka som var glimrande og svært personleg skrive. Ei perfekt valkampbok som i ettertid har vist seg å vere ein av dei mest løgnaktige bøkene eg har lese.

^{xvii} Avklassifisert 22. april 2010.

^{xviii} Steve Coll *The Washington Post*, 19. juli 1992.

^{xix} Opplysningane om USA sin bruk av Mujhedin er i hovedsak tatt frå Wolfgang Effenberger *Geo-Imperialismus Die Zerstörung der Welt*, 2016, frå EIR nr. 16, 12. april, 1996, «Pan-Turks target China's Xinjiang», frå EIR 14. mars 1997, «'Uighur-Card' used to break up China», frå EIR 13. juli, 2009, Asia NEWS digest «Xinjiang Riots: British Destabilization of Asia, og EIR Ivestigative Team 18. april, 2014, «Xinjiang's Uhigur Jihadists and the Wahabi Empire of al Qaeda».

^{xx} Sjå https://www.hskf.de/fileadmin/HSFK/hskf_downloads/report0704.pdf En tysk studie av Paul Wolfowitz og hans politikk frå Hessische Stiftung – Friedens- og Konflikt-Forschung

Max Lenz/Erich Marcks *Das Bismarck-Jahr*, 1915

^{xxi} Pressemelding frå Kongressen, Republikanarane sin partikomite (RCP), U.S. Congress: «Clinton-Approved Iranian Arms Transfers Help Turn Bosnia into Militant Islamic base», Washington D.C.; sjå og *Washington Post*, 22. september 1996 og Shay: *Islamic Terror*, 2009, side 172, fotnote 22.

^{xxii} Effenberger viser til denne lenka www.newamericancentury.org/RebuildingAmericasDefenses.pdf (avklassifisert 15. november 2008) men ho finnast ikkje lenger så dokumentet kan du finne her <https://archive.org/details/RebuildingAmericasDefenses>. Historia til dokumentet og ei kritisk vurdering kan du lese her: <https://www.antiwar.com/orig/stockbauer1.html>

^{xxiii} Tony Judt i *Standard*-intervju: «USA trur at alle vil vere som dei.» 2. oktober 2002.

^{xxiv} President Bush den 24. juli på Camp Bondsteel, på

<http://www.whitehouse.gov/news/releases/2001/07/20010724-1.html> 23. juli 2008. Denne lenken fører heller ikke frem til rett sted, men du finner det her:

<https://edition.cnn.com/2001/WORLD/europe/07/24/bush.speech/index.html>

^{xxv} Effenberger/Wimmer: *Wiederkehr der Hasardöre*, 2014, side 548.

^{xxvi} National Security Presidential Directive and Homeland Security Presidential Directive, 9. januar 2009: <http://www.fas.org/irp/offdocs/nspd/nspd-66.htm>

^{xxvii} Melding frå Kommisjonen til Europaparlamentet og Rådet: Den Europeiske Union og Arktis, KOM (2008) 763 endelig, Brüssel, 20. november 2008, side 7.

^{xxviii} Effenberger: *Das amerikanische Jahrhundert*, del 2: *Wiederkehr des Geo-Imperialismus*, side 237.

^{xxix} Friederike Beck: «Wer finanziert den IS?», i *Kopp Online*, på info.kopp-verlag.de/hintergruende/geostrategie/friederike-beck/wer-finanziert-den-is.html (halde 23. april 2016.) Fant ikkje denne sida.

^{xxx} Zbigniew Brzezinski *Die einzige Weltmacht*, 2001, side 91. Dette er den tyske utgåva av *The Grand Chessboard*, 1997.

^{xxxi} Ei kort og presis samanfatning av utviklinga av propagandaen for nyliberalismen finn du i Keith Dixon *Les évangéliques du marché (Marknads-predikantane)*, 1998.

^{xxii} Edward Bernays *Propanda*, New York 2005, side 37. Sjå og Walter Ötsch og Silja Graupe *Der vergessene Lippmann – Politik, Propaganda und Macht*, der innleininga er ei god innføring i Lippmanns liv og virke.

^{xxiii} Sjå <https://robertmcchesney.org/about/>

^{xxiv} Michael Lüders *Die Scheiheilige Supermacht – Warum wir aus dem Schatten der USA heraustreten muss (Den skinnheilage supermakta – Kvifor vi må tre ut or skuggane til USA)*, 2021, sidene 81-82. Heile framstillinga her bygger mellom anna på denne boka.

^{xxv} Same bok. Sjå note 14 på side 280. Vgs. heise online, 8. februar 2009:

Ap-Chef beklagt den Druck des Militärs auf unabhängige Berichterstatter;

<https://www.heise.de/newsticker/meldung/USA-AP-Chef-beklagt-den-Druck-des-Militärs-auf-unabhängige-Berichterstatter-206637.html>.

^{xxvi} Samuel P. Huntington. «Why International Primacy Matters,» *International Security* (våren 1993), side 83.

^{xxvii} Brzezinski *The Grand Chessboard*, 1997, side 73.

^{xxviii} Same verk, side 79.

^{xxix} Same verk side 80.

^{xl} Sjølv om Wikipedia også er skjemma av den amerikanske media-systemet finn vi likevel her ein del saklege opplysningar og Azov og rørsla som ho spring ut av. Talet på medlemmer må vi nok ta med ein stor klype salt i ei tid der USA er svært opptatt av å få dette fenomenet til å sjå så uvesentleg ut som mogleg. At Azov forsvarte Mariupol etter det USA-leia kuppet i 2014 er vel også strengt tatt ei forskjønning av rolla deira her https://en.wikipedia.org/wiki/Azov_Battalion

^{xli} <https://www.eso.org/gen-fac/pubs/astclim/espas/maidanak/silkroad.html>

^{xlii} Brzezinski, 1997, side 185.

^{xliii} https://en.wikipedia.org/wiki/Kishore_Mahbubani

^{xliv} Viss du vil sette deg inn i noko av dette er bokserien *Reading China Series* som kom i 2021 med titlene *China in History and Reality*, *What Kind of Party is the CCP*, *What Era is China in*, *What Kind of Democracy is China's*

Democracy, What is the Chinese Dream, What is the Path of Socialism with Chinese Characteristics. Dessutan har vi tre bind med Xi Jinping sine talar frå 2012 til 2020. Dessutan er [Global Times](#) sentral.

^{xlv} Same verk, side 194.

^{xlvii} Same stad.

^{xlviii} <https://www.wrongkindofgreen.org/2012/09/10/avaaz-imperialist-pimps-of-militarism-protectors-of-the-oligarchy-trusted-facilitators-of-war/>

^{xlix} <https://www.wrongkindofgreen.org/2012/09/10/avaaz-imperialist-pimps-of-militarism-protectors-of-the-oligarchy-trusted-facilitators-of-war/>

^{lxix} <https://www.ukcolumn.org/article/smart-power-human-rights-industrial-complex>

^l <https://www.usaid.gov/>

^{li} <https://www.tvalen.no/2022/05/05/nokkelferdige-regimeendringer/>

^{lii} <https://www.tvalen.no/onewebmedia/hjemmeside/USA-imperialismen%20i%20Latin-Amerika%20fra%201901%20til%201934.pdf>

^{liii} <https://www.tvalen.no/2021/10/26/kampar-for-a-komme-ut-or-columbismen-sitt-famntak-haiti-som-eksempel/>

^{liv} I den engelske teksten står det clearinghouses. Derfor kan den verkelege definisjonen av dette omgrepene vere verd å sjå på: <https://www.investopedia.com/terms/c/clearinghouse.asp>

^{lv} <https://www.wrongkindofgreen.org/2012/09/24/imperialist-pimps-of-militarism-protectors-of-the-oligarchy-trusted-facilitators-of-war-part-ii-section-i/>

^{lvii} Sjå den ufullstendige engelske wikipedia-artikkelen https://en.wikipedia.org/wiki/Hermann_M%C3%BCckler og den tyske https://de.wikipedia.org/wiki/Hermann_M%C3%BCckler

^{lviii} www.youtube.com/watch?v=gcj8xN»UDc, spelt klokka 0.30-1.50 den 12. februar 2020.

^{lvii} Wolfgang Effenberger *Schwarzbuch EU & NATO*, side 360.

^{lxix} Sjå *The Guardian* frå 26. november 2004.

^{lx} https://en.wikipedia.org/wiki/G%C3%BCnter_Verheugen

^{lxii} Völkisch etter Stor tysk-norsk ordbok, 2. utgave, 2011. Sjå også wikipedia som er relativt presis her https://en.wikipedia.org/wiki/V%C3%B6lkisch_movement

^{lxiii} www.deutschlandfunk.de/verhaeltnis-eu-russland-gefar-einer-spiralr-nach-unten.694.de.html?dram:article_id=280378

^{lxviii} https://www.yahoo.com/news/victor-pinchuk-mueller-investigating-ukrainian-082809214.html?guccounter=1&guce_referrer=aHR0cHM6Ly9kdWNrZHVja2dvLmNvbS8&guce_referrer_sig=AQAAFvGr7xJVLbj3-kHXn_ie_NFI0vCAB77rDYrEOlvFw-DQXw0_M0dyXi-cB6kD8uAyFAE1WaFyRfOBAbcIENxoKm2jyysncSJZ-LYTISLjc4c-9AxfKvPlywwvZHngOc0z-UYz0ml-go7ICCiBQEhbwXJYAUcsN5s96hDCG3NW

^{lxiv} Sitat <http://cnnpressroom.blogs.cnn.com/2015/02/01/pres-obama-on-fareed-zakaria-gps-cnn-exclusive/> frå 9. november 2019. Et langt og interessant intervju som Zakaria gjorde med Obama i India.

^{lxv} Sjå www.infosperber.ch/FreiheitRecht/Russland-hat-die-Krim-nicht-annektiert

^{lxvi} Sjå Wolfgang Effenberger og Willy Wimmer *Wiederkehr der Hasardeure*, 2014, side 450. I tilvisninga frå boka *Schwarzbuch EU & NATO* står det at boka kom ut i 2016. Då var det ei anna bok av Effenberger som kom ut, nemleg *Geo-Imperialismus*, men den er på berre 368 sider, så eg går ut frå at årstalet i tilvisninga er feil.

^{lxvii} Sjå Sandra Tjøng: Republikanaren Ron Paul klagar på at: «Kongressen i USA erklærer Russland krig». *Focus* av 9. desember 2014.

^{lxviii} Sjå www.youtube.com/watch?v=CY7b23L_NME frå tida 10.50.

^{lxix} Sjå https://de.wikipedia.org/wiki/Ray_McGovern. Uttalt 2. september 2020.

^{lx} Sjå *Der Spiegel* frå 3. juni 2018.

^{lxii} Sitert etter Deutschlandfunk av 24. mars 2020,

^{lxii}

<https://www.europeafrica.army.mil/Portals/19/documents/Fact%20Sheets/DE21%20FactSheet20210408.pdf?ver=MSNGt2ZEXgeLoMkAtPSqQ%3d%3d>

^{lxiii} https://d34w7g4gy10iej.cloudfront.net/video/2106/DOD_108412966/DOD_108412966-1024x576-1769k.mp4

^{lxiv} <https://www.europereloaded.com/tag/defender-europe-2022-de22/>